# Økonomiplan for 2025 — 2028
## Øystre Slidre kommune

*Foto: Jørgen Trandokken*

Vedteke av kommunestyret i sak KS˚82˚24

https://pub.framsikt.net/2025/oystre˚slidre/bm˚2025˚okonomiplan2025

# Innhald

Forord frå kommunedirektøren ..... 4
10 på topp hovudprioriteringar ..... 5
Verbalvedtak ..... 6
Budsjettvedtak ..... 7
Løyvingsoversikt drift etter § 5˚4 første ledd ..... 7
Løyvingsoversikt drift etter § 5˚4 andre ledd ..... 8
Løyvingsoversikt investering etter § 5˚5 første ledd ..... 9
Løyvingsoversikt investering etter § 5˚5 andre ledd ..... 10
Økonomisk oversikt drift etter § 5˚6 ..... 13
Plangrunnlaget ..... 14
Hovudmål for kommunen ..... 14
Kommunen sine langsiktige økonomiske handlingsreglar ..... 14
Utvikling i befolkning ..... 15
Befolkningsutvikling per årsak ..... 15
Demografi ..... 15
Investeringar i økonomiplanen ..... 17
VA˚investeringar ..... 17
Kommunale bygg og uteområde ..... 20
Kommunale vegar mv ..... 23
Andre investeringar ..... 24
Finansiering beskriving ..... 25
Forutsetningar som er lagt til grunn i driftsbudsjettet ..... 26
Økonomiske utfordringar i planperioden ..... 29
Nye styrkingstiltak og tiltak for å balansere budsjettet ..... 29
Økonomisk utvikling i planperioden ..... 30
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter ..... 30
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter ..... 31
Netto lånegjeld i % av sum driftsinntekter ..... 33
Kommunen sine tenesteområde ..... 34
Kommunedirektør ˚ fellesområde ..... 34
Driftsbudsjett ..... 34
Samandrag budsjett ..... 34

Innsparingstiltak ..... 36
Utfordringar og strategi ..... 37
Måltabell ..... 40
Kostra˚analyse ..... 40
Opplæring og kultur ..... 41
Driftsbudsjett ..... 41
Samandrag budsjett ..... 41
Innsparingstiltak ..... 42
Nye tiltak ..... 44
Utfordringar og strategi ..... 45
Måltabell ..... 47
Kostra˚analyse ..... 49
Helse og omsorg ..... 52
Driftsbudsjett ..... 52
Samandrag budsjett ..... 52
Innsparingstiltak ..... 53
Utfordringar og strategi ..... 55
Måltabell ..... 59
Kostra˚analyse ..... 60
Tekniske tenester ..... 64
Driftsbudsjett ..... 64
Samandrag budsjett ..... 64
Innsparingstiltak ..... 66
Utfordringar og strategi ..... 67
Måltabell ..... 71
Kostra˚analyse ..... 72
Vedlegg ..... 75
Vedlegg 1 Næringsmessig bruk av eigedomsskatt ..... 75
Gebyrliste ..... 79
Opplæring og kultur ..... 79
Kommunedirektør, stab, fellestenester ..... 81
Helse og omsorg ..... 82
Tekniske tenester ..... 86

# Forord frå kommunedirektøren

Den økonomiske situasjonen for kommunen er krevjande. Vi dreg med oss ein ubalanse i drifta på 15,8 mill. frå budsjett 2024.

Utgiftene til kommunen dei siste åra har vore aukande, bl.a. ved sterk lønsvekst som følgje av fleire tilsette, og auka kapitalkostnader etter investeringar. Auken i overføringane frå staten dekker ikkje dei auka kostnadene. Kommunestyret har lagt vekt på å sikre ein god og føreseieleg økonomisk ramme for tenestene i kommunen, og valde å ikkje kutte vesentleg i tenestene. Kommunestyret vedtok i fjor å auke eigedomsskatten frå 3 til 4 promille og med det auke inntektene, og for øvrig bruke oppsparde midlar (fond) for å dekke dei auka kostnadene. Bruken av oppsparte midlar i økonomiplanperioden tærer sterkt på reservane til kommunen.

Med bakgrunn i dette er investeringsplanen for "generaløkonomien" i økonomiplanen for 2025˚2028 halde på eit lågt nivå og gjev reduserte kapitalutgifter for denne delen av verksemda. Det er planlagt store investeringar på sjølvkostområda vatn og avløp, noko som inneber at sjølvkostområda har aukande kapitalkostnader framover. I og med at sjølvkostområda skal vera 100% finansiert av gebyr over tid, er desse områda saldert i null i budsjettet mot gebyrinntekter og eigne bundne sjølvkostfond.

Underdekninga etter dette var 13,1 mill. for 2025, og for påfølgande år 10,65 mill., 5,5 mill. og 5,9 mill.

Av omsyn til den økonomiske situasjonen har det vore streng prioritering og innsparingar ved avslutninga av økonomiplanen for 2025˚2028.

Det er prioritert følgande styrking:

- 150` til utstyr i barnehagane i 2025.
- 100` til velferdsteknologik knutepunkt i 2026.
- 136` til digitale tavler i skulane i 2025.

Økonomiplanen er balansert ved:

- Enkelte innsparingstiltak i tenestene. Vi viser til omtale under tenesteområda.
- Auke i eigedomsskatt frå og med 2028 etter omtaksering i 2027.
- Å belaste byggelånsrenter for utbyggingsavtale˚finansierte prosjekt på investeringsprosjektet, og slik legge opp til at desse blir dekka av utbyggingstilskot framover.
- Bruke av disposisjonsfond dei fyrste to åra, med 6,8 mill. og 3,4 mill. Dei to siste åra føre tilbake til fondet 2,4 mill. og 7,4 mill.

Kommunedirektøren viser til viktige prioritering i 10 på topp, m.a. arbeidet for å redusere sjukefråværet i kommunene og oppfølging av plan for styrka rekruttering.

19.12.2024

Jostein Aanestad

Kommunedirektør

# 10 på topp hovudprioriteringar

Økonomiplanen utgjer handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel. I arbeidet med å nå visjonen om at fleire skal få oppleve rein naturglede vil kommunestyret leggje følgjande konkrete mål til grunn, jf. samfunnsdelen av kommuneplanen:

1. Innbyggartalet skal haldast på dagens nivå og minst auke med 1% i året i gjennomsnitt.
2. Tal deltidsinnbyggarar skal auke med minst 1 % i året.
3. Tal gjestedøgn skal doblast innan 2035.

Dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i planperioden er følgjande:

- Vi skal vera ein attraktiv arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, og skal redusere sjukefråværet med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023.
- Vi skal gjennomføre tiltaka i plan for rekruttering.
- Vi skal i planperioden gjennomføre tiltaka i oppvekstplanen som gir barn og unge ein trygg og god oppvekst i kommunen.
- Vi vil innan 2026 greie ut verknadene av mogleg endra skolestruktur, med vekt på verknad for læringsmiljø, læring og lokalsamfunn. Vi skal sikre brei medverknad frå FAU, tilsette m.fl. i arbeidet.
- Vi skal i løpet av 2025 revidere arealdelen av kommuneplanen og i den samanhengen ta i bruk arealrekneskap som metode i arealforvaltninga.
- Vi skal i løpet av 2026 gjere ferdig friområdet Furustrand som sentral møtestad, aktivitets˚ og friluftsområde for alle, uavhengig av funksjonsnivå.
- Vi skal i løpet av 2026 vedta ein strategi for areala og bygningane på Løken gard og bidra til høg aktivitet ved nasjonalt senter for fjellandbruk.
- Vi skal aktivt ønske velkomen nye arbeidsplassar og ta positivt i mot nye initiativ, der vi ser moglegheiter og ikkje begrensingar. Vi skal heie på alle eksisterande arbeidsplassar og bidra med legge til rette og sjå moglegheiter.
- Vi skal invitere til Rein naturglede gjennom m.a. å:

    1. vera det best tilrettelagde reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå
    2. sikre finansiering av fellesgode som stiar og løyper mv. gjennom selskapet Beitostølen Fellesgoder AS.

- Vi skal i lag med idrettslaget, stadionselskapet og Beitostølen Fellesgoder AS i løpet av 2024/2025 lage ein plan for utvikling og drift av sti˚ og løypenettet på Beitostølen og ein plan for Beitostølen stadion som gjev auka bruken av stadionområdet gjennom heile året.

Utviklingsområda er ei oppfølging av samfunnsdelen av kommuneplanen, og vil verte prioritert av formannskapet, administrasjonen og for bruken av utviklingsmidlar i planperioden. Kommunestyret vil bli orientert om arbeidet knytt til desse 10 høgast prioriterte områda i tertialrapportane.

# Verbalvedtak

**Vedteke i kommunestyret i sak 82/24:**

1. Kommunestyret vedtek økonomiplan 2025˚2028 med årsbudsjett for 2025 i samsvar med spesifikasjonane i vedlagd dokument, «Løyvingsoversikt drift etter § 5˚4 første ledd", «Løyvingsoversikt drift etter § 5˚4 andre ledd", "Økonomisk oversikt drift etter § 5˚6", "Løyvingsoversikt investering etter § 5˚5 første ledd", "Løyvingsoversikt investering etter § 5˚5 andre ledd", og med dei endringane som ligg i økonomiplannotat nr. 6 og dei endringane som vart vedteke i møtet.

2. Gebyr og betalingssatsar i samsvar med «Gebyrliste", og med dei endringane som vart vedteke i møtet.

3. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter høgast lovlege satsar.

4. Kommunestyret vedtek med heimel i §§ 2 og 3 bokstav a) i eigedomsskattelova å i 2025 vidareføre utskriving av eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen. Den generelle skattesats skal vera 7 promille av takstverdien. For bustader og fritidsbustader skal skattesatsen vera 4 promille, jf. eigedomsskattelova § 12 bokstav a.

5. Eigedomar som har fått fritak for eigedomsskatt i 2024 får tilsvarande fritak for 2025.

6. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen rammer og retningsliner vedteke av sakkunnig takstnemnd 21.2.2018 (jf. eigedomsskattelova § 10).

7. Eigedomsskatten blir skrive ut i fire terminar, jf. eigedomsskattelova § 25, 1. ledd. Terminane er 10.2., 10.5., 10.8. og 10.11. Kommunale avgifter blir skrive ut i tilsvarande terminar.

8. I samsvar med behov for lånefinansiering får kommunedirektøren fullmakt til å godkjenne lånevilkår til investeringar i 2025 med kr 2.000.000 frå Husbanken til vidareutlån, og kr 64.416.000, med fråtrekk av ubrukte lånemiddel per 1.1.2025 ( jf. kommunens finans˚ og gjeldsreglement), til andre investeringar i 2025.

9. Kommunen skal ha 100% kostnadsdekning gjennom gebyr på sjølvkostområda vatn, avløp, slam, renovasjon, feiing, oppmåling/ eigarseksjonering, spreidd avløp, bygge˚/delesak og private planforslag.

# Budsjettvedtak

## Løyvingsoversikt drift etter § 5˚4 første ledd

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. budsjett 2024 | Rev. budsjett 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 | Øk.plan 2028 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | ˚121 273 | ˚134 894 | ˚134 894 | ˚142 932 | ˚144 787 | ˚144 587 | ˚144 587 |
| Inntekt˚ og formuesskatt | ˚119 595 | ˚124 098 | ˚124 098 | ˚134 168 | ˚131 913 | ˚131 913 | ˚131 913 |
| Eigedomsskatt | ˚24 961 | ˚32 340 | ˚32 340 | ˚32 040 | ˚32 040 | ˚31 240 | ˚41 040 |
| Andre generelle driftsinntekter | ˚6 270 | ˚8 386 | ˚8 386 | ˚7 738 | ˚7 738 | ˚7 738 | ˚7 738 |
| **Sum generelle driftsinntekter** | **˚272 098** | **˚299 718** | **˚299 718** | **˚316 878** | **˚316 478** | **˚315 478** | **˚325 278** |
| **Korrigert sum løyvingar drift, netto** | **245 307** | **267 321** | **274 001** | **274 057** | **265 181** | **243 099** | **238 462** |
| Avskrivingar | 28 811 | 30 000 | 30 000 | 32 115 | 35 010 | 39 240 | 45 600 |
| **Sum netto driftsutgifter** | **274 118** | **297 321** | **304 001** | **306 172** | **300 191** | **282 339** | **284 062** |
| **Brutto driftsresultat** | **2 020** | **˚2 397** | **4 283** | **˚10 706** | **˚16 287** | **˚33 139** | **˚41 216** |
| Renteinntekter | ˚7 955 | ˚4 420 | ˚7 773 | ˚6 890 | ˚6 190 | ˚6 320 | ˚6 420 |
| Utbytte | ˚5 364 | ˚3 605 | ˚3 605 | ˚3 155 | ˚3 155 | ˚3 155 | ˚3 155 |
| Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Renteutgifter | 18 955 | 26 250 | 26 466 | 24 367 | 21 328 | 23 550 | 30 002 |
| Avdrag på lån | 19 700 | 22 000 | 22 177 | 25 190 | 30 290 | 33 040 | 37 956 |
| **Netto finansutgifter** | **25 337** | **40 225** | **37 265** | **39 512** | **42 273** | **47 115** | **58 383** |
| Motpost avskrivingar | ˚28 811 | ˚30 000 | ˚30 000 | ˚32 115 | ˚35 010 | ˚39 240 | ˚45 600 |
| **Netto driftsresultat** | **˚1 455** | **7 828** | **11 548** | **˚3 309** | **˚9 024** | **˚25 264** | **˚28 433** |
| **Disponering eller dekning av netto driftsresultat** | | | | | | | |
| Overføring til investering | 1 431 | 3 220 | 3 570 | 6 450 | 7 500 | 7 000 | 6 600 |
| Avsettingar til bundne driftsfond | 7 168 | 5 240 | 5 240 | 23 875 | 32 803 | 52 024 | 56 357 |
| Bruk av bundne driftsfond | ˚9 820 | ˚5 413 | ˚5 413 | ˚24 456 | ˚29 286 | ˚39 107 | ˚49 931 |
| Avsettingar til disposisjonsfond | 22 510 | 2 356 | 2 156 | 19 606 | 16 932 | 19 736 | 29 395 |
| Bruk av disposisjonsfond | ˚19 834 | ˚13 231 | ˚17 101 | ˚22 166 | ˚18 925 | ˚14 389 | ˚13 989 |
| Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat** | **1 455** | **˚7 828** | **˚11 548** | **3 309** | **9 024** | **25 264** | **28 433** |
| **Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

## Løyvingsoversikt drift etter § 5˚4 andre ledd

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. budsjett 2024 | Rev. budsjett 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 | Øk.plan 2028 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Politisk leiing og kontrollorgan | 2 943 | 2 885 | 3 175 | 3 059 | 3 059 | 3 039 | 2 979 |
| Kommunedirektør felles | 2 973 | 9 631 | 4 114 | 8 502 | 8 452 | 8 502 | 8 452 |
| Stab | 16 236 | 18 813 | 19 112 | 18 531 | 17 965 | 17 850 | 17 850 |
| Felles opplæring og kultur | 8 574 | 7 932 | 7 949 | 6 867 | 6 646 | 6 646 | 6 646 |
| ØSUS | 13 003 | 13 884 | 14 375 | 15 720 | 15 695 | 15 495 | 15 495 |
| Rogne skule | 20 342 | 16 997 | 17 525 | 17 827 | 17 482 | 17 482 | 17 482 |
| Lidar skule | 15 188 | 15 363 | 15 932 | 16 989 | 16 944 | 16 944 | 16 944 |
| IIB Tingvang barnehage | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Rogne barnehage | 14 085 | 13 833 | 14 230 | 14 880 | 14 775 | 14 775 | 14 775 |
| Beito barnehage | 8 008 | 7 562 | 7 793 | 7 536 | 7 041 | 6 591 | 6 591 |
| Private barnehagar | 6 248 | 5 200 | 5 200 | 6 324 | 6 324 | 6 324 | 6 324 |
| Kulturavdelinga | 9 967 | 9 697 | 9 842 | 9 994 | 9 787 | 9 787 | 9 787 |
| Integreringstenesta | 0 | 0 | ˚150 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Felles helse og omsorg | 20 561 | 23 912 | 24 036 | 22 780 | 22 941 | 23 441 | 23 441 |
| Helse og tilrettelagde tenester | 38 886 | 36 119 | 40 279 | 39 858 | 39 808 | 39 258 | 39 258 |
| Førebygging og meistring | 37 440 | 36 850 | 37 573 | 39 523 | 39 293 | 39 193 | 39 193 |
| Institusjonstenester | 34 718 | 32 881 | 33 491 | 36 449 | 36 449 | 36 449 | 36 449 |
| IIB Tilrettelagte tenester | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Felles tekniske tenester | 0 | 114 | 114 | 118 | 118 | 118 | 118 |
| Teknisk drift | 38 999 | 37 839 | 37 546 | 39 660 | 39 350 | 38 840 | 38 647 |
| Næring plan og byggesak | 9 888 | 12 656 | 12 933 | 11 975 | 11 842 | 11 175 | 11 175 |
| Kraftforvaltning | ˚11 610 | ˚7 822 | ˚7 822 | ˚11 021 | ˚11 021 | ˚11 021 | ˚11 021 |
| Ramme og skatt | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Renter og avdrag | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Pensjon mv. felles | ˚23 140 | ˚8 879 | ˚8 879 | ˚13 109 | ˚13 109 | ˚13 109 | ˚13 109 |
| **Sum løyvingar drift, netto** | **263 309** | **285 466** | **288 366** | **292 461** | **289 839** | **287 777** | **287 474** |
| | | | | | | | |
| Av dette: | | | | | | | |
| Netto renteutgifter og ˚inntekter | ˚60 | ˚55 | ˚55 | ˚55 | ˚55 | ˚55 | ˚55 |
| Avsetninger til bundne driftsfond | 2 715 | ˚34 | ˚34 | 18 601 | 27 529 | 46 750 | 51 083 |
| Bruk av bundne driftsfond | 8 015 | ˚913 | ˚913 | ˚1 262 | ˚1 262 | ˚863 | ˚863 |
| Avsetninger til disposisjonsfond | 8 172 | 4 156 | 3 956 | 1 120 | ˚1 554 | ˚1 154 | ˚1 154 |
| Bruk av disposisjonsfond | ˚841 | 14 991 | 11 411 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Korrigert sum løyvingar drift, netto** | **245 307** | **267 321** | **274 001** | **274 057** | **265 181** | **243 099** | **238 462** |

## Løyvingsoversikt investering etter § 5˚5 første ledd

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. budsjett 2024 | Rev. budsjett 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 | Øk.plan 2028 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Investeringar i varige driftsmidlar | 60 723 | 121 801 | 61 724 | 84 430 | 158 650 | 239 600 | 138 250 |
| Tilskot til andre sine investeringar | 97 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 786 | 800 | 840 | 900 | 900 | 900 | 900 |
| Utlån av eigne midlar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum investeringsutgifter** | **61 606** | **122 601** | **62 564** | **85 330** | **159 550** | **240 500** | **139 150** |
| | | | | | | | |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | ˚3 103 | ˚5 837 | ˚4 454 | ˚6 494 | ˚2 050 | ˚4 080 | ˚5 540 |
| Tilskot frå andre | ˚1 422 | ˚6 244 | ˚2 944 | ˚1 970 | ˚2 400 | ˚32 800 | ˚400 |
| Sal av varige driftmiddel | ˚1 227 | ˚2 000 | ˚2 000 | ˚1 000 | ˚1 000 | ˚1 000 | ˚1 000 |
| Sal av finansielle anleggsmiddel | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Utdeling frå selskap | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottatte avdrag på utlån av eigne middel | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | ˚53 540 | ˚105 300 | ˚50 482 | ˚64 416 | ˚145 610 | ˚195 620 | ˚125 610 |
| **Sum investeringsinntekter** | **˚59 291** | **˚119 381** | **˚59 881** | **˚73 880** | **˚151 060** | **˚233 500** | **˚132 550** |
| | | | | | | | |
| Vidareutlån | 0 | 5 000 | 5 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| Bruk av lån til vidareutlån | 0 | ˚5 000 | ˚5 000 | ˚2 000 | ˚2 000 | ˚2 000 | ˚2 000 |
| Avdrag på lån til vidareutlån | 80 | 200 | 200 | 200 | 200 | 200 | 200 |
| Mottatte avdrag på vidareutlån | ˚92 | ˚200 | ˚200 | ˚200 | ˚200 | ˚200 | ˚200 |
| **Netto utgifter vidareutlån** | **˚12** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| | | | | | | | |
| Overføring frå drift | ˚1 431 | ˚3 220 | ˚3 570 | ˚6 450 | ˚7 500 | ˚7 000 | ˚6 600 |
| Avsettingar til bundne investeringsfond | 16 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 | ˚5 000 | ˚990 | 0 | 0 |
| Avsetningar til ubunde investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubunde investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Dekning av tidlegare års udekka beløp | 0 | 0 | 887 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum overføring frå drift og netto avsettingar** | **˚1 415** | **˚3 220** | **˚2 683** | **˚11 450** | **˚8 490** | **˚7 000** | **˚6 600** |
| | | | | | | | |
| **Framført til inndekning i seinare år (udekt)** | **887** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

# Løyvingsoversikt investering etter § 5˚5 andre ledd

## 1. Investeringar i varige driftsmidlar

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. budsjett 2024 | Rev. budsjett 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 | Øk.plan 2028 | Øk.plan Sum 2025˚2028 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Andre investeringer** | | | | | | | | |
| Tenestebilar | 0 | 0 | 500 | 1 000 | 0 | 0 | 0 | 1 000 |
| Kommunale områder for bustad | 1 226 | 7 900 | 6 774 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Uteområde ØSUS ˚ Gapahuken | 0 | 70 | 70 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunale bygg ˚ nye helsetunet ute og inne | 905 | 0 | 32 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunale bygg ˚ Utsmykking mv. helsetunet | 68 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunale bygg ˚ Lydisolering kulturskulerom | 0 | 0 | 136 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunale bygg ˚ Rogne barnehage utvid garderobe | 27 | 0 | 37 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunale bygg ˚ Brennebakkin avlastningsbustad | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunale bygg ˚ kjøp bustad ˚ Bygdinvegen 2108 (27/66) | 1 393 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunale bygg ˚ nytt helsehus | 257 | 400 | 223 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kjøp bustad Bygdinvn.2175 (27/42) | 2 307 | 2 250 | 2 250 | 100 | 0 | 0 | 0 | 100 |
| Kommunale bygg ˚ nye energiløysingar kommunehuset /ØSUS | 186 | 6 500 | 1 000 | 7 000 | 0 | 0 | 0 | 7 000 |
| Kommunale bygg ˚ betre nettverk kommunehuset | 0 | 800 | 1 200 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunale bygg ˚ Moavegen 43 nytt tak og male | 0 | 1 800 | 1 800 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunale bygg ˚ Bygdinvn.2108 (27/66) oppgrad.og ny tilkomst | 0 | 750 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunale bygg ˚ Heranglie bustader | 124 | 14 000 | 76 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunale bygg ˚ brannstasjonar | 0 | 0 | 7 950 | 0 | 0 | 2 000 | 14 000 | 16 000 |
| Skoltefoss kraftstasjon | 0 | 0 | 0 | 3 500 | 3 500 | 0 | 0 | 7 000 |
| Kommunale vegar ˚ asfaltering o.l. | 0 | 0 | 0 | 800 | 0 | 0 | 0 | 800 |
| Kommunale vegar ˚ Volbu bru | 80 | 100 | 50 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunal veg ˚ utstyr og transportmiddel | 0 | 0 | 369 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunale vegar ˚ trafikktrygging Solhauglie/Rogne barnehage og skule | 2 361 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunale vegar ˚ Fleirfunksjonstrase Stølslie Garli | 0 | 0 | 0 | 0 | 500 | 5 000 | 0 | 5 500 |
| Uteområdet ved ØSUS | 0 | 0 | 0 | 5 450 | 5 450 | 0 | 0 | 10 900 |
| Overtak./oppgrad.Finntøppvn.og gang sykkelveg Beitestølvegen Tjednbakkvegen | 370 | 13 000 | 3 120 | 12 000 | 4 300 | 13 400 | 13 700 | 43 400 |
| Skibru ˚ Finntøppvegen | 320 | 0 | 10 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Furustrand ute inkl. gangveg Furustrand Heggenes | 1 243 | 1 284 | 741 | 7 220 | 0 | 0 | 0 | 7 220 |
| Trillesti Rupetjedn | 102 | 0 | 585 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Nærmiljøanlegg Klyppemyrhaugen | 22 | 1 000 | 978 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| VVA Heranglie | 3 013 | 1 580 | 10 780 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Andre investeringer** | **14 003** | **51 434** | **38 681** | **37 070** | **13 750** | **20 400** | **27 700** | **98 920** |

| | Rekneskap 2023 | Opph. budsjett 2024 | Rev. budsjett 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 | Øk.plan 2028 | Øk.plan Sum 2025˚2028 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Selvkost** | | | | | | | | |
| VA i bygda ˚ Kolleberg | 594 | 5 500 | 5 406 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| VVA Heranglie | 25 675 | 2 000 | ˚9 591 | 360 | 0 | 0 | 0 | 360 |
| VA i bygda ˚ Nordtorp Hegge stavkyrkje | 3 757 | 8 700 | 9 943 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| VA i bygda ˚ Solhauglie | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 000 | 3 000 | 0 | 4 000 |
| VA i bygda ˚ Storefoss Nedrefoss | 83 | 0 | 100 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| VA i bygda ˚ Bergojordet | 3 086 | 0 | 914 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| VA Skistadion B. ˚ Haugsynlie | 0 | 0 | 0 | 1 000 | 7 000 | 0 | 0 | 8 000 |
| VA i bygda ˚ Bygdinvegen Skogaplassen ˚ Mørstad | 6 | 2 000 | 0 | 7 500 | 7 500 | 0 | 0 | 15 000 |
| VA i bygda ˚ Nedrefoss ˚ Rolandsgarden | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 000 | 14 000 | 15 000 |
| VA mindre anlegg årleg | 783 | 5 000 | 100 | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 20 000 |
| VA ˚hytteområda ˚ Finntøpplie | 8 020 | 0 | 1 700 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| VA hytteområda ˚ Luskeråsen | 3 | 500 | 547 | 0 | 20 000 | 19 500 | 24 350 | 63 850 |
| VA hytteområda ˚ Javnlie | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 5 000 | 20 000 | 25 000 |
| VA hytteområda ˚ Gravfjellet | 16 | 4 800 | 984 | 1 000 | 5 000 | 24 000 | 4 000 | 34 000 |
| VA transportmiddel | 395 | 1 000 | 1 027 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| VA Nordtorp høgdebasseng | 1 190 | 10 000 | 520 | 12 000 | 6 900 | 0 | 0 | 18 900 |
| VA oppgradering Ole vassverk | 31 | 10 000 | 3 769 | 500 | 500 | 19 200 | 0 | 20 200 |
| VA Mellsenn vassverk (Kollstad) | 1 111 | 867 | 5 456 | 0 | 2 000 | 43 500 | 43 200 | 88 700 |
| VA Nye Nedrefoss RA | 1 969 | 20 000 | 2 168 | 20 000 | 90 000 | 99 000 | 0 | 209 000 |
| **Sum Selvkost** | **46 720** | **70 367** | **23 043** | **47 360** | **144 900** | **219 200** | **110 550** | **522 010** |
| | | | | | | | | |
| **Investeringar i varige driftsmidlar** | **60 723** | **121 801** | **61 724** | **84 430** | **158 650** | **239 600** | **138 250** | **620 930** |

## 2. Tilskot til andre sine investeringar

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. budsjett 2024 | Rev. budsjett 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 | Øk.plan 2028 | Øk.plan Sum 2025˚2028 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| VA Gullbakkvegen | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| VVA Heranglie | 25 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| VA Storefoss Nedrefoss (pr 34534) | 71 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Tilskot til andre sine investeringar** | **97** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

## 3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. budsjett 2024 | Rev. budsjett 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 | Øk.plan 2028 | Øk.plan Sum 2025˚2028 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Andelar i KLP | 756 | 800 | 840 | 900 | 900 | 900 | 900 | 3 600 |
| Aksjer | 30 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Investeringar i aksjar og andelar i selskap** | **786** | **800** | **840** | **900** | **900** | **900** | **900** | **3 600** |

## 4. Utlån av eigne midler

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. budsjett 2024 | Rev. budsjett 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 | Øk.plan 2028 | Øk.plan Sum 2025˚2028 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Utlån av eigne midlar** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| | | | | | | | | |
| **Sum del 1˚4** | **61 606** | **122 601** | **62 564** | **85 330** | **159 550** | **240 500** | **139 150** | **624 530** |

## Økonomisk oversikt drift etter § 5˚6

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. budsjett 2024 | Rev. budsjett 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 | Øk.plan 2028 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | ˚121 273 | ˚134 894 | ˚134 894 | ˚142 932 | ˚144 787 | ˚144 587 | ˚144 587 |
| Skatt på inntekt og formue | ˚119 595 | ˚124 098 | ˚124 098 | ˚134 168 | ˚131 913 | ˚131 913 | ˚131 913 |
| Eigedomsskatt | ˚24 961 | ˚32 340 | ˚32 340 | ˚32 040 | ˚32 040 | ˚31 240 | ˚41 040 |
| Andre skatteinntekter | ˚5 355 | ˚7 364 | ˚7 364 | ˚6 674 | ˚6 674 | ˚6 674 | ˚6 674 |
| Andre overføringar og tilskot frå staten | ˚40 165 | ˚33 807 | ˚31 113 | ˚27 804 | ˚26 082 | ˚26 082 | ˚26 082 |
| Overføringar og tilskot frå andre | ˚39 411 | ˚29 561 | ˚30 674 | ˚36 169 | ˚36 020 | ˚36 020 | ˚36 020 |
| Brukarbetalingar | ˚11 797 | ˚9 691 | ˚9 516 | ˚9 705 | ˚9 805 | ˚9 805 | ˚9 805 |
| Sals˚ og leigeinntekter | ˚92 656 | ˚93 953 | ˚94 477 | ˚99 335 | ˚108 132 | ˚127 553 | ˚131 869 |
| **Sum driftsinntekter** | **˚455 211** | **˚465 709** | **˚464 476** | **˚488 828** | **˚495 454** | **˚513 875** | **˚527 991** |
| | | | | | | | |
| Utgifter til løn | 206 790 | 216 998 | 219 668 | 229 234 | 228 108 | 227 113 | 227 043 |
| Sosiale utgifter | 33 539 | 37 909 | 38 499 | 42 100 | 42 140 | 42 140 | 42 140 |
| Kjøp av varer og tenester | 157 460 | 137 868 | 140 426 | 141 092 | 139 778 | 138 961 | 138 711 |
| Overføringar og tilskot til andre | 30 631 | 40 536 | 40 166 | 33 580 | 34 130 | 33 280 | 33 280 |
| Avskrivingar | 28 811 | 30 000 | 30 000 | 32 115 | 35 010 | 39 240 | 45 600 |
| **Sum driftsutgifter** | **457 231** | **463 312** | **468 759** | **478 122** | **479 167** | **480 735** | **486 775** |
| | | | | | | | |
| **Brutto driftsresultat** | **2 020** | **˚2 397** | **4 283** | **˚10 706** | **˚16 287** | **˚33 139** | **˚41 216** |
| | | | | | | | |
| Renteinntekter | ˚7 955 | ˚4 420 | ˚7 773 | ˚6 890 | ˚6 190 | ˚6 320 | ˚6 420 |
| Utbytte | ˚5 364 | ˚3 605 | ˚3 605 | ˚3 155 | ˚3 155 | ˚3 155 | ˚3 155 |
| Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Renteutgifter | 18 955 | 26 250 | 26 466 | 24 367 | 21 328 | 23 550 | 30 002 |
| Avdrag på lån | 19 700 | 22 000 | 22 177 | 25 190 | 30 290 | 33 040 | 37 956 |
| **Netto finansutgifter** | **25 337** | **40 225** | **37 265** | **39 512** | **42 273** | **47 115** | **58 383** |
| | | | | | | | |
| Motpost avskrivingar | ˚28 811 | ˚30 000 | ˚30 000 | ˚32 115 | ˚35 010 | ˚39 240 | ˚45 600 |
| | | | | | | | |
| **Netto driftsresultat** | **˚1 455** | **7 828** | **11 548** | **˚3 309** | **˚9 024** | **˚25 264** | **˚28 433** |
| | | | | | | | |
| **Disponering eller dekning av netto driftsresultat** | | | | | | | |
| Overføring til investering | 1 431 | 3 220 | 3 570 | 6 450 | 7 500 | 7 000 | 6 600 |
| Avsettingar til bundne driftsfond | 7 168 | 5 240 | 5 240 | 23 875 | 32 803 | 52 024 | 56 357 |
| Bruk av bundne driftsfond | ˚9 820 | ˚5 413 | ˚5 413 | ˚24 456 | ˚29 286 | ˚39 107 | ˚49 931 |
| Avsettingar til disposisjonsfond | 22 510 | 2 356 | 2 156 | 19 606 | 16 932 | 19 736 | 29 395 |
| Bruk av disposisjonsfond | ˚19 834 | ˚13 231 | ˚17 101 | ˚22 166 | ˚18 925 | ˚14 389 | ˚13 989 |
| Dekning av tidlegare års meirforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat** | **1 455** | **˚7 828** | **˚11 548** | **3 309** | **9 024** | **25 264** | **28 433** |
| | | | | | | | |
| **Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

# Plangrunnlaget

FN sine berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030, og desse er innarbeida i kommunens prioriteringar i kommuneplanen. Kommuneplanen sin samfunnsdel inneheld dei overordna visjonane. verdiane og satsingsområda til kommunen. Økonomiplanen, med 10 på topp, er handlingsdelen av kommuneplanen.

## Hovudmål for kommunen

- Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.
- Øystre Slidre skal ha positiv folketalsutvikling, vere blant dei beste kommunane på næringsutvikling og berekraftig ressursutnytting og, med Beitostølen som motor, vere det leiande heilårs reisemålet i landet.

## Kommunen sine langsiktige økonomiske handlingsreglar

Kommunestyret legg vekt på å sikre ein god og føreseieleg økonomi som gjev handlingsrom for å utvikle kommunen. Følgjande langsiktige handlingsreglar vil bidra til det:

1. Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter skal vera på minst 1,75%.
2. Disposisjonsfond utanom kraftfond skal utgjere minst 20% av sum driftsinntekter.
3. Netto lånegjeld for generaløkonomien (utanom sjølvkostområda) skal utgjera maksimalt 50% av brutto driftsinntekter.

Bakgrunn for handlingsreglane:

Det er ei tilråding frå departementet at netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene skal vere på minst 1,75 %. Dette er basert på erfaring frå mange kommunar over lang tid.

Ein kommune må vera i stand til å møte uføresette økonomiske utfordringar og ha midlar på disposisjonsfond for å møte slike situasjonar. Det er difor eit mål for kommunen at sum for disposisjonsfonda skal utgjere minst 20% av brutto driftsinntekter.

Denne handlingsregelen er auka (frå 12,5%) frå og med denne planperioden. Bakgrunnen er aukande premieavvik og med dei likviditetsutfordringane som følgjer av det. Disposisjonsfond må i tillegg til uføresette økonomiske utfordringar også sikre kommunen sin driftslikviditet. Den blir etter kvart meir pressa, ettersom akkumulert premieavvik, utgjer ein større og større del av storleiken på fondet. Syter vi ikkje for å ha tilstrekkeleg likviditet på fondet utanom premieavviket, er det stor risiko for at vi må låne til drift, og det er ikkje tenleg for kommuneøkonomien. Per 31.12.2023 var akkumulert premieavvik på 41.978`, og prognosen per 2025 er 45.827`. Dette utgjer no meir enn halvparten av kommunen sitt disposisjonsfond.

Lånegjelda til kommunen auka monaleg for nokre år sidan som følgje av utbygging av helsetunet. For at lånegjelda ikkje skal auke ytterlegare, må kommunen redusere andre investeringar utanom sjølvkostområda eller der vi kan finansiere heile eller delar av investeringane eksternt. For å redusere renterisikoen og avgrense kapitalkostnadene bør gjeld som påverkar "generaløkonomien" (utanom sjølvkostområda og formidlingslån) ikkje overstige 50% av brutto driftsinntekter.

# Utvikling i befolkning

## Befolkningsutvikling per årsak

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Folketal ved inngangen av kvartalet** | **3 229** | **3 236** | **3 252** | **3 291** | **3 298** |
| Fødde | 32 | 25 | 25 | 15 | 25 |
| Døde | 34 | 29 | 34 | 35 | 21 |
| **Fødselsoverskot** | **˚2** | **˚4** | **˚9** | **˚20** | **4** |
| Innvandring | 31 | 41 | 49 | 40 | 33 |
| Utvandring | 35 | 17 | 15 | 35 | 14 |
| Innflytting, innanlands | 130 | 136 | 160 | 186 | 110 |
| Utflytting, innanlands | 126 | 141 | 147 | 164 | 114 |
| **Netto innvandring og flytting** | **0** | **19** | **47** | **27** | **15** |
| **Folkevekst** | **˚4** | **16** | **39** | **7** | **19** |
| **Folketalet ved utgangen av kvartalet** | **3 225** | **3 252** | **3 291** | **3 298** | **3 317** |

## Demografi

### Befolkningsprognose




| | 2024 | 2029 | 2034 | 2039 | 2044 | 2049 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 ˚ åringer | 17 | 29 | 28 | 27 | 27 | 26 |
| Barnehage (1˚5 år) | 152 | 146 | 152 | 151 | 147 | 142 |
| Grunnskole (6˚15 år) | 338 | 322 | 311 | 309 | 314 | 310 |
| Videregående (16˚19 år) | 137 | 146 | 126 | 129 | 122 | 123 |
| Voksne (20˚66 år) | 1 961 | 1 976 | 1 918 | 1 836 | 1 801 | 1 784 |
| Eldre (67˚79 år) | 511 | 513 | 562 | 622 | 636 | 591 |
| Eldre (80˚89 år) | 166 | 232 | 260 | 262 | 283 | 341 |
| Eldre (90 år og eldre) | 16 | 29 | 43 | 66 | 72 | 81 |
| Total | 3 298 | 3 393 | 3 400 | 3 402 | 3 402 | 3 398 |

*Prognose type : Middels nasjonal vekst*
*Prognose periode : 25*

## Prognose vekst




| | 2024 | 2029 | 2034 | 2039 | 2044 | 2049 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 ˚ åringer | 100,0 % | 170,6 % | 164,7 % | 158,8 % | 158,8 % | 152,9 % |
| Barnehage (1˚5 år) | 100,0 % | 96,1 % | 100,0 % | 99,3 % | 96,7 % | 93,4 % |
| Grunnskole (6˚15 år) | 100,0 % | 95,3 % | 92,0 % | 91,4 % | 92,9 % | 91,7 % |
| Videregående (16˚19 år) | 100,0 % | 106,6 % | 92,0 % | 94,2 % | 89,1 % | 89,8 % |
| Voksne (20˚66 år) | 100,0 % | 100,8 % | 97,8 % | 93,6 % | 91,8 % | 91,0 % |
| Eldre (67˚79 år) | 100,0 % | 100,4 % | 110,0 % | 121,7 % | 124,5 % | 115,7 % |
| Eldre (80˚89 år) | 100,0 % | 139,8 % | 156,6 % | 157,8 % | 170,5 % | 205,4 % |
| Eldre (90 år og eldre) | 100,0 % | 181,3 % | 268,8 % | 412,5 % | 450,0 % | 506,3 % |
| Total | 100,0 % | 102,9 % | 103,1 % | 103,2 % | 103,2 % | 103,0 % |

*Prognose type : Middels nasjonal vekst*
*Prognose periode : 25*

Befolkningsprognosene frå SSB for Øystre Slidre kommune (ovanfor) viser venta folketal for dei ulike aldersgruppene (ved middels nasjonal vekst og innvandring). Trenden er nedgang i barn, unge og vaksne, og auke i talet på eldre.

Kommunen har dei siste åra busett flyktningar, som har bidrege til å oppretthalde og auke folketalet.

Utvikling av folketalet er usikkert framover.

# Investeringar i økonomiplanen

Vi viser til løyvingsoversiktene for investeringar under "Budsjettvedtak".

## Beskriving av investeringar

### *VA-investeringar*

Kommunestyret vedtok kommunedelplan for vassmiljø – vassforsyning – avløp (VVA˚planen) og handlingsplan for spreidd avløp den 15.2.2018 og revidert handlingsprogram VVA den 29.4.21, sak 38/21. Måla innan vassforsyning og avløp er følgjande:

Vi skal levere nok og reint vatn på ein sikker måte til abonnentane.

Vi skal ha tilstrekkeleg reinsekapasitet for avløpsvatnet, slik at utsleppet frå reinseanlegga alltid ligg innanfor utsleppsgrensene.

Vi skal knytte nye abonnentar til kommunalt VA˚leidning etter kvart som anlegget vert bygd ut.

Utbygging av VA˚anlegg legg til rette for nærings˚, bustad˚ og fritidsbustadutvikling. Næringsområde og nye bustadområde skal ha tilgjengeleg offentleg VA˚anlegg, og alle hytte˚områda med krav til felles VA˚ anlegg er definert med infrastruktursone i arealdelen av kommuneplanen. Drift og utvikling av VA˚ anlegga vert full ut finansiert over VA˚gebyra. Kommunestyret vil i samband med den årlege revideringa av økonomiplanen ta stilling til investerings˚ og driftsnivået innan VA, med dei følgjene dette får for gebyrutviklinga. Kommunestyret kan difor i samband med økonomiplanhandsaminga vedta eit anna investeringsnivå enn denne planen legg opp til ut frå omsynet til gebyrutviklinga m.v. Vi vil på bakgrunn av revidert arealdel av kommuneplanen også revidere handlingsdelen av VVA˚planen, truleg i 2026.

**Vassforsyning**

Kommunen har overordna ansvar for vassforsyning innanfor kommunegrensene slik dette går fram av m.a. plan˚ og bygningslova, kommunehelsetenestelova og regelverk for beredskapsarbeidet. Dette gjeld både drikkevatn, vatn for næringsmiddelproduksjon og sløkkevatn. Med målsettinga om å forsyne abonnentane med nok, reint og trygt vatn, må vi ha gode vasskjelder, gode vassbehandlingsanlegg med to barrierar, tilstrekkeleg utjamnings˚/høgdebasseng og forsyning frå to kjelder, ei i sør (Mellsenn) og ei i nord (Olevatn).

**Høgdebasseng Nordtorp**

Høgdebasseng skal byggast for å auke leveringstryggleiken på leidninga Lidar – Furustrand. Dette blir eit hovudknutepunkt for vassforsyning. Prosjektet er starta, og det er sett av 18,9 mill. til gjennomføring av tiltaket i 2025 og 2026.

**Oppgradering av Ole Vassverk**

Vi må utvida bassengkapasiteten ved Ole Vassverk då vi har vore over konsesjonsgrensene i fleire år. Vassforbruket i forsyningsområdet aukar med utbyggingane på Beitostølen i kombinasjon med stor lekkasjar i leidningsnettet. I 2024 har vi hatt ein særleg innsats retta mot lekkasjekontroll, og fått stoppa fleire store lekkasjar. Når vi etter kvart får leidningsnett i heile forsyningsområdet til vassverket og vi i tillegg blir reservevasskjelde for Vindin Vassverk, må vi ha løyve til å ta ut meir råvatn, og vi har søkt om auka uttak frå Olevatn. Vassinntaket i Olevatn ligg ikkje på mest gunstig punkt. Inntaket bør flyttast om lag 480 m til eit djupare basseng. Noverande inntakspunkt har eit djup på 16 m, men sidan botn har mykje botnslam er inntakspunktet løfta til om lag 11 m for å unngå å suge inn slam i vassforsyningssystemet. Vi kjem då svært nær sprangsjiktet som gir meir sårbar vasskvalitet. Behandlingsanlegget gir ikkje absolutt tryggleik mot at råvatn kan passere behandlingsanlegget og koma ut på nettet utan reinsing. Det bør etablerast to hygieniske barrierar i behandlingsanlegget. Det er sett av 20,2 mill. til tiltaket i økonomiplanperioden.

**Nytt vassverk Mellsenn – ny vasskjelde, nytt behandlingsanlegg og leidningsnett**

Inntakspunkt til Kollstad vassverk er direkte i elva Ygna, og dette er det kritiske punktet i høve til forsyningstryggleik. Elv som vasskjelde gir hygienisk ustabil vasskvalitet som ikkje tilfredsstiller dei krav vi har til vasskjelder i dag. Utfordringane knytt til direkte inntak frå elv er forventa å auke i samband med klimaendringane. Hovudleidning mellom inntak og behandlingsanlegg er av dårleg kvalitet.

Som overflatevasskjelde har Mellsenn svært gode data som råvasskjelde både m.o.t. hydrologi og vasskjemiske/hygieniske målingar. Vi har søkt om konsesjon for uttak av vatn frå Mellsenn til nytt Mellsenn vassverk.

Vi har som mål å kunna bygga ny hovudforsyning til Kollstad vassverk frå Mellsenn i 2027˚2028. Det er sett av 2 mill. i planleggingsmidlar i 2026 og samla 88,7 mill. til utbygginga i økonomiplanperioden.

**<u>Revidert handlingsprogram for avløp</u>**

Vi har dimensjonert leidningsnettet mellom Beitostølen og Nedrefoss RA til å kunne ta i mot avløpet frå nedslagsområdet til Beito RA. Siktemålet er å overføre avløpet frå Beito RA til Nedrefoss.

Statsforvaltaren i Innlandet har i brev til kommunen peika på at vi må dokumentere tilstrekkeleg reinsekapasitet ved Beito RA i situasjonar med store mengder avløpsvatn (jul˚, vinter og påskeferien) og ev. auka reinsekapasiteten for avløpsvatn i kommunen før nye utbyggingar av hus/hytte/næring. Nytt reinseanlegg ved Nedrefoss har svært høg prioritet.

I juni 2023 sende vi søknad om utsleppskonsesjon for nye Nedrefoss reinseanlegg. Anlegget er dimensjonert for 25 000 pr. Vi har i 2023 gjort ei grov kostnadsvurdering for utbygginga. Denne viser ein kostnad eks mva på 210 mill. kroner. I desse tala er det lagd til grunn at anlegget ikkje vert pålagd nitrogenreinsing. Vi har i sep. 2024 fått utkast til utsleppskonsesjon for nye Nerreføss RA, der det blir pålagt nitrogenreinsing og der utsleppsløyve er avgrensa til 15 000 PE. Det er førebels lagd inn 210. mill. kr. til utbygging av nye Nerreføss RA i økonomiplanperioden. Kostnadsramma må i løpet av 2025 revurderast på bakgrunn av utkast til utsleppskonsesjon.

**Utbygging av VA˚anlegg i grunnen**

Med bakgrunn i hovudplanen og handlingsplanen skal det byggast ut VA˚anlegg i grunnen som bind kommunen saman i eit felles nett for vassforsyning frå nord til sør og som bind avløpsanlegget saman til eit felles reinseanlegg ved Nedrefoss.

**Mindre VA˚anlegg, årleg løyving**

Det vil alltid vera behov for utbygging av mindre strekningar med VA˚leidning i grunnen for tilknyting av husklynger eller einskildhus og til å ta opp leidningsnett som treng utskifting. Det vert årleg sett av 5 mill. til dette føremålet i økonomiplanperioden.

**VA Solhauglie III**

Området er ferdig regulert, og arbeidet med kjøp av grunn har starta opp. For å gjere bustadområdet klar for utbygging må vi planlegge og prosjektere anlegget for veg, vatn og avløp. Det er førebels sett av 1 mill. i 2026 til planlegging og prosjektering og 3 mill. til utbygging i 2027. Kostnadramme og framdrift vil bli vurdert i løpet av 2026.

**VA Bygdinvegen Skogaplassen˚Mørstad**

Langs hovudstammen for VA˚anlegg frå Beitostølen til Nedrefoss er det ønskeleg å knytte til fleire husstandar på strekninga, slik at innbyggarane får trygg vassforsyning og betre løysingar for handsaming av avløpsvatnet. Utbygging av VA˚anlegg langs Bygdinvegen kan kombinerast med etablering av utbygging av gang˚ og sykkelveg eller turveg, for å betre trafikktryggleiken på strekninga. Strekninga er på ca. 2500 meter. Det er sett av 7,5 mill. i 2025 og 7,5 mill. i 2026 til VA˚utbygginga. Ev. utbygging av gang˚ og sykkelveg eller turveg er ikkje finansiert.

**VA Beitestølen stadion ˚ Haugsynlie**

Utbygging av VA˚leidning frå Beitostølen stadion til Haugsynlie vil endre fallretninga på avløpet frå store delar av Beitostølen, slik at dette får naturleg fall til nye Nerreføss RA. Om lag 80% av avløpet frå Beitostølen vil då ha fall til Nerreføss RA. Det er sett av 1 mill. til planlegging av tiltaket i 2025 og 7 mill. til gjennomføring av tiltaket i 2026.

**VA Nedrefoss ˚ Rolandsgarden**

Tilkoplingspunktet ved hovudleidningen frå Storefoss til Nedrefoss er tilrettelagd for å ta imot avløpsvatnet frå heile området mellom Rogne og Moane. Leidningen frå Rolandsgarden vert forlenga via Skattebu mot Nedrefoss reinseanlegget. Frå Rolandsgarden vil leidningen ha fall heilt til Nedrefoss. Det er førebels sett av 1 mill. i 2027, 14 mill. i 2028 til utbygginga.

**VA˚utbygging i hytteområda**

For nokre område er det i arealdelen av kommuneplanen og i kommunedelplanen for Gravfjellet lagd til rette for auka hytteutbygging. Dette gjeld m.a. for områda Luskeråsen, Gravfjellet og Javnlia. Auka utbygging av hytte i desse områda føreset utbygging av felles VA˚anlegg slik at avløpet vert ført ut av området og til kommunalt reinseanlegg ved Nedrefoss.

**Refusjon VA˚utbygging i hytteområda**

I utbyggingsavtalar har kommunen gjort eller vil gjere avtale med utbyggar om delfinansieringa av utbygging av hovudleidning VA på strekninga Robølshøgda – Luskeråsen – Gravfjellet – Javnlie ˚ Beitostølen. Vi har justert på grensesnitta mellom dei ulike utbyggingsprosjekta, utan at endre totaltomfanget som ligg i handlingsplan for VVA. Dei årlege inntektene utbygginga gjev vil bli inntektsført i sjølvkost. Storleiken på inntektene er vanskeleg å budsjettere, sidan det er fullt avhengig av utbyggingstakten av områda.

**VA Luskeråsen**

Det er forventa utbyggingsaktivitet på Luskeråsen dei næraste åra, og det er aktuelt med eit samarbeidsprosjekt med utbyggar for å få etablert nytt VA˚anlegg. Pga. av fare for forureining av borebrønnar i fjell, er felles vassforsyning frå Røyre vurdert som mest aktuelle fellesløysing. Det er registrert 126 separate avløpsanlegg, hovudsakleg jordhauganlegg, og 96 borebrønnar i fjell. Med bakgrunn i m.a. ofte marginale infiltrasjonstilhøve og ofte omfattande sprekksystem i berggrunnen, med fare for forureining av drikkevatn, er mange av avløpsanlegga i risikoanalyse vurdert til høg risiko. I tillegg er det mange eksisterande hytter som kan koplast til eit nytt anlegg. Leidningen ned frå Luskeråsen til det eksisterande tilkoplingspunktet på Robølshøvda passerer hytteområda Bjødnaholet og Rolistølen som også kan koplast til på sikt. Prosjektet er førebels kostnadsrekna til 64 mill. kroner og vil bli planlagd i 2025, med sikte på oppstart i 2026.

**VA Gravfjellet**

I hytteområda Sandbakkadn, Viflå, Murkhovd, Yddin og Gravfjellstølen er det mange grunneigarar som etterspør kommunalt vatn og avløp. VA˚infrastrukturen må på plass før det kan opnast for større utbyggingar i området. Den eksisterande leidningen på Robølshøvda kan forlengast mot Gravfjellstølen. Prosjektet er førebels kostnadsrekna til 35 mill. kroner. Prosjektet vil bli vidare planlagd i 2025 og gjennomført tidlegast i 2026. Det er sett av 34 mill. i økonomiplanperioden til denne utbygginga.

**VA Javnlie**

Området har ikkje tilstrekkeleg infiltrasjonsevner, og samtidig eit utbyggingspotensiale. Vatn kan tilførast frå eksisterande nett frå Olevatn og avløp vert leia nedover til det eksisterande nettet ved Robølshøvda. Samtidig vert det lagd vassleidning frå Javnlie til Robølshøvda slik at vi får etablert ein ringleidning i fjellet som betrar tryggleiken for vassforsyning for store delar av kommunen. Prosjektet er førebels og grovt kostnadsrekna til 77 mill. Prosjektet vil tidlegast starte opp i 2027.

## *Kommunale bygg og uteområde*

**<u>Nye energiløysingar for kommunale bygg</u>**

Kommunehuset, ØSUS og Klima+bygget er kostbare bygg i drive, med høge energikostnader. Vi har i 2024 etablert infrastruktur for vassboren varme og gjort avtale med Øystre Slidre Biovarme om levering av bioenergi til oppvarming av bygningar og bassenget på ØSUS. Vi må i 2025 legge til rette for distribusjon av vassboren varme på delar av ØSUS. Det er sett av 7 mill. kroner til dette i 2025.

**Ombygging Bygdinvegen 2175**

Vi har lagt inn budsjettramme på 100` i 2025 for nødvendige tiltak for å ta bygget i bruk for utleige.

**Utviding av brannstasjonen på Beitostølen**

Kommunen overtok brannstasjonane frå Valdres brann˚ og redningsteneste i 2024. Det er eit behov for å renovere og bygge på brannstasjonen på Beitostølen for å sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø med reine/skitne soner og tilfredsstillande ventilasjon. I tillegg er det behov for meir areal til køyretøy og utstyr. Det er førebels sett av 16 mill. denne utbygginga i økonomiplanperioden, fordelt på 2027 og 2028 med 2 mill. og 14 mill.

**Skoltefoss kraftstasjon**

Skoltefoss kraftstasjon fekk store skadar av uværet Hans i 2023 og kraftverket har vore ut av produksjon sidan. Vi har søkt Statsforvaltaren om støtte til dekking av tapte produksjonsinntekter og til istandsetting av kraftverket. Denne søknaden er ikkje stetta. Oppattbygging av kraftverket er kostnadsrekna til 9,1 mill. + mva. I tillegg kjem det byggtekniske, og det bør gjerast flomsikring av kraftstasjonen. Dette har vi ikkje gode kostnadsestimat på enda. Vi får ikkje dekka alt frå forsikringa, då kraftverket er gammalt og forsikringsselskapet trekk frå for alder. Det er sett av 7 mill. til oppattbygging av kraftstasjonen, fordelt på 2025 og 2026.

**Nytt helsehus**

Delar av helsetenestene har slitte lokale (helsestasjon) eller for liten plass (legetenesta). Samlokalisering av helsetenestene kan bidra til sterkare helsefaglege miljø i kommunen.

Vi har i 2023 greidd ut to alternativ for nytt helsehus:

Alt 1: samanbygging av Helsetunet med dagens legesenter/fysioterapisenter og med nybygg i retning dagens helsestasjonsbygning.

Alt 2: riving av dagens legesenter/fysioterapisenter, med nybygg i det området, som vert bygd saman med Helsetunet.

Det er gjort ei grov kostnadsvurdering av alternativa, som viser om lag 83 mill. eks mva for alt. 1 og om lag 90 mill. for alt. 2. Då er ikkje kostnader til inventar, flytting av trafo eller mellombelse løysingar teke med. På dette stadiet i prosessen er usikkerheita i tala +/˚ 20%.

Det er behov for å vurdere kostnadsoverslaget og kostnadsreduserande tiltak for investeringa, vurdere driftskostnaden ved alternativa, alternativ og kostnadene ved mellombelse løysingar og lage ein framdriftsplan for ei utbygging. Vi har ut frå den økonomiske situasjonen til kommunen ikkje prioritert vidare planlegginga i 2024. Midla til dette vert overført frå 2024 til 2025 drift.

**Avlastningsbustader**

Vi vil truleg få behov for auka kapasitet for avlastningsbustader for barn og deira familiar. Omfanget av dette vil bli kartlagt i løpet av 2026, og vi vil vurdere kor dette tilbodet kan etablerast, inkl. kostnadene ved det.

**Den gamle sjukeheimen og Heggenes sentrum**

Heggenes sentrum skal vidareutviklast som eit levande sentrum, og eit av tiltaka er å få aktivitet i tomme bygg. Den gamle sjukeheimen på Heggenes (Øvre Moen) er eit av bygga som i stor grad står tomt, og som vi ønskjer ny aktivitet i. Bygget er frå 1969 og ligg fint til i landskapet ovanfor sentrum, men det ber preg av å vere lite nytta. Det vart i 2020 gjort ein tilstandsrapport av sjukeheimen. Tilstandsrapporten syner at fasadane i hovudsak er bra, men at bygget må rehabiliterast både ute og inne før det kan nyttast til t.d. bustadar eller anna føremål.

Vi har fått eit tilskot frå Husbanken til å gjera ein moglegheitsstudie av kva sjukeheimen kan verte omforma til, og vi vil mellom anna sjå på moglegheita for å transformere bygget til bueiningar for sal/leige, kontorlokale, areal for kommunale tenester m.v. Uteområda skal også vera del av moglegheitsstudien. Transformasjonsprosjektet kan fungera som ein katalysator for vidare vekst og omforming i kommunesenteret, og kan gje nye idear til korleis vi kan nytta andre bygg som står tomme i dag.

Moglegheitsstudien skal vere ferdig sommaren 2025. Studien vil legge grunnlaget for framtidig bruk av gamle sjukeheim. Ev. økonomiske følgjer for kommunen vil bli vurdert fram mot økonomiplan 2026˚29.

**Uteområdet på ØSUS**

Vi skal ruste opp uteområdet ved ØSUS i perioden 2024˚2026. Prosjektet er forankra i oppvekstplanen 2024˚26 og økonomiplan 2024˚27. Skuleområdet står fram som eit slitt og innhaldsfattig skuleområde, som i liten grad er tilrettelagt for sosial, fysisk og pedagogisk aktivitet. Området ber preg av harde flater og lite innhald, med utfordingar knytt til hærverk og biltrafikk heilt inn på skuleområdet. Skulen har utfordringar knytt til trivsel og skulemiljø (Ungdata 2024), der skuleområdet kan vere ein del av årsaka.

Vi har i perioden februar˚august 2024 gjennomført eit forprosjekt for utvikling av området. Forprosjektet har hatt eit sterkt fokus på brei og god medverknad. Vi har nytta landskapsarkitekt i arbeidet med å utarbeide prosjektskisser og kostnadsoverslag, med bakgrunn i innspela i medverknadsprosessen. Med det nye skuleområdet ynskjer vi å skape ein «folkepark» og ein naturleg møteplass for alle, som kan nyttast heile året, i˚ og utanom skuletida. Det er lagt vekt på at området skal vere trygt og sosialt å opphalde seg på, med rom for alle, tilrettelagt for ulike sosiale, fysiske og pedagogiske aktivitetar.

Området er avgrensa til eit areal på 11.000 m2, orientert på sørsida av skulen. Planområdet omfattar også uteområdet ved biblioteket og Gapahuken for å sjå området og aktiviteten i heilskap. Prosjektet vil bli gjennomført i 2025˚26, med ei kostnadsramme på kr 10,9 mill.kr inkl. mva. Kommunen får mva˚ kompensasjon (anslagsvis 2.180`), og det er lagt til grunn at kommunen kan få tilskot til prosjektet, anslagsvis 2 mill. (budsjettert inn i 2027). Netto for kommunen blir etter dette ca. 6.720`.

Dei skriv i sin rapport at "Det er gode områder for ballspill, men øvrige aktivitetsområder kunne nok vært utviklet mer. Inndeling i flere soner, med naturelementer og apparater med flere og varierte bruksområder, har vist seg å gi mer trivsel og aktivitet blant barn og unge." I handlingsdelen til oppvekstplanen er det sagt at uteområda på skulane skal "vedlikehaldast" i 2025, som ein del av arbeidet med fysisk og psykisk helse. Oppvekstplanen legg og opp til at kommunen skal ha "uteområder som oppmuntrer barn til å vere fysisk aktive." Vi vil i 2025 legge ein plan for uteområdet på Rogne skule, inkl. eit kostnadsoverslag.

**Utbygging eller kjøp av kommunale bustader**

Kommunen deltek i prosjektet Bustad for velferd Innlandet, der vi m.a. ønskjer å bidra til ein stabil og god bustadsituasjon for dei som er vanskelegstilte på bustadmarknaden. Vi vil utnytte Husbanken sine bustadsosiale verkemiddel betre enn vi har gjort. Eit aktuelt verkemiddel er "frå leige til eige", at innbyggarar som i dag leiger bustad gjennom husleigebetalinga etter kvart kan overta bustaden til eige.

Kommunestyret har i 2023 gitt fullmakt til kommunedirektøren å kjøpe inntil 5 bueiningar i Heranglie bustadfelt til kommunale bustader eller til bustader frå leige til eige, og det er inngått avtale med utbyggar om det. Utbygginga er diverre ikkje kome i gang som følgje av manglande bankfinansiering hjå utbyggar. 13,8 mill. overført frå 2024 er inntil vidare teke ut frå investeringsplanen for 2025˚2028.

**Friområde og område tilrettelagd for alle uavhengig av funksjonsnivå**

Friområdet på Furustand

Vi har utarbeid ein plan for vidareutvikling av Furustrand som friområde. Planen har bakgrunn i moglegheitsstudien for Heggenes˚Tingvang frå 2020, og bygger på innspel frå innbyggjarar, lag og organisasjonar. Den omfattar etablering av turveg frå Heggenes sentrum til Furustrand, etablering av dagsturhytte, rehabilitering av eksisterande funksjonar og nye anlegg for aktivitet og friluftsliv. Målet med utviklinga er å auke bruken av Furustrand ved å legge til rette for at området kan nyttast av personar i alle aldersgrupper ein større del av året. Det vert lagt vekt på universell utforming for at flest mogleg skal kunne nytte seg av tilboda. I 2024 vart turvegen og dagsturhytta etablert og resten av prosjektet skal detaljprosjekterast. Prosjektet vert finansiert med spelemidlar, stønad frå stiftingar og eigne midlar.

Det vert i 2025 sett av 7,22 mill. til tiltaket. Kommunen får mva˚kompensasjon (ca. 1.444`). Tilskot inn er budsjettert med 1,57 mill. i 2025 og 2 mill. i 2026. Kommunen sin eigenfinansiering for prosjektet, 3.650`, blir finansiert av eigedomsskatteinntekter til nærings˚og utviklingsføremål i 2025, jf. oversikt i vedlegg.

Fleirfunksjonstrase Stølslie ˚ Garli

I sti˚ og løypeplan er det lagd inn etablering av ein fleirfunksjonstrase frå Stølslie bustadfelt til heisområdet, med påkopling til trillestien på Garli. Tiltaket er grovt kostnadsrekna til 5,5 mill. kroner. Tiltaket vert finansiert med spelemiddel, midlar frå eigedomsskatt og tilskot frå utbyggingsavtalar. Planlegging av fleirfunksjonstrase Stølslie – Garli vil bli gjennomført etter vedtak av revidert arealplan.

## *Kommunale vegar mv.*

**Asfaltering av kommunale vegar**

Det vert sett av 0,8 mill. i 2025 til asfaltering av kommunale vegar, finansiert av eigedomsskatteinntekter, 0 kr i resten av økonomiplanperioden. Vegar som står for tur å bli asfaltert er vegen til Raudbrøtmoen og vegar i dei kommunale bustadfelta Solhauglie og Tingvangfeltet.

**Beitostølen sør – vest**

I området mellom Beitovegen og skistadion på nedsida av fv. 51 er det gjennom ei rekke reguleringsplanar og utbyggingsavtalar vedteke utbygging av kommunal infrastruktur eller infrastruktur som naturleg knyter seg til kommunal infrastruktur. Ein del av tiltak som skal gjennomførast kan delfinansierast med midlar som er eller vil bli betalt inn etter inngåtte utbyggingsavtalar.

I økonomiplanperioden vert følgjande tiltak gjennomførd:

Oppgradering av Tjedenbakkvegen frå krysset ved Kiwi, inkl. utbygging av fortau ned til Beitostølen skistadion og asfaltering av parkeringsplass. 16,3 mill.

Oppgradering av Finntøppvegen inkl. turveg/skiløype langs vegen og ny tilkomst til hytter i Solbakkin. 27,1 mill.

Fortau/sykkel og gangveg langs Beitestølsvegen til ny skibru. 6,9 mill.

Samla kostnadsoverslag for desse tiltaka er 50,3 mill. i økonomiplanperioden, fordelt slik.

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Tjednbakkvegen** | 12 | 4,3 | | | |
| **Finntøppvegen** | | | 13,4 | 13,7 | |
| **Beitestølsvegen** | | | | | 6,9 |

Tiltaka vil bli finansiert med tilskot frå utbyggingsavtalar, kr 5 mill. i 2025, og eigedomskatt til næringsføremål med totalt 17,6 mill. (2, 7, 2 og 6,6 mill. i planperioden). Resten vil bli forskottert med øvrige kommunale midlar.

**Omlegging ved Åsvegen**

Det er behov for å flytte Åsvegen for å få plass til regulert skiløype, inkl. flytte av nokre private VA˚ leidningar. Vi vil kostnadsrekne tiltaket i 2025, med sikte på å leggje det inn i økonomiplanen for 2026 – 2029.

## *Andre investeringar*

**Kjøp og sal av tomter for bustadutbygging og næringsføremål og innløysing av festekontraktar**

Kommunen vil kjøpe private eigedomar for å kunne planlegge og bygge ut Solhauglie III i ei samla utbygging. Vidare vil kommunen løyse inn festekontraktar og andre leigeavtalar og grunn for eigedomar som varig vil bli nytta til kommunale føremål, eller til private bustader der kommunen er framfestar. Kommunen skal ifølgje samfunnsdelen av kommuneplanen ha tilstrekkeleg med regulert næringsareal for sal. På bakgrunn av vedteken arealdel vil vi starte arbeidet med regulering og kjøp av areal for dette føremålet. Det vert overført til dette føremålet frå 2024, når vi ved årsskiftet ser kor mykje av budsjettet på 6,8 mill. som ikkje er nytta i 2024.

Kommunen sel bustad˚ og næringsareal. Omfanget av dette varierer, og difor vanskeleg å budsjettere. Det er lagd inn ei årleg forventa salsinntekt for tomter på kr. 1,0 mill.

**Vedlikehald av Lidar kyrkje og Hegge stavkyrkje**

Øystre Slidre kyrkjelege fellesråd har ansvar for vedlikehald av kyrkje i kommunen. Fleire av kyrkje har eit vedlikehaldsetterslep som fellesrådet ønskjer å få gjort noko med, og dei har søkt kyrkjebevaringsfondet om støtte til det. Fondet dekker 60% av kostnadene ved tiltaka. Fellesrådet har søkt om midlar til maling av Lidar kyrkje og til ytre vedlikehald av Hegge stavkyrkje. Skal fellesrådet få støtte til desse tiltaka, må kommunen vera villig til å delta i finansieringa, noko vi har sagt oss villig til. Når fellesrådet har fått avklart kostnadene ved tiltaka og om dei vert støtta frå kyrkjebevaringsfondet, vil kommunedirektøren legge fram ei sak for kommunestyret om kommunal medfinansiering.

## *Finansiering beskriving*

Som det går fram av løyvingsoversikt etter § 5˚5 første ledd under "Budsjettvedtak", blir investeringane, etter fråtrekk for mottak av mva˚kompensasjon og investeringstilskott frå andre, i all hovudsak finansiert av lån frå bank. Utviklinga av lånegjelda er nærare omtala under "Økonomisk utvikling i planperioden".

Enkelte investeringar er finansiert heilt eller delvis av overføring frå drift. Det gjeld bruk av eigedomsskattemiddel til nærings˚ og utviklingsformål, som er nærare spesifisert i vedlegg til økonomiplanen (med 6.450`, 7.500`, 7.000`og 6.600` i denne planperioden).

*Foto: Jostein Aanestad*

## Forutsetningar som er lagt til grunn i driftsbudsjettet

Vesentlege delar av driftsbudsjettet er basert på eksterne vedtak, prognoser og vurderingar. Nedanfor følgjer informasjon om nokre av dei viktigaste forutsetningar vi har lagt til grunn i det framlagte driftsbudsjettet i økonomiplanen 2025˚2028:

**Inntekter:**

- Kommunen har lagt til grunn prognosen frå KS for skatteinntekter og rammetilskot etter statsbudsjettet for 2025. Det viser ein auke på ca. 17,5 mill.kr. KS presiserer at skatteoverslaget er spesielt usikkert for 2025 etter omlegging av inntektssystemet og manglande erfaringstal.
- Storleiken på rammetilskotet blir påverka av endringar i folketalet og demografien (utgiftsutjamninga). Øystre Slidre kommune får meir pengar i skatt og rammetilskot frå staten i 2025 enn gjennomsnittet i Innlandet. Dette som følgje av at det er lagt til grunn sterk vekst i folketalet (i hovudsak med bakgrunn i mottak av flyktningar). For folketal har vi lagt til grunn KS sin prognose etter statsbudsjettet: 3335 per 1.1.2025 (opp frå 3298 per 1.1.2024, i hovudsak grunna flyktningar), og 3306 per 1.7.2025 (same som 1.7.2024) (dette er ned frå 3328 per 1.7.2023). Tal på flyktningar er usikkert. Sjå eige punkt nedanfor om flyktningøkonomi.
- Dei oppgåveendringane for kommunen som har størst budsjettmessig verknad for 2025, og som er innarbeida i rammetilskotet til kommunen, er reduksjon i barnehage makspris med fullårsverknad frå 2025, og gratis SFO 12 timar 3. trinn og ny opplæringslov.
- Generelt er inntekter auka med den kommunale deflatoren for 2025 (4,1%).
- Inntekter frå skatt, rammetilskot og andre driftsinntekter er generelt ikkje auka utover i økonomiplanperioden. Det er heller ikkje utgiftsnivået.
- Eigedomsskatt˚inntekter er avhengig av takstnivået og skattenivået. Skattesatsen for bustad og fritidsbustad er vidareført med 4 promille. Skattetaksten på energianlegg og næring blir vidareført med 7 promille. Eigedomsskatt for kraftverk, bustader og fritidsbustader er budsjettert ut frå prognoser per september 2024. For bustader og fritidsbustader forventar vi ein liten auke for 2025 med bakgrunn i dei nye objekta vi har fått inn per sep˚24. Auken er ikkje

stor nok til å kompensera for negativt budsjettavvik i 2024. Ut over dette reknar vi ikkje med auke av betydning framover.
- Vi har lagt til grunn eit kraftforvaltningsresultat som for 2023. 7,82 mill. er budsjettert inn i drifta, i tråd med KS˚34/22, og med tillegg av kraftrelatert refusjonsinntekt. Resten er avsett til kraftfond (3,2 mill. årleg).

**Lønn:**

- KS/SSB sine prognoser for årslønsvekst for 2025, 4,5%, er lagt til grunn.
- Alt som gjeld tenesteområda er fordelt ut på tenesteområda, med unntak av estimert lønnsstigning 2025, som er budsjettert sentralt under kommunedirektøren ˚ felles. Delar av pensjon (premieavvik) er også budsjettert sentralt.
- Lønsbudsjettet er framskrive ut frå stillingsheimlane august 2024 inkl. endringar som følge av endra brukarmasse, vedtak om spesialpedagogiske tiltak mv. som er kjent per oktober 2024. Det er lagt inn enkelte nye årsverk sidan økonomiplanen 2024 som følgje av brukarbehov.
- Variabel lønn 2025 er generelt budsjettert med snittet av 2024˚budsjettet og prognose for rekneskapen for 2024. Føresetnad i økonomiplanen for 2024 om innsparing etter tilsetjing av eit ekstra årsverk på HR er vidareført.
- Regjeringa vil dekke auken i pensjonskostnader som følge av ny offentleg AFP frå 2025 ved RNB2025. Pensjonskostnader øvrig er budsjettert for 2025 ut frå prognose frå KLP og SPK september 2024.

**Løken:**

- Vi har lagd til grunn at inntekter og utgifter knytt til drift av Løken gard går i null for kommunen.

**Integreringstenesta:**

Vi har i budsjettet lagt til grunn følgjande:

- 25 nye flyktningar til Øystre Slidre kommune i 2025 og kvart av åra i økonomiplanperioden. Dette er ut frå anmoding kommunen mottok 27.11.2024.
- Budsjettet for 2025 er utarbeidd på grunnlag av erfaringar hittil. Det inneheld vesentlege inntekter (tilskot frå staten), og vesentlege utgifter som introduksjonsstønad og sosialstønad, stillingar, vedlikehald og utstyr, tenester (tolk mv.), klargjering av bustader mv., leie av bustader på vent. Ekstrautgifter er det lagt opp til å finansiere av integrerings˚ og norskopplæringstilskot.
- Dei inntektene vi ikkje ser nødvendig å budsjettere for konkrete utgifter, er budsjettert avsett til flyktningefond. Dette vurderer vi er nødvendig for å kunne finansiere oppgåver og kostnader knytt til flyktningar for behov etter at tilskotsperioden er over, og til dekning av etterkostnader for flyktningverksemda (t.d. leige tomme bustader, nødvendig vedlikehald etter bruk mv.). For 2025 er det budsjettert avsett 1,1 mill. til flyktningefond, 0 for åra 2026˚2028.
- Ordinære utgifter til skule, helse mm. blir i hovudsak dekt av auka rammetilskot og skatteinntekter i tråd med folketalsutviklinga.

**Andre driftsutgifter mv.:**

- Der auke /nivå på budsjettpostar er vedtekne frå eksternt hald, inkl. interkommunale selskap og samarbeid, har vi lagt inn budsjettjusteringa på relevant post på tenesteområda.
- Straumkostnader for kommunale bygg (generaløkonomien) er budsjettert ut frå regnskap/prognose 2024, inkludert auka tal bygg/ høgare forbruk forbruk, men prisnedgang frå

2023. Vi legg til grunn ytterlegare prisnedgang i 2025 jf. prognose per oktober; 64 øre/kwh + nettleie 35 øre+, ekskl.mva.

- Av inntektene frå eigedomsskatt blir 60% av eigedomsskatt frå bustader og fritidsbustader avsett til eigedomsskattefond jf. handlingsregel i KS˚58/22. Bruk av fondet til nærings˚ og utviklingsformål er budsjettert som vist i vedlegg.
- For legeteneste ligg det inne 4. lege, jf. vedtak i økonomiplanen 2024. Det er lagt til grunn tilsetjing i 8.2˚avtale (som sjølvstendig næringsdrivande) frå september 2025, der kommunen får og beheld basistilskotet.
- Generell prisvekst er fordelt på tenestene med 3,5%, som er elementet for prisvekst for varer og tenester i den "kommunale deflatoren» som er fastsett i statsbudsjettet for 2025.

**Finans:**

- Renteutgifter og avskriving er rekna ut med bakgrunn i eksisterande investeringar, lån og investeringsbudsjett i økonomiplanperioden. Vi har lagt til grunn rentesats i planperioden på 4,88%, 4,1%, 3,7% og 3,9% i planperioden (mot 4,95%, 4,35% og 4,28% for 2025˚2027 i fjorårets økonomiplan). Grunnlaget er Kommunalbanken og/eller Norges Bank sine sist publiserte budsjettrenter 23.9.2024. Vi har lagt til grunn at lån blir teke opp i 2. halvdel av året.
- Renteinntekter er budsjettert i forhold til forventa likviditet i bank og budsjettrenter av 23.9.2024 frå Norges Bank, og forventa renteinntekter på ansvarleg lån og startlån˚utlån.
- Avdraga er basert på avdragsplan vidareført frå økonomiplan 2024˚2027. Bakgrunnen er nedbetalingsplan for låna til kommunen og estimerte avdrag ut frå investeringsplanen, med ein viss margin. Budsjetterte avdrag er høgare enn kommunelova sine krav om minsteavdrag.

**Bruk og avsetjing til bundne fond:**

- Sjølvkostområda er budsjettert i null med saldering mot bundne sjølvkostfond. Det omfattar områda vatn, avløp, renovasjon, feiing, byggjesak og private planer, spreidd avløp og oppmåling. Basert på vedtak i økonomiplanen 2022 og vidare skal desse områda ha full kostnadsdekking av gebyr, inkl. den delen av renter og avdrag som er knytt til sjølvkostområda. Vi viser til oversikt under tekniske tenester.
- På dei sjølvkostområda der fondet er tomt, er det lagt til grunn å ta nødvendig auke over noko lengre tid. Områda må “låne” frå disposisjonsfond. Det gjeld private plansaker og bygge˚ /delesak. Det er lagt til grunn at nødvendig gebyrauke og inndekning blir gjort seinare år (etter denne planperioden).
- Andre bundne inntekter, som øyremerka tilskot og tilhøyrande ekstra kostnader og avsetjingar, er i liten grad innarbeida i økonomiplanen. Det er berre gjort i den grad kommunen har fått tilsegn på middel av betydning, på særskilte område der tilsagnet har verknad for kommuneøkonomien netto.

## Økonomiske utfordringar i planperioden

Den økonomiske situasjonen for kommunen er krevjande. Vi har drege med oss ein ubalanse i drifta frå tidlegare år med 15,8 mill.

Utgiftene til kommunen dei siste åra har vore aukande, bl.a. ved sterk lønsvekst som følgje av fleire tilsette, og auka kapitalkostnader etter investeringar. Auken i overføringane frå staten dekker ikkje dei auka kostnadene. Kommunestyret har lagt vekt på å sikre ein god og føreseieleg økonomisk ramme for tenestene i kommunen, og valde å ikkje kutte vesentleg i tenestene. Kommunestyret vedtok i fjor å auke eigedomsskatten frå 3 til 4 promille og med det auke inntektene, og for øvrig bruke oppsparde midlar (fond) for å dekke dei auka kostnadene. Bruken av oppsparte midlar i økonomiplanperioden tærer sterkt på reservane til kommunen.

Med bakgrunn i dette er investeringsplanen for "generaløkonomien" i økonomiplanen for 2025˚2028 halde på eit lågt nivå og gjev reduserte kapitalutgifter for denne delen av verksemda. Det er planlagt store investeringar på sjølvkostområda vatn og avløp, noko som inneber at sjølvkostområda får høgare kapitalkostnader (renter og avdrag/avskrivingar) framover. I og med at sjølvkostområda skal vera 100% finansiert av gebyr over tid, er desse områda saldert i null i budsjettet mot gebyrinntekter og eigne bundne sjølvkostfond.

Underdekninga etter dette var 13,1 mill. for 2025, og for påfølgande år 10,65 mill., 5,5 mill. og 5,9 mill.

## Nye styrkingstiltak og tiltak for å balansere budsjettet

Av omsyn til den økonomiske situasjonen har det vore streng prioritering og innsparingar ved avslutninga av økonomiplanen for 2025˚2028.

Det er prioritert følgande styrking:

- 150` til utstyr i barnehagane (2025).
- 100` til velferdsteknologik knutepunkt
- 136` til digitale tavler i skulane (2025)

Økonomiplanen er balansert ved:

- Enkelte innsparingstiltak i tenestene. Vi viser til nærare omtale under tenesteområda.
- Auke i eigedomsskatt frå og med 2028 etter omtaksering i 2027. Dette enkelttiltaket er av størst beløpsmessig betydning for å balansere planperioden. Eigedomsskattetaksten skal i tråd med regelverket stå fast i 10 år, og kommunen kan omtaksere i 2027, med verknad for 2028˚, for å koma ajour med prisvekst i dei 10 åra som har gått sidan forrige taksering. Det er lagt inn 800` til omtakseringsutgifter i 2027, og auka inntekter med 9 mill. i 2028, basert på gjennomsnittleg prisstigning siste 10 år for dei bygga som var med i taksering i 2017.

- Å belaste byggelånsrenter for utbyggingsavtale˚finansierte prosjekt på investeringsprosjektet, og slik legge opp til at desse blir dekka av utbyggingstilskot framover. Dette lettar driftsbudsjettet for 900`, 175`, 500`og 500` i planperioden.
- I tillegg til reduksjon i eigne tenester, har kommunestyret ikkje godkjent auke i årsverk hjå IKT Valdres IKS (350` årleg for vår kommune).
- Bruke av disposisjonsfond dei fyrste to åra, med 6,827 mill. og 3,369 mill. Dei to siste åra føre tilbake til fondet 2,404 mill. og 7,463 mill.

# Økonomisk utvikling i planperioden

## Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter

| Tabell | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | KOSTRA 2022 | KOSTRA 2023 | Budsjett 2024 | Økplan 2025 | Økplan 2026 | Økplan 2027 | Økplan 2028 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Øystre Slidre kommune | 1,2 % | 6,4 % | 4,2 % | 0,3 % | ˚2,5 % | 0,7 % | 1,8 % | 4,9 % | 5,4 % |
| Handlingsregel | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % |

Vi har ikkje budsjettert å halde kommunen sin handlingsregel for 2025. For dei påfølgande åra er det budsjettert betra netto driftsresultat. Hovudårsak til det er vesentleg auka inntekter (tilknytningsgebyr) og overskot på sjølvkostområda vatn og avløp, etter større utbyggingar dei næraste åra.

| Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| År | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter | 1,80 % | 6,60 % | 3,20 % | 1,23 % | 6,35 % | 4,16 % | 0,32 % | -1,68 % | 0,68 % | 1,82 % | 4,92 % | 5,39 % |
| Handlingsregel | 3,00 % | 3,00 % | 3,00 % | 3,00 % | 3,00 % | 1,75 % | 1,75 % | 1,75 % | 1,75 % | 1,75 % | 1,75 % | 1,75 % |
| Sum driftsinntekter (heile 1.000 kr) | 298 949 | 333 002 | 342 616 | 349 617 | 387 355 | 435 505 | 455 211 | 465 709 | 488 828 | 495 254 | 513 875 | 527 991 |
| Netto driftsresultat i 1.000 kr (+ er pos) | 5 381 | 21 978 | 10 964 | 4 306 | 24 596 | 18 115 | 1 455 | -7 828 | 3 309 | 9 024 | 25 264 | 28 433 |
| Netto driftsresultat ved handlingsregel | | | | 6 118 | 6 779 | 7 621 | 7 966 | 8 150 | 8 554 | 8 667 | 8 993 | 9 240 |
| Differanse | | | | | | 10 494 | -6 511 | -15 978 | -5 245 | 357 | 16 271 | 19 193 |

## Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter




| Tabell | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | KOSTRA 2022 | KOSTRA 2023 | Budsjett 2024 | Økplan 2025 | Økplan 2026 | Økplan 2027 | Økplan 2028 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Øystre Slidre kommune | 14,6 % | 13,1 % | 16,4 % | 16,2 % | 12,7 % | 11,5 % | 11,0 % | 11,6 % | 14,2 % |
| Handlingsregel | 20,0 % | 20,0 % | 20,0 % | 20,0 % | 20,0 % | 20,0 % | 20,0 % | 20,0 % | 20,0 % |

Oversikta ovanfor viser korleis disposisjonsfondet vil bli rekna av SSB/Kostra.

Kommunen har som langsiktig handlingsregel at disposisjonsfonda utanom kraftfond skal utgjera minst 20% av sum driftsinntekter (tidlegare 12,5%). Nedanfor ser vi utviklinga i disposisjonsfond (fri egenkapital drift) utanom kraftfondet. Kommunen ligg vesentleg under ønska nivå, og det vil ta lengre tid enn denne planperioden å koma dit. I åra 2025 og 2026 planlegg kommunen å tære på disposisjonsfond. Ein vesentleg del av bruk av fond som følge av at utgiftene er større enn inntektene i generaløkonomien.




Disposisjonsfonda utanom kraftfondet består av ordinært disposisjonsfond, eigedomsskattefond (til bruk for næringsutvikling mv.) og flyktningefond. Til fråtrekk kjem dei negative sjølvkostfonda for private planforslag og bygge˚/delesak, som må låne av disposisjonsfondet fram til inndekning over sjølvkostgebyra.

Kommunens kraftfond har eigen handlingsregel. I gjeldande kraftreglement (KS˚34/22) vart det vedteke at kraftfondet ikkje skal nyttast inn i drifta før det har nådd 53 mill.+indeksregulering, med unntak av eit fast beløp (vel 7 mill.kr) som skal budsjetterast inn i drift. Det vart bestemt å bygge opp kraftfondet for å ta høgde for den høgare risikoen kommunen har ved gjeldande forvaltningspraksis. Kraftresultatet kan svinge mykje opp og ned frå år til år og enkelte år kan det bli negativt.

Nedanfor ser vi utviklinga i behaldninga på dei frie fonda til kommunen ut frå budsjettet i planperioden.

| Fri egenkapital drift | Bruk | Sum | Saldo 31.12.25 B | Saldo 31.12.26 B | Saldo 31.12.27 B | Saldo 31.12.28 B |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Fri egenkapital drift med ordinær handlingsregel og fratrekt akk.premieavvik** | **-13 246** | **-10 301** | **52 790** | **47 116** | **48 783** | **60 508** |
| **Fri egenkapital drift med ordinær handlingsregel** | **-13 246** | **-10 301** | **52 790** | **47 116** | **48 783** | **60 508** |
| **Fri egenkapital drift** | **-13 246** | **-10 301** | **60 560** | **58 087** | **62 955** | **77 881** |
| 2560100 Disposisjonsfond | -5 466 | -10 066 | 36 582 | 33 213 | 35 617 | 43 080 |
| 2560106 Disposisjonsfond eigedomsskatt | -200 | 4 400 | 7 568 | 7 297 | 8 193 | 14 089 |
| 2560108 Disposisjonsfond flykningtenesta | -7 580 | -5 424 | 9 119 | 7 565 | 6 411 | 5 257 |
| 2560302 Disp fond (neg) sjølvkost pr.plan/ bygge-/delesak | - | 789 | -479 | -959 | -1 438 | -1 918 |
| 2569936 Disposisjonsfond kraftsal | - | - | 7 770 | 10 971 | 14 172 | 17 373 |

## Netto lånegjeld i % av sum driftsinntekter




Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (eksklusive pensjonsplikter) etter fråtrekk av totale utlån og unytta lånemiddel. I totale utlån inngår formidlingslån og ansvarlege lån (utlån av eigne middel). Dette nøkkeltalet er valt fordi det er dette som utgjer den viktigaste renterisikoen for kommunen. Vi må betale renter og avdrag av totale lån, men det er renteinntekter på utlån, og vi skal normalt ha lite ubrukte lånemiddel, då vi skal trekke frå desse når vi tek opp nye utlån (jf. finans˚ og gjeldsreglementet).

Som vi ser ovanfor har vi i for planperioden budsjettert å vera godt innanfor kommunen sin handlingsregel om at netto lånegjeld for generaløkonomien skal ligge under 50% av sum driftsinntekter. Dette vil ev. endre seg dersom kommunen på eit tidspunkt vel å gjera større investeringar som ikkje går fram av økonomiplanen sin investeringsplan.

# Kommunen sine tenesteområde

*Foto: Jostein Aanestad*

# Kommunedirektør - fellesområde

## Driftsbudsjett

*Beløp i 1000*

### Fordeling på eining (tabell)

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Politisk leiing og kontrollorgan | 2 943 | 2 885 | 3 175 | 3 059 | 3 059 | 3 039 | 2 979 |
| Kommunedirektør felles | 2 973 | 9 631 | 4 114 | 8 502 | 8 452 | 8 502 | 8 452 |
| Stab | 16 236 | 18 813 | 19 112 | 18 531 | 17 965 | 17 850 | 17 850 |
| Kraftforvaltning | ˚12 332 | ˚11 372 | ˚11 372 | ˚10 920 | ˚10 920 | ˚10 920 | ˚10 920 |
| Ramme og skatt | ˚267 170 | ˚293 422 | ˚293 422 | ˚310 540 | ˚310 140 | ˚309 140 | ˚318 940 |
| Renter og avdrag | 11 697 | 23 992 | 21 032 | 23 683 | 21 614 | 16 236 | 16 680 |
| Pensjon mv. felles | ˚30 254 | ˚21 365 | ˚21 305 | ˚18 814 | ˚14 523 | ˚8 083 | 1 576 |
| **Sum** | **-275 907** | **-270 838** | **-278 667** | **-286 499** | **-284 494** | **-282 517** | **-282 324** |

## Samandrag budsjett

### Budsjettendringar:

Budsjettrammene er endra frå 2024 til 2025 med ei rekke konsekvensjusteringar som er gjort greie for i økonomiplan˚notat nr. 3, m,.a. prisjusteringar og vedtak kommunestyret har gjort gjennom året. Innsparingstiltak, nye tiltak og andre endringar av betydning er omtala nedanfor:

Politisk leiing og kontrollorgan:

- Innsparingstiltak politisk arbeid ˚ ned 0,1 mill.
- Kontrollutvalet / revisjon er teke ned med 0,18 mill., slik at budsjettposten ikkje tilsvarer vedtaket i kontrollutvalet men er deflatorjustert i forhold til budsjett vedteke i økonomiplanen for 2024.

Kommunedirektør ˚ felles:

- Budsjettert lønnsvekst i 2025 er budsjettert sentralt her med ca. 4,2 mill. i 2025, medan tilsvarande post 2024 er fordelt ut til tenestene i revidert budsjett.

Stab:

- Lærling redusert med 0,9 mill., og økonomi˚ og HR˚stilling opp med 0,6 mill., netto ned på på stillingar med 0,3 mill. Vesentleg del av auken i økonomistillinga er finansiert av auka inntekter.
- Porto redusert 0,1 mill. etter auka digital utsending.

Kraftforvaltning:

- Kraftutbytte redusert med 0,5 mill., til eit meir normalt nivå. I 2024 fekk vi ekstraordinært høgt utbytte frå våre eigarpostar i kraftselskap, etter dei høge kraftprisane åra før.

Ramme og skatt:

- Skatte˚ og rammeinntekter er auka med ca. 17,4 mill., jf. KS prognosemodell etter statsbudsjettet for 2025 og budsjettavtalen mellom regjeringspartia og SV.
- Eigedomsskatt er teke ned med 0,3 mill. basert på prognosar oppdatert oktober 2024.

Renter og avdrag:

- Netto renteutgifter er ned 1,2 mill., i hovudsak som følge av lågare rentesats.
- Avdrag er auka med 3 mill., jf. vidareføring av plan frå 2024.
- Sjølvkostområda finansierer 0,9 mill. mindre i 2025 enn i budsjettet for 2024, grunna lågare rentesats og forsinka investeringsprosjekt VA.

Pensjon mv. felles:

- På dette fellesområdet har vi budsjettert med 2,8 mill. redusert inntektsføring / auka kostnad i forhold til 2024. Samla pensjonskostnad består av ein del som er betalt premie til KLP og SPK, og som blir fordelt ut på tenestene. Og ein del "premieavvik" som blir inntektsført her sentralt. Inntektsføringa er i tråd med kommunelova sine reglar for rekneskapsføring av pensjon. Kort fortalt kostnadsfører kommunen mindre pensjon enn det vi betaler i pensjon, og forskjellen blir ført opp som fordring i balansen.

## Innsparingstiltak

**Bruk av ubundne fond for saldering av økonomiplanen for 2025-**
Økonomiplanen for 2025 og 2026 er saldert med bruk av oppsparte midlar, 6.827` og 3.369`. Det er lagt til grunn tilbakeføring /styrking av fondet i 2027 og 2028 med 2.404` og 7.463` etter innsparingar og auka eigedomsskattinntekt .

**Byggjelånsrenter for investeringar som skal finansierast med utbyggingsavtale-midlar - frå drift til investering**
Investeringsprosjekt som skal finansierast av utbyggingsavtale˚midlar har vorte forskottert av kommunen, og rentene under byggetida vore dekka over generaløkonomien.

Kommunen kan i staden føre byggjelånsrentene på investeringsprosjektet, og legge til grunn at også desse blir finansiert av utbyggingsavtale˚midlar. Å betalte byggjelånsrentene på investeringsprosjekta er vanleg praksis og i tråd med regelverket (bl.a. for sjølvkostområder).

For komande økonomiplanperiode gjeld det investeringsprosjektet Finntøppvegen˚Tjednbakkvegen˚ Beitestølvegen. Dette utgjer ei innsparing for generaløkonomien på 900`, 175`, 500`og 500` for åra 2025˚2028. Vi legg til grunn at utbyggingsavtale˚inntektene til kommunen blir i eit slikt omfang at dei dekker desse auka kostnadene.

**Eigedomsskatt etter taksering 2027 -9000`**
Eigedomsskatt for alle eigedomar vart innført og taksert i 2017 med verknad for 2018. Vi har etter regelverket ikkje høve til å oppdatere takst/skatt med kostnadsvekst årleg. Taksten står fast i 10 år, før omtaksering kan skje. Fyrste omtaksering kan skje i 2027 med verknad for 2028. Legg vi til grunn konsumprisindeks i ein 10˚årsperiode (2014˚2024) på 36,6%, og at ein opprettheld eigedomsskatt på 4 promille på bustader og fritidsbustader, vil eigedomsskatt˚inntektene auke med ca. 9 mill. frå og med 2028. Dette er sjølvsagt eit usikkert overslag.

I forkant av dette må vi rekne med auka utgifter for takseringsarbeidet. I 2017 var kostnaden ca. 1.500`. Ved omtaksering vil arbeidet i stor grad vera kontorarbeid, då de meste av grunnlaget allerede er registrert. Vi har lagt til grunn ein kostnad på 800` i 2027 til nytaksering.

Det er budsjettert med at 60% av auken for bustader/fritidsbustader går til næringsutvikling i tråd med tidlegare prinsippvedtak. 4.600` er budsjettert som auka avsetning til eigedomsskattefondet, og tilsvarande er budsjettert som overføring til investeringsregnskapet, og bruk av eigedomsskatteinntekter (fond) til nærings˚ og utviklingsføremål.

**IKT Valdres IKS - ikkje godkjent auka årsverk - 350`**
IKT Valdres IKS sitt representantskap har vedteke økonomiplan for 2025˚2028 som inneber auke av 2 årsverk. KDU har vurdert at dette ikkje er nødvendig. Kommunestyret har ikkje godkjent auken av to årsverk.

**Kontroll og revisjon - kontrollutvalets forslag til auke ut over deflator (180`)**
Kommunestyret vedtok budsjettramme for kontrollutvalet 2025 som tilsvarer deflatorauke av opprinneleg budsjett 2024, kr 998.000. Dei godkjende ikkje budsjettet som kontrollutvalet la fram for 2025, og som er 179`høgare, totalt 1.177` (vi viser til vedlegg frå kontrollutvalet som fulgte budsjettsaka til kommunestyrets behandling, jf. forskrift om kontrollutvalg § 2.*Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjettet for kontrollarbeidet: Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet*

*i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.)*

**Lærling - reduser med 1 -150` for heilår**
Kommunen har ledig lærlingplass, og det har over tid vist seg vanskeleg å rekruttere. Budsjettposten vert redusert med verknad frå 1.8.2025.

**Politisk arbeid - reduksjon av kostnader (-100`)**
Kostnadene til politisk arbeid blir frå 2025 redusert ved å:

- kutte eitt kommunestyremøte i året (utgjer ca. 25` årleg).
- gå ned frå 21 til 17 kommunestyrerrepresentantar frå 2027. Dette vil gje innsparing med ca. 20` i 2027 og 80` i 2028. Tiltaket må handsamast som eiga sak i 2027.
- avslutte gratis mat på politiske møter mv., dvs. medlemmene kjøper mat i kantina eller tek med seg matpakke (ca. ˚75` årleg). Det er lagt opp til fortsatt servering i samband med kommunestyremøtet før jul og sommar og ved særskilte arrangement.

**Porto - reduksjon etter meir digital utsending (-90`)**
Porto˚utgiftene går ned etter auka digital utsending, og budsjettposten er teke ned med 90` årleg.

**Stab - auke utfakturering til IKS -40`**
Stab og økonomiavdeling yter tenester til to IKS. Stab/personalavdelinga ser at det blir ytt meir tenester bl.a. på personal enn lagt til grunn i budsjettet, og inntektsbudsjettet er auka med 40`.

**Økonomiavdelinga - reduser med eit årsverk frå mars-26 -690` for heilår**
I løpet av 2025 skal økonomiavdelinga implementere nytt økonomisystem, og vil i samband med dette legge opp meir automatiserte regnskapskontrollar, noko som vil effektivisere drifta med eit årsverk frå ein gong i 2026.

## Utfordringar og strategi

### *Analyser og utfordringar*

#### Kommunedirektøren sin internkontroll

Kommunen nyttar eit elektronisk internkontrollsystem. Dette er under stadig utvikling, og inneheld:

- Reglement/rutinar/prosedyrar (1008 dokument per november 2024)
- System for ROS˚analyser
- System for avviksmeldingar/˚handtering (inkl. ulykker/nestenulykker)
- System for varsling

Det er stadig auke i meldte avvik. Per 19. november ˚24 er det meldt 396 avvik (mot 345 avvik gjennom heile 2023). Ein vesentleg grunn til dette er at kommunen gjennom dei siste tre åra har hatt aukande merksemd på avviksrapportering/˚behandling og har gjennomført opplæringsrunder hjå dei tilsette.

Tal meldte avvik har utvikla seg slik dei siste fem åra:




Som ein del av kommunedirektøren sin internkontroll, skal tenesteleiarane følge opp og årleg rapportere status på dei risikofaktorane som har potensielt høg/alvorleg risiko/konsekvens (definert i oversikta nedanfor).

| Risikoar med høg alvorsgrad | Generelt | | Person | Ytre miljø | Økonomi/info | | | | GDPR |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Alvorlege lovbrot | Negative presse-oppslag | Død, uførheit mv. | Ulovleg forureining og miljøskade | Midlertidig stenging nærmiljø | Varig tap av bygg/ anlegg | Øk tap - kriminielle handlingar | Øk tap >100` | Avvik til Datatilsynet |
| **Helse og tilrettelagte tenester** | | | | | | | | | |
| **Legekontor, psykisk helse, helsestasjon** | | | | | | | | | |
| * Innbrudd ,tyveri av personopplysninger, medisin, hærverk utstyr | x | x | | | | | x | x | |
| * Tyveri av medisin, ansatte / pasienter | x | x | x | | | | x | | |
| * Trusler, vold og overgrep retta mot lege og andre tilsette | x | x | x | | | | x | x | |
| * Alvorleg feildiagnostisering, mangelfull behandling | x | x | x | | | | | | |
| * Personopplysningar på avveie/taushetsplikt | x | x | | | | | | | x |
| * Alvorlig krise/ ulykke med mange syke skadde | | x | x | | | | | x | |
| **Brennebakkin** | | | | | | | | | |
| * Brann | | x | x | | x | x | | x | |
| * Alvorleg feilmedisinering | x | x | x | | | | x | x | |
| * Trusler, vold og overgrep retta mot tilsett | x | x | x | | | | x | | |
| * Personopplysningar på avveie/taushetsplikt | x | x | | | | | | | x |
| * Alvorlege svikt i tenesteyting grunnet bemanning og kompetanse | x | x | x | | | | | | |
| * Brukarar som er sakna frå bustad | x | x | x | | | | | | |
| **Arbeid og aktivitet** | | | | | | | | | |
| * Brann | | x | x | | x | x | | x | |
| * Alvorlige ulykker i arbeid, bruker og ansatte | | x | x | | | | | x | |
| * Trusler, vold og overgrep både retta mot brukar og tilsett | x | x | x | | | | | x | |
| * Brukarar som er sakna forsvinner frå arbeid | | x | x | | | | | x | |

| Risikoar med høg alvorsgrad | Generelt | | Person | Ytre miljø | Økonomi/info | | | | GDPR |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Alvorlege lovbrot | Negative presse-oppslag | Død, uførheit mv. | Ulovleg forureining og miljøskade | Midlertidig stenging nærmiljø | Varig tap av bygg/ anlegg | Øk tap - kriminielle handlingar | Øk tap >100` | Avvik til Datatilsynet |
| **Kommunedirektør, stab og økonomi:** | | | | | | | | | |
| * personopplysningar på avveie | x | x | | | | | x | x | x |
| * feilutbetalingar | x | x | | | | | x | x | |
| * vesentleg feil i årsregnskapet kan medføre feil | x | x | | | | | x | x | |
| * alvorlege fristbrot | | x | | | | | | x | |
| **Opplæring og kultur:** | | | | | | | | | |
| **Barnehagar** | | | | | | | | | |
| * vold og overgrep av barn | x | x | x | | | | x | x | |
| * truslar, vold og overgrep av vaksne utført av vaksne | | x | x | | | | | x | |
| * alvorleg mobbing og trakassering av barn | x | x | x | | | | | x | |
| * personulykker | x | x | x | | | | | x | |
| * brann | x | x | | | x | x | | x | |
| * barn som blir bortført | | x | x | | | | | | |
| * personopplysningar på avveie | x | x | | | | | x | x | x |
| **Grunnskulen og kulturskulen** | | | | | | | | | |
| * truslar, vold og overgrep | x | x | x | | | | | x | |
| * alvorleg mobbing og trakassering | x | x | x | | | | | x | |
| * alvorleg manglar i opplæringa | x | x | x | | | | | x | |
| * personulykker | | x | x | | | | | | |
| * terrorhending, vold og truslar | x | x | x | | | | | | |
| * personopplysningar på avveie | | x | | | | | | | x |
| * brann | x | x | x | | x | x | | x | |
| * bortføring av elevar | | x | x | | | | | | |
| **Kultur:** | | | | | | | | | |
| * misbruk av barn og unge | x | x | x | | | | | x | |
| **Helse og omsorg:** | | | | | | | | | |
| * alvorleg feilmedisinering | x | x | x | | | | x | x | |
| * alvorleg feildiagnostisering, mangelfull behandling og | | x | x | | | | x | x | |
| * trusler, vold og overgrep både retta mot brukar og tilsett | x | x | x | | | | x | | |
| * tjuveri av medisin | x | x | | | | | x | x | |
| * personopplysningar på avveie/taushetsplikt | | x | | | | | | x | x |
| * brann, større fare for alvorleg konsekvens på natt | | x | x | | x | x | | x | |
| * alvorlege fristbrot i saksbehandling | | x | | | | | | x | |
| * alvorlege svikt i tenesteyting | x | x | x | | | | | | |
| * brukarar/pasientar som er sakna frå kommunale bustader/institusjon | | x | x | | | | | | |
| * Straumbrot bustader | | x | x | | | | | | |
| * defekt aggregat på helsetunet | | x | x | | | | | x | |
| **Tekniske tenester:** | | | | | | | | | |
| **Teknisk drift:** | | | | | | | | | |
| * forurensning av drkkevatn | x | x | x | x | x | | | x | |
| * avløp på avveie | x | x | x | x | x | | x | x | |
| * brann | x | x | x | | x | x | | x | |
| **Næring plan og byggesak:** | | | | | | | | | |
| * korrupsjon | x | x | | | | x | x | | |
| * alvorlege fristbrot | x | x | | | | | | x | |
| * tillatelse til å bygge ned særs viktig naturområder | | x | | x | | | | x | |
| * alvorlige ulykker ved synfaring | | x | | | | | | | |
| * Personopplysningar på avveie | | x | | | | | | x | x |
| * Tillatelse til deling av eigedom som ikkje skulle vore delt | x | x | | | | | | | |
| * Trakassering av ansatte frå publikum | | x | | | x | | | | |

## Sjukefråvær oppfølging

Kommunen hadde t.o.m. 2. tertial 2024 eit sjukefråvær totalt på 10,3 %. Sjølv om dette framleis er høgt, er dette ein reduksjon på 1,3 prosentpoeng frå tilsvarande periode i 2023, og er også lågare enn fråværet i 2022.

Det har vore ein ytterlegare reduksjon i sjukefråværet gjennom september og oktober. Det kan sjå ut som dei tiltaka kommunen har sett inn for å redusere sjukefråværet har hatt god effekt, men det er for tidleg å trekke ein endeleg konklusjon. Målet (10˚på˚topp) er ein reduksjon på 2 prosentpoeng i 2024.

## Måltabell

| Hovudmål | Delmål | Indikator |
|---|---|---|
| Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk. | Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen. | Rutinar |
| | Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen. | Innanfor budsjett |
| | Alle: Vi skal vera ein attraktiv arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, og skal redusere sjukefråværet med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023. | Sjukefråvær redusere med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023 (1=ja, 2=nei) |

## Kostra-analyse

| Prioritet | Øystre Slidre 2022 | Øystre Slidre 2023 | Kostragruppe 04 | Landet uten Oslo |
|---|---|---|---|---|
| Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **) | 6 181 | 6 125 | 6 327 | 4 900 |
| Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **) | 197 | 199 | 281 | 144 |
| Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **) | 534 | 570 | 764 | 512 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

Kommunen har administrative utgifter omlag på snittet i kostra˚gruppe 04, men ein god del høgare enn landet utan Oslo. Det er vanskeleg å vite kva som er årsaken til dette. Vi veit at det er stor variasjon i korleis kommunane fordeler utgifter til administrasjon og tenestefunksjonar.

Kommunen har i 2023 brukt mindre til kontroll og revisjon enn gjennomsnittet i kostra˚gruppa, men meir enn landet utanom Oslo, vi ligg altså om lag midt på treet. Talet er om lag som året før.

Kommunen sine utgifter til politisk styring gjekk litt opp i 2023, etter nedgang i 2021 og litt inn i 2022 som følgje av koronaen. Kommunen ligg noko lågare enn kostragruppe 04 og høgare enn landet utanom Oslo.

# Opplæring og kultur

## Driftsbudsjett

*Beløp i 1000*

### Fordeling på eining (tabell)

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Felles opplæring og kultur | 8 574 | 7 932 | 7 949 | 6 867 | 6 646 | 6 646 | 6 646 |
| ØSUS | 13 003 | 13 884 | 14 375 | 15 720 | 15 695 | 15 495 | 15 495 |
| Rogne skule | 20 342 | 16 997 | 17 525 | 17 827 | 17 482 | 17 482 | 17 482 |
| Lidar skule | 15 188 | 15 363 | 15 932 | 16 989 | 16 944 | 16 944 | 16 944 |
| Rogne barnehage | 14 085 | 13 833 | 14 230 | 14 880 | 14 775 | 14 775 | 14 775 |
| Beito barnehage | 8 008 | 7 562 | 7 793 | 7 536 | 7 041 | 6 591 | 6 591 |
| Private barnehagar | 6 248 | 5 200 | 5 200 | 6 324 | 6 324 | 6 324 | 6 324 |
| Kulturavdelinga | 9 967 | 9 697 | 9 842 | 9 994 | 9 787 | 9 787 | 9 787 |
| Integreringstenesta | ˚0 | 0 | ˚150 | ˚0 | ˚0 | ˚0 | ˚0 |
| **Sum** | **95 415** | **90 467** | **92 695** | **96 136** | **94 693** | **94 043** | **94 043** |

## Samandrag budsjett

### Budsjettendringar:

Budsjettrammene er endra frå 2024 til 2025 med ei rekke konsekvensjusteringar som er gjort greie for i økonomiplan˚notat nr. 3, m.a. prisjusteringar og vedtak kommunestyret har gjort gjennom året. Innsparingstiltak, nye tiltak og andre endringar av betydning er omtala nedanfor:

Felles opplæring og kultur:

- Innsparing med 0,2 mill. for løyving som ikkje har vore nytta dei siste åra.

Skuler:

- Familehjelpen ved Rogne skule er avslutta og er teke ut med budsjettposten som var 0,55 mill.
- Det er lagt inn budsjett for digitale tavler til skulane i 2025 med tot. 136`.

Rogne barnehage:

- Reduksjon i eigenbetaling med vel 0,1 mill. Reduksjon i makspris i barnehagane får fullårseffekt i 2025.
- Nytt utstyr ˚ auka ramme med vel 0,1 mill.som følge av nytt tiltak.

Beito barnehage:

- Reduksjon i eigenbetaling med nær 0,1 mill. Reduksjon i makspris i barnehagane får fullårseffekt i 2025.
- Litt auka ramme for nytt utstyr, som følge av nytt tiltak.

Kulturavdelinga:

- Innsparingstiltak med totalt ca. 50`, som er omtala under innsparingstiltak (nedanfor)

Integreringstenesta:

- Integreringstenesta skal salderast i null mot flyktningefondet. Det er lagt til grunn at kommunen skal ta i mot 25 flyktningar i 2025. Inntekter og utgifter er budsjettert ut frå erfaringar 2024 og estimat.

Heile kommunen er involvert når det gjeld busetjing av flyktningar og kan ha ekstra kostnader knytt til dette. Nedanfor oppsummerer vi kva område som har budsjettert med slike kostnader og bruk av flyktningeinntekter /˚fond for å finansiere dei, og kva som i sum er budsjettert brukt og avsett til dette fondet gjennom planperioden. Vi vurderer det som viktig å ha noko oppsparte midlar på flyktningefondet til dei åra vi ikkje lengre har tilskott frå staten for flyktningane, men kanskje har ekstra utgifter, og til avviklingskostnader når busetjingsaktiviteten skal nedjusterast/avsluttast.

| Flyktningeøkonomi | 2 025 | 2 026 | 2 027 | 2 028 |
|---|---|---|---|---|
| **Flyktningetenesta:** | | | | |
| Inntekter | - 28 479 | - 26 608 | - 26 608 | - 26 608 |
| Utgifter | 16 742 | 17 495 | 17 495 | 17 495 |
| **Netto inntekter - avsetning til fond** | **- 11 737** | **- 9 113** | **- 9 113** | **- 9 113** |
| **Andre tenester:** | | | | |
| Utgifter og bruk av fond - KD | 200 | 200 | 200 | 200 |
| Utgifter og bruk av fond - OK | 1 516 | 1 516 | 1 516 | 1 516 |
| Utgifter og bruk av fond - HO | 7 820 | 7 870 | 7 470 | 7 470 |
| Utgifter og bruk av fond - TT | 1 082 | 1 082 | 1 082 | 1 082 |
| **Sum utgifter og bruk av fond andre ter** | **10 618** | **10 668** | **10 268** | **10 268** |
| **Netto avsetning til fond** | **- 1 120** | **1 555** | **1 155** | **1 155** |
| **Bruk av fond ved balansering ØP-25** | - | - | - | - |
| **Netto avsetning (-) / bruk (+) av fond** | **- 1 120** | **1 555** | **1 155** | **1 155** |
| **Flyktningefond saldo 31.12.** | **9 119** | **7 564** | **6 409** | **5 254** |

## Innsparingstiltak

**Barnehagar redusere overtid - 40`**
Barnehagane kan innføre gjennomsnittsberekning på arbeidstid. I dag blir det overtid ved for eksempel gjennomføring av møte på kveldstid. Ved gjennomsnittsberekning ligg mellom anna møtetider inne i den ordinær arbeidstida.

**Beito barnehage - redusere bemanning -900`(heilårsverknad)**
Bemanninga kan redusere med 100% stilling frå 1.8.2026 pga. redusert spesial˚pedagogisk behov. Dette er naturleg reduksjon av stilling etter oppbemanning då behovet vart meldt.

**Elev-pc på barneskulen -100`**
Vi kan redusere dekning med pc/ipad på dei yngste elevane. I dag har alle sin eigen pc eller IPad. Vi vil redusere med 30 iPad og 30 elev˚pc totalt på begge barneskulane.

**Kultur - kutte i mat og annonseutgifter - 30`**
Kommunen vil bruke sosiale media og plakatar i større grad og redusere bruk av annonser i avisa. Vi vil også bruke noko mindre til møtemat.

**Kulturskulen - kutte i vikarbruk - 20`**
Vi vil la vera å setja inn vikar ved kortare sjukdom i kulturskulen, noko som inneber at elevar ikkje får tilbod dei aktuelle dagane.

**Kulturskulen - kutte samspel folkemusikk**
Vi kan kutte samspelsgruppe på tvers av kommunane i Valdres. Dette er ei felegruppe i samarbeid med andre kommunar for å bygge miljø og rekruttere elevar til folkemusikk. Tiltaket er ikkje vedteke for 2025, men ligg inne frå 2026 med årleg reduksjon 21`.

**Kulturskulen - redusere kjøp av lærarar frå andre kommunar**
Vi kan redusere kjøp av lærarkrefter frå nabokommunane til kulturskulen. Nokon elevar får då lærar med lågare kompetanse og nokon får tilbod om gruppeundervisning. Bl.a. blir ikkje samspelgrupper av strykeelevar vidareført. Per i dag har vi ikkje elevar på dette tilbodet. Tiltaket er ikkje vedteke for 2026, men ligg inne frå 2026 med årleg reduksjon 126`.

**Kutte i ordninga sommarjobb for ungdom Furustrand**
Det er mogleg å kutte sommarjobb˚ordninga og bemanning av kiosk og utlån av utstyr. Vi vil i så fall undersøke om frivillige vil ta seg av dette tilbodet på Furustrand. Tiltaket er ikkje vedteke for 2025, men ligg inne frå 2026 med årleg reduksjon 60`.

**Leirskule**
Opplæringslova seier at kommunen skal tilby elevane leirskuleopphald eller anna skuletur med minimum tre samanhengande overnattingar. Til no har vi reist til Bjørnsund med fire overnattingar. Vi vil redusere budsjettramma frå og med 2027 og reise kortare med eit opplegg som stettar krevet i opplæringslova.

Opplæringslova seier: *"§ 4-6.Skoletur med overnatting: Kommunen skal som ein del av grunnskoleopplæringa tilby elevane leirskoleopphald eller annan skoletur med minst tre overnattingar i samanheng."*

Det er mange måtar å løyse dette lovkravet på, og samstundes gje elevane våre gode og lærerike opplevingar.

Vi vil lage eit godt fagleg opplegg  med tre overnattingar i nærområdet. Ein stor del av elevane har mindre kunnskap og erfaringar frå vårt nærområde. Eit opplegg i nærområdet vil kunne vera med å heve kompetanse om fjellet, kulturlandskapet vårt og gje ei større oppleving av å høyre til. Vi vil kunne jobbe aktivt med "rein naturglede" i skulane.

Kommunen ynskjer å ha leirskule for 7. klasse, slik det er meir vanleg å gjere andre stader, i staden for i 9. klasse slik det er her  no.  Denne endringa vil vera positiv i overgangen til ungdomsskulen.

Leirskulen vil dekke kompetansemål for 7. klasse, mellom anna at dei skal lære seg å bruke bær˚miljøet, ha aktivitetar innanfor friluftsliv, vurdere sikkerheit i uteaktivitetar og naturferdsel, og gjennomføre overnattingsturar og reflektere over eigne naturopplevingar.

For å få endra frå 9. klasse til 7. klasse treng vi å ha leirskule for to trinn to år på rad. Det er difor ikkje realistisk å redusere budsjettet i 2025 og 2026, men løysinga vil seinare gje innsparing og samtidig etter vår vurdering vera ei god ordning.

**Opplæring felles - redusere budsjett for skulemateriell, kurs og opplæring - 200`**
Budsjettposten har ikkje vorte brukt dei siste åra, men vore ein buffer på uforutsette kostnader, m.a. til kompetanseheving. Ved å redusere denne budsjettposten får vi moglegheit til å gjennomføre kompetanseheving, utan om det som er finansiert gjennom Rekomp˚ og Dekomp˚tilskot (eksterne kompetanse˚midlar til skulen).

**Rogne skule - redusere lærardekning med 40%**
Det er vurdert at vi kan redusere lærardekning ved Rogne skule med 40%. Dette vil bety noko redusert moglegheit for 2˚lærarsystem. Tiltaket er ikkje vedteke for 2025, men ligg inne frå 2026 med åreleg reduksjon 300`.

**Transportutgifter skule - aktivitetsdagar**
Kommunen kan redusere transportutgifter i samband med aktivitetsdagar i skulen. Det vil innebera å kutte fjelltur på hausten og skitur på vinteren der vi har bussutgifter, om ikkje t.d. FAU finansierer transportkostnadene. Skulane kan lage andre aktivitetar som kan bli gjennomført på skulen eller i nærområdet. Elevane vil ikkje få like mange turopplevingar og kjennskap til naturen i kommunen. Tiltaket er ikkje vedteke for 2025, men ligg inne som reduksjon frå 2026 med 75` kvart år.

## Nye tiltak

**Barnehagar - utstyr**
Det er gjeve 150`totalt til utstyr i barnehagane for 2025. Dette har vore meldt som ynskje lenge, og summen tilsvarar om lag den auka løyvinga som vart gjeve til barnehageformål i statsbudsjettet for 2025. Løyvinga er fordelt på dei to barnehagane ut frå barnetal /eigenbetaling˚

**Digitale tavler til skulene**
Skulane har meldt sterkt ynskje om fleire digitale tavler (19 til saman). Vi har ikkje funne rom for dette i økonomiplaneDet er lagt inn 136`til føremålet i budsjettet for 2025.

## Utfordringar og strategi

### *Analyser og utfordringar*

### A.1 Demografisk utvikling




Statistikken frå SSB syner ein nedgang i tal barn og unge fram mot 2050. Størst endring blir det i alderen 13˚15 år og 16˚19 år mellom 2030 og 2040. Aldersgruppene syner her talet i barnehagealder, barneskulealder, ungdomsskulealder og vidaregåandealder.

### A.2 Nasjonale og regionale utviklingstrekk

Frå 1. 8 .24 fekk grunnskulen ny opplæringslov. Opplæringslova har fått ein anna oppbygging, og noko anna innhald. For skulane vil endring av individuell tilrettelagt opplæring, tidlegare spesialundervisning, gje behov for endring av rutinar og forståing av lovkravet. Dette er eit arbeid skulane er i gang med både lokalt, men også regionalt. PPT er med i arbeidet.

I september 2024 la regjeringa fram stortingsmeldinga: «Ein meir praktisk skule. Betre læring, motivasjon og trivsel på 5. til 10. trinn» Tiltaket handlar om å gjere skulen meir praktisk retta for elevar på mellomtrinnet og ungdomsskulen. Målet er å auke læringa, motivasjonen og trivselen ved å inkludere meir praktiske aktivitetar i undervisninga. Nokon av forslaga er å innføre valfag på mellomtrinnet og gjere arbeidslivsfag obligatorisk på ungdomstrinnet, bytte ut nasjonale prøver med andre type kartleggingar og ha lokale skulemiljøteam.

“Kompetanse for framtidas barnehage” er revidert og gjeld fram til 2025. Her ligg det ei rekke tiltak for kompetanseheving både for heile personalgruppa og for enkelttilsette. Mange av tiltaka er kjende og i bruk frå før.

I regjeringa sin strategi, “Barnehagen inn i ny tid” har dei sett eit mål om at 60% av grunnbemanning i barnehagen skal vera barnehagelærarar innan 2030. Dette er sett på som eit svært ambisiøst mål.

## A.3 Lokale utviklingstrekk og utfordringar

Elevundersøkinga, Folkehelseoversikta og UngDataundersøkinga gjev oss til saman mykje informasjon om innbyggarane i aldersgruppa 10˚15 år i kommunen. Innanfor opplæring og kultur melder for mange at dei oppleve mobbing og utanforskap både på skulen og på fritida, inkl. digital mobbing. Mange melder også inn at dei ikkje trivast på skulen, og ugyldig fråvær aukar.

Øystre Slidre kommune sin oppvekstplan med handlingsdel er førande for arbeidet innanfor mange område av opplæring og kultur, og mange av tiltaka er iverksett. I denne økonomiplanperioden vil vi starte opp og erfare effekten av mottaksgruppe for flyktningebarn i skulealder, der målet er at elevane skal ha raskare progresjon i språkinnlæringa, slik at dei får eit funksjonelt språk så fort som råd. Dette er viktig for å bli integrert i lokalsamfunnet og ha eit godt utgangspunkt for læring i skulen.

Vi ser ei auke i born med behov for spesialpedagogisk hjelp i barnehagane. Vi har lykkast i å rekruttere tilsette med kompetanse innanfor spesialpedagogikk og vi har opplæring for tilsette. Barnehagane er no betre dekt med barnehagelærarar enn tidlegare år.

Rekruttering: innanfor opplæring og kultur er det grunnskulelærarar og barnehagelærarar det er vanskelegast å rekruttere. I løpet av økonomiplanperioden vil fem tilsette utdanne seg som barnehagelærarar, noko som er svært positivt.

Øystre Slidre kommune har ikkje barnehagelærardekning etter de nasjonale målet i 2030.

Innanfor vaksenopplæringa, skuletilbodet på Beitostølen helsesportsenter og kulturskulen er det greit å rekruttere inn personell.

Kultur skal famne eit breitt tilbod til barn, unge og vaksne. Med nye tilbod når vi andre ungdom enn med dei meir tradisjonelle aktivitetane, og vi oppleve ein vekst i aktivitet. Det er god søknad til kulturskulen. Det er eit satsingsområde å kunne tilby møteplassar, kulturelle opplevingar og variert tilbod for innbyggarane i kommunen.

Kulturskulen skal tilby opplæring og ulike aktivitetstilbod i ulike kunst og kulturfag. Kulturskulen skal ivareta tradisjonane våre, men også utforske og utvikle tilboda sine i takt med samfunnsendringar og trendar på kulturfeltet. Tendensen er no at fleire elevar søkjer seg til gruppetilboda, kunst og teaterfag, og at det er nedgang i elevar som får individuell undervising i musikkfag. Gruppetilboda er rimelegare enn individuelle timar.

Flyktningområdet: Det viktigaste tiltaket er å få vaksne ut i jobb, slik at dei kan meistre eige liv. Dette er eit krevjande arbeid når vi har busett 155 personar dei siste tre åra. Likevel ser vi at arbeidet nyttar, og vi har funne ein arbeidsform vi har tru på også vidare.

Fellesrådet har sendt inn budsjettinnspel med høgare budsjettramme for 2025 enn deflatorjustering. Kommunen har bedt fellesrådet om å finne tiltak for å balansere budsjettet. Eitt av tiltaka er å auke gravfesteavgifta, som har vore fast i fleire år, utan indeksregulering. No har kyrkjeleg fellesråd i Øystre Slidre i sak 16/24 tilrådd at kommunen innfører ei auka flat festeavgift, og ber også om at kommunen vedtek å indeksregulere avgiftene årleg. Endringa av festeavgifta er heimla i gravplasslova § 14, og

kommunestyret har mynde til å fastsetje festeavgifta. Kommunen har i samråd med kyrkjeverge lagt fram forslag om auke av festeavgifta til kr 400,˚ per år per grav.

### *Kvalitetsvurdering*

Miljøretta helsevern: i 2024 kom vi godt i gang med godkjenning av barnehagar og skular. Miljøretta helsevern Hallingdal og Valdres gjennomføre arbeidet i samarbeid med rektorane, styrarane og tekniske tenester. I 2025 vil vi rette opp nokon påbod, slik at alle barnehagane og skulane er godkjende.

Kartleggingar i skulen, som kartleggingsprøver 1.˚3. kl. og nasjonale prøver på 5., 8. og 9. trinn er ein del av vurdering av det faglege nivået. Elevundersøkingane som alle elevar i 5.˚10. trinn gjennomføre gir oss mellom anna eitt avgrensa bilde av det psykososiale miljøet.

I 2025 skal vi gjennomføre medarbeiderundersøkinga, 10˚faktor.

## Måltabell

| Hovudmål | Delmål | Indikator |
|---|---|---|
| Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk. | Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen. | ROS˚analyser (1=ok, 2=ikkje ok) |
| | | Rutinar |
| | Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen. | Innanfor budsjett |
| | Alle: Vi skal vera ein attraktiv arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, og skal redusere sjukefråværet med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023. | Sjukefråvær |
| | | Sjukefråvær redusere med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023 (1=ja, 2=nei) |
| | Opplæring og kultur: 90% av dei som avslutta introduksjonsprogrammet og er arbeidsføre skal vera i jobb eller utdanning etter eitt år. | Prosentandel av arbeidsføre |
| | Opplæring og kultur: Alle barnehageforeldre skal oppleve å bli ivareteke på ein god måte, få informasjon om sitt barn i kvardagen og få vidareutvikle foreldrekompetansen. | Foreldrekompetanse: foreldreskulen er tiltak for å heve foreldrekompetansen. Blir målt i prosentvis oppmøte |
| | | Foreldreundersøkinga: Barnehagen jobbar for å sikre foreldra si medvikning |
| | | Foreldreundersøkinga: Eg har inntrykk av at barnet mitt trivst i barnehagen |
| | | Foreldreundersøkinga: oppleve at barnet mitt føler seg trygg på personalet |
| | Opplæring og kultur: Alle elevar skal ha eit godt, trygt og inkluderande læringsmiljø. | Elevunders. 10. trinn ˚ Elevdemokrati og medvirkning |

| Hovudmål | Delmål | Indikator |
|---|---|---|
| | | Elevunders. 10. trinn ˚ Felles regler |
| | | Elevunders. 10. trinn ˚ Læringskultur |
| | | Elevunders. 10. trinn ˚ Mobbet av andre elever på skolen |
| | | Elevunders. 10. trinn ˚ Støtte fra lærerne |
| | | Elevunders. 10. trinn ˚ Trivsel |
| | | Elevunders. 7. trinn ˚ Elevdemokrati og medvirkning |
| | | Elevunders. 7. trinn ˚ Felles regler |
| | | Elevunders. 7. trinn ˚ Læringskultur |
| | | Elevunders. 7. trinn ˚ Støtte fra lærerne |
| | | Elevunders. 7. trinn ˚ Trivsel |
| | Opplæring og kultur: Alle ungane i barnehagen skal ha minst ein å vera i lag med. | Foreldreundersøkinga: Eg har eit inntrykk av at mitt barn har vener i barnehagen |
| | | Sosiogram ˚ løpande observasjon (1=ok, 2= ikkje ok) |
| | Opplæring og kultur: Barnehagane skal gjennomføre kompetansehevingstiltak for alle tilsette. | Prosent av tilsette som deltek |
| | Opplæring og kultur: Elevane skal ha ei god fagleg utvikling. | Nasjonale prøver 8. trinn: Lesing |
| | | Nasjonale prøver 8. trinn: Regning |
| | | Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing |
| | | Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing, mestringsnivå 1 |
| | | Nasjonale prøver 9. trinn: Regning |
| | | Nasjonale prøver 9. trinn: Regning, mestringsnivå 1 |
| | Opplæring og kultur: Kvar pedleiar skal årleg dele sin kunnskap med andre tilsette i barnehagen på avdelingsmøte. | Prosent av totalt antal pedleiarar |
| | Opplæring og kultur: Vi skal ikkje ha pedagogiske leiarar på dispensasjon | Årsverk på dispensasjon |

## Kostra-analyse

| | Øystre Slidre 2022 | Øystre Slidre 2023 | Kostragruppe 04 | Landet uten Oslo |
|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | |
| Andre kulturaktiv. og tilsk. til andres kulturbygg brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) | 596 | 567 | 698 | 615 |
| Barnehage nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent) | 10,0 % | 10,7 % | 11,6 % | 14,2 % |
| Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (215) Skolefritidstilbud (B) *) **) | 409 | 429 | 756 | 1 074 |
| Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner *) | 1 696 | 2 291 | 2 910 | 3 116 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (231) aktivitetstilbud barn og unge (B) *) **) | 224 | 260 | 163 | 249 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (370) bibliotek (B) *) **) | 375 | 398 | 431 | 344 |
| Netto driftsutgifter per innbygger 1˚5 år i kroner, barnehager *) **) | 193 122 | 230 287 | 234 977 | 214 463 |
| Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6˚15 år *) **) | 119 672 | 147 126 | 128 645 | 114 945 |
| Netto driftsutgifter til kommunale musikk˚ og kulturskoler, per innbygger 6˚15 år *) | 6 302 | 7 059 | 5 051 | 3 323 |
| Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6˚ 9 år *) **) | 5 838 | 7 238 | 11 784 | 13 582 |
| Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter | 1,4 % | 1,3 % | 1,2 % | 1,0 % |
| Skolelokaler brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent) | 3,0 % | 2,7 % | 2,4 % | 2,7 % |
| Skoleskyss brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent) | 0,6 % | 0,6 % | 0,5 % | 0,3 % |
| **Produktivitet** | | | | |
| Driftsutgifter til undervisningsmateriell (202), per elev i grunnskolen *) | 2 641 | 2 767 | 2 482 | 2 167 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk˚ og kulturskoler, per bruker *) | 21 155 | 24 434 | 26 506 | 26 983 |
| Korrigerte brutto driftsutgiftertil grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev *) | 190 492 | 206 506 | 180 908 | 153 393 |
| **Dekningsgrad** | | | | |
| Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk˚ og kulturskole, av barn i alderen 6˚15 år | 4,2 % | 2,7 % | 1,6 % | 3,3 % |
| Andel elever 6˚15 år i kommunens kulturskole, av antall barn 6˚ 15 år (B) | 35,7 % | 31,4 % | 19,3 % | 13,0 % |
| Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning | 10,0 % | 11,1 % | 9,9 % | 8,1 % |
| Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring | 4,9 % | 6,6 % | 5,6 % | 5,9 % |
| Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn (prosent) | 92,6 % | 83,9 % | 74,7 % | 85,8 % |
| Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt | 32,5 % | 23,1 % | 20,0 % | 18,6 % |
| Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger (B) | 5,2 | 4,6 | 3,4 | 2,5 |
| **Kvalitet** | | | | |
| Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent) | 35,9 % | 26,9 % | 40,9 % | 41,3 % |
| Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning | 90,6 | 85,1 | | |
| Elevunders. 10. trinn ˚ Trivsel | 4,0 | 3,6 | | |
| Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall) | 40,9 | 41,5 | 41,6 | 42,2 |
| Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.˚10.årstrinn | 10,2 | 9,6 | 10,9 | 12,5 |
| **Kommunekasse** | | | | |
| Korrigerte brutto driftsutgifter (383) musikk˚ og kulturskoler (Kommunekasse) | 2 711 | 3 209 | 97 565 | 2 364 820 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

**Skule**

Kommunen nyttar 23,8% av samla netto driftsutgifter innan grunnskulesektoren (sjå under Prioritet). Dette er noko over kostragruppa og landet. Ser vi på netto driftsutgifter per innbyggar 6˚15 år ligg ligg vi også over pr. innbyggar 6˚15 år, og vi har hatt ei auke frå 2022 til 2023. Vi brukar meir pengar pr elev enn landet og kostragruppa på undervisningsmateriell (under Produktivitet). Noko av dette kan henge saman med at elevtalet har gått noko ned. Kostra viser at gruppestorleiken har gått ned frå 10,2 til 9,6 elevar. Her ligg vi under kostragruppa med 10,69 og landet med 12,5. Driftsutgifter på skulelokale har gått noko ned, og vi ligg no likt med landet. Vi brukar meir pengar på skulemateriell enn både landet og kostragruppa.

Innanfor skulefritidsordninga er brutto driftsutgifter pr innbyggar på kr 429 (under Prioritet). Dette er godt under kostragruppa og landet, men det har vore ei auke dei siste fire åra. Noko av forklaringa på at vi ligg under kan vera at vi har færre timar med SFO enn mange andre stader i landet. Dette kan forklarast ved at vi har lengre skuledagar, og at ei skule ikkje har SFO på morgonen. 1.˚3. klasse har gratis kjernetid på SFO, og vi ser at dette gir fleire elevar på SFO enn tidlegare.

Kommunen ligg over kostragruppa og landet når det gjeld del elevar som mottek individuell tilrettelagt opplæring (tidlegare spesialundervisning) (sjå under Dekningsgrad). Kostra viser ein nedgang på tal timar individuell tilrettelagt opplæring av tal lærartimar totalt. Noko av nedgangen er feil, då det var rapporteringsfeil i 2022. Kommunen ligg 4,5% høgare på timar individuell tilrettelagt opplæring av lærartimar totalt enn kontragruppa i 2023. Særskild språkopplæring har hatt ei forventa auka med 1,7%, og kommunen ligg over kostragruppa og landet. Forklaringa her er høge busettingstal over to år.

Del undervisning gjeve av godkjent undervisningspersonale er på 85,1 (sjå under Kvalitet). Dette er ein nedgang på om lag 5%.

Nasjonale prøver viser at vi ligg på same nivå som kostragruppa og litt under landet på lesing 8. trinn. På rekning 8. trinn har vi ei forbetring frå 2022. Her ligg vi over kostragruppa og landet utan Oslo. Kommunen ligg litt under landet og på same nivå som kostragruppa på grunnskulepoeng.

For stor del elver svarar at dei ikkje trivst på skulen. Her går vi ned frå 4,0 i 2022 til 3,6 i 2023.

**Barnehage**

Kommunen nyttar 10,7% av samla netto driftsutgifter til barnehage (sjå under Prioritet). Dette er under kostragruppa og landet. Netto driftsutgifter pr innbyggar 1˚5 år har auka (under Prioritet), og vi ligg no nærmast likt med kostragruppa, og over landet utan Oslo.

Det er ei auke i barn som får spesialpedagogisk tilbod i barnehagane (sjå under Dekningsgrad). Vi ligg litt over landet utan Oslo, og godt over kostragruppa.

Minoritetsspråklege i barnehagealder går i barnehagane i Øystre Slidre, men det er ein nedgang frå 2022. Vi ligg no mellom kostragruppa og landet utan Oslo (under Dekningsgrad).

Kostra viser at det er ein nedgang i del barnehagelærarar i prosent av grunnbemanninga frå 35,69% i 2022 til 26,9 i 2023 (under Kvalitet). Det er godt under snittet i kostragruppa og landet. Årsverk på dispensasjon frå utdanningskravet er ikkje rekna inn her. Vi har tilsette som tek barnehagelærarutdanninga, noko som vil vera med å betre ande barnehagelærarar i barnehagane.

**Kultur**

Kommunen har i 2023 redusert noko tilskot frå 2022 til andre kulturaktivitetar og kulturbygg per innbyggar (sjå under Prioritet). Vi ligg under kostragruppa og landet.

Innanfor kulturskulen har vi gått noko opp per innbyggar i kroner (under Prioritet), og vi ligg på 2,5 % i netto driftsutgifter av kommunen si totale netto driftsutgifter på kultur mot 3,3 % i kostragruppa og 4,1% i landet. Ventelista har gått ytterligare ned frå 2022 til 2023.

Biblioteket er mykje brukt, og vi har auke på utlån per innbyggar (under Dekningsgrad). Det er godt over kostragruppa og landet. Skulebiblioteka er også mykje brukt.

**Kyrkja**

Kommunen har nytta 1,3% av totale netto driftsutgifter til kyrkja. Dette er 0,1% mindre enn i 2022. Dette er litt over kontragruppa og landet i 2023

# Helse og omsorg

## Driftsbudsjett

*Beløp i 1000*

### Fordeling på eining (tabell)

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Felles helse og omsorg | 20 561 | 23 912 | 24 036 | 22 780 | 22 941 | 23 441 | 23 441 |
| Helse og tilrettelagde tenester | 38 886 | 36 119 | 40 279 | 39 858 | 39 808 | 39 258 | 39 258 |
| Førebygging og meistring | 37 440 | 36 850 | 37 573 | 39 523 | 39 293 | 39 193 | 39 193 |
| Institusjonstenester | 34 718 | 32 881 | 33 491 | 36 449 | 36 449 | 36 449 | 36 449 |
| **Sum** | **131 605** | **129 762** | **135 379** | **138 610** | **138 491** | **138 341** | **138 341** |

## Samandrag budsjett

### Budsjettendringar:

Budsjettrammene er endra frå 2024 til 2025 med ei rekke konsekvensjusteringar som er gjort greie for i økonomiplan˚notat nr. 3, m.a. prisjusteringar og vedtak kommunestyret har gjort gjennom året. Innsparingstiltak, nye tiltak og andre endringar av betydning er omtala nedanfor:

Felles helse og omsorg:

- Barnevern tiltak er redusert med 1,6 mill., etter godt arbeid siste åra i barneverntenesta og endringar i brukargruppa.
- NAV sosialhjelp nettoramme redusert med ca. 2,3 mill. (auka inntekt/ finansiering frå flyktningefond 2,7 mill., etter erfaringstal ved årsregnskapet 2023).
- Planlegging nytt helsehus auka med 0,2 mill. (flytta frå unytta investeringsramme 2024)
- Nye dørlåsar/boksar 0,3 mill. i 2025

Helse og tilrettelagde tenester:

- Tilrettelagde tenester ned på overtid 0,4 mill. jf. innsparingstiltak omtala nedanfor.
- Arbeid og aktivitet auka vedsal med 0,1 mill. som innsparingstiltak omtala nedanfor.
- Legetenesta har redusert lønnsbudsjett med 1,8 mill. Dette er i hovudsak knytt til tre forhold: I fjor la vi inn 2x100% stilling for vakant lege pluss den fjerde. No har vi tilsett i den «vakante», og kommunal del der vart 40% (ikkje 100%). Resten er sjølvstendig næringsdrivande (8.2˚avtale). Dette inneber 60% stilling mindre i årets budsjett. I fjor la vi også inn bonusutbetaling til ein lege, som ikkje er aktuelt for årets budsjett. Det er lagt inn som innsparingstiltak å tilsetja 4.lege i 8.2˚avtale (sjølvstendig næringsdrivande) i staden for kommunal stilling, med reduksjon 0,3 mill. i 2025 og fullårseffekt i 2026˚.

Førebygging og meistring:

- Innsparingstiltak heimetenesten totalt ca. 0,3 mill., herunder støttekontakter over til gruppetilbod, dagsentertilbod for heimebuande, pårørandestøtte omsorgsløn, praktisk bistand ny organisering, driftsutgifter bilar. Sjå nærare omtale av innsparingstiltak nedanfor.

## Innsparingstiltak

**Arbeid og aktivitet (skogprodukt) - auke vedlevering -150`(heilårseffekt)**
Arbeid og aktivitet (skogprodukt) kan auke sal og levering (utkøyring) av ved. Det må i så fall kjøpast inn noko ved som Arbeid og aktivitet sel vidare og kjører ut til kundane. Auka aktivitet kan auke netto inntekta til kommunen med anslagsvis 150` årleg ( 100` i 2025).

**Bruk flyktningefond til auka sosialhjelp (1.670`)**
Rapportar frå NAV viser stor auke i sosialhjelpsutbetalingar for Øystre Slidre, og største delen har kome som følgje av auka tal flyktningar. Budsjettet for sosialhjelp er auka ˚ og etter vurdering av regnskap, budsjett og dokumentasjon frå NAV har vi vurdert det rett å belaste flyktningefondet med ytterlegare 1.670` i 2025 (justert etter anmoding om 25 flyktningar), deretter 1.400`, 1.000`og 1.000`. Integreringstenesta har rapportert om vesentleg betring i tal på flyktningar som går ut i arbeid mv. i år, men det er større utfordringar med å gjera noko med dei som allerede er i NAV˚systemet, og med fortsatt auke i mottak flyktningar, må ein pårekna også ein viss del i auka sosialhjelp framover.

**Dagsentertilbod for heimebuande - auka tilbod - 225` (heilårseffekt)**
Tiltaket inneheld to element; auka pris og utvida tilbod.

Dagtilbodet for heimebuande, inkl. transport og mat, er for 2025 ved ordinær prisauke kr. 108,˚ pr, dag. Til samanlikning er kjøp av middag ved utkøyring kr 120,˚ pr dag og kjøp av middag på Helsetunet kr. 108,˚ pr. måltid. Prisen på dagtilbodet for heimebuande vert sett til kr. 150,˚ pr dag. Tilbodet inkluderer transport og mat.

Dagens lokale for dagtilbodet, Vindestogo, har redusert moglegheit for auka kapasitet grunna storleiken på lokalet. Vi veit at talet personar med demens i kommunen vil auke betydeleg i åra som kjem, og det er venta auka behov for eit dagtilbod. Øystre Slidre helsetun blei bygd med tilskotsmidlar for dagtilbod i Moastogo. Moastogo har kapasitet til langt fleire brukarar. Utover personar med demens opplever kommunen aukande utfordringar med einsamheit og isolasjon hos heimebuande. Denne isolasjonen medfører aukande helseutfordringar og psykisk uhelse, og aukar den einskilde sitt behov for hjelp og bistand frå helse˚ og omsorgstenesta. Fleire innbyggjarar ønskjer seg sosial aktivitet saman med andre. Mange er avhengige av bistand under den sosiale aktiviteten, eller til og frå aktiviteten.

Meiningsfull dagaktivitet er avgjerande for at kommunen skal nå målet om at den einskilde skal bu og klare seg sjølv lengst mogleg i eigen heim. For å legge til rette for dette, vil vi starte opp med aktivitet/dagtilbod også i Moastogo ved Helsetunet med det personellet vi har knytt til dagtilbodet for heimebuande. Ved å ha dagtilbodet ved Vindestogo 3 dagar i veka og 2 dagar i veke ved Moastogo vil langt fleire få eit dagtilbod samtidig som tilbodet ved Vindstogo vert vidareført. Forslaget er i tråd med nasjonale reformer som “Leve heile livet” og eldrereform “Bu trygt heime”.

Tiltaket vil gje auka inntekter på 225` i året, med halv effekt i 2025 for å gje tid til å få etablert eit utvida tilbod.

**Heimetenesta - reduksjon i drivstoffutgifter ved kjøp av el-bilar -80`(heilårseffekt)**
Investeringsplanen inneheld kjøp av to bilar til heimetenesta i 2025. Ved utskifting av to fossil˚bilar til to el˚bilar vil drivstoffutgiftene kunne bli redusert. Vi har lagt inn reduksjon med 80` årleg frå og med 1.8.2025.

**Kommunepsykolog - redusere frå 40% til 30% - 100`**
Øvre Valdres har eit samarbeid der vi deler ei kommunepsykologstilling og andre utgifter knytt til tenesta. Vang ynskjer å auke tilgangen til kommunespykolog, og ved dette tiltaket saman med Vestre Slidre si endring, kan dei gå opp frå 20% til 50%, Vestre Slidre vil da ha 20%, Øystre Slidre 30%. Vi vil kunne ivareta tilbodet til innbyggerane, og rettleiing for psykisk helse og helsestasjonen, men vil gå noko ned på det overordna, systematiske arbeidet. Tiltaket er ikke vedteke for 2025, men ligg inne frå 2026 med årleg reduksjon 100`.

**Lege blir tilsett i 8.2-avtale -620`**
Kommunen kan tilsetja den 4. legestillinga (som no er vakant) som kommunalt tilsett eller som sjølvstendig næringsdrivande med kommunal avtale (8.2˚avtale). Sistnemnde alternativ vil vera økonomisk gunstigare for kommunen, med heilårseffekt (620`) frå 2026.

**Praktisk bistand - ny organisering (-30`)**
Talet eldre med behov for helse˚ og omsorgstenester vil auke betydeleg dei komande åra. Vi må gå gjennom kva type bistand vi kan yte og korleis denne bistanden skal organiserast. Vi må m.a. vurdere tilbodet om personleg assistanse i form av praktisk bistand.

Reglane for betaling for praktisk bistand er heimla i forskrift om vederlag for helse˚ og omsorgstenester, og vert rekna ut frå hushaldet si samla inntekt. Mange betalar minstesats grunna låg inntekt. Fleire tenestemottakarar mottek i dag personleg assistanse i form av praktisk bistand etter helse˚ og omsorgstenestelova § 3˚2 nr. 6b frå heimetenesta. Pr. i dag blir ikkje denne gruppa tenestemottakarar fakturert på same måte som dei som mottar heimehjelp. Dette fører til at kommunen har ein ulik praksis overfor innbyggjarane i forhold til om dei må betale for hjelpa eller ikkje, avhengig av kven som yter bistanden.

Vi har i dag 86 heimebuande tenestemottakarar, fordelt på 301 timar pr. veke. Delar av vedtaka om praktisk bistand kan vurderast og gjerast om til personleg assistanse i form av praktisk bistand. Dette gjev moglegheit for å krevje betaling for tenesta. Dette vil fasast inn over tid, primært knytt til nye tenestemottakarar. Forventa auka inntening vil vera 30` pr. år.

**Pårørandestøtte - omsorgsløn - stans av tilbod når arbeid ikkje blir utført (-40`)**
Ein gjennomgang av kommunen sitt tilbod om pårørandestøtte i form av omsorgsstønad viser at kommunen har gitt løn utover det som er lovpålagt. Det har vore utbetalt løn i periodar der det ikkje har foregått omsorgsarbeid, anten fordi den hjelpetrengande har vore innlagd i institusjon, eller ved delt omsorg for barn med nedsett funksjonsevne. Kommunen vil frå 2025 rette opp i denne praksis. Estimert innsparing i 2025 er kr. 40'.

**Støttekontakter over til gruppetilbod (-150`- 400`)**
Øystre Slidre kommune har i dag 35 aktive støttekontakttilbod, alle 1:1, med eit omfang på 119 timar pr. veke. Den årlege budsjettramma for dette er kr 1.021`, eksklusive utgiftsdekning og køyregodtgjersle. Vi har ca. 5 personar som til kvar tid ventar på støttekontakt grunna rekrutteringsutfordringar.

Vi vil gjennomføre ei gradvis overgang til tilbod om støttekontaktar i gruppe på to eller tre personar. Dette vil bli fasa inn over eit par år, der nye tilbod vert gjennomført som gruppetilbod der det er mogleg. Vi vil også gå gjennom tildelinga av støttekontakt som er gjort og vurdere omgjering til gruppetilbod. Ved overgang til gruppetilbod, der gruppene er på to eller tre personar, vil den årlege innsparinga vera på 400`, med ei forventa innsparing i 2025 på 150`, 300` frå 2026 og 400` i 2027 og 2028.

**Tildelingskontoret - reduser sjukevikar, overtid og ekstrahjelp - 20`**
Budsjettet til sjukevikar /ekstrahjelp / overtid ved tildelingskontoret vert teke ned med kr. 20'.

**Tilrettelagde tenester - endre fagveilederstilling til vernepleier - 100`**
Ved å endre stillingstype/kompetanse kan kommunen redusere kostnader med ca. 100` per år. Det er vurdert liten konsekvens for øvrig.

**Tilrettelagde tenester - redusere overtid - 400`**
Tilrettelagde tenester ved Brennebakkin har hatt veldig stor overtidsbruk pga. mange vakante stillingar i turnus og høgt sjukefråvær dei siste åra. Med nytilsettingar siste året og systematisk arbeid er det realistisk å vente at overtidsbruken kan gå ned. Budsjettet er redusert med 400`i 2025 og 2026, deretter 600` ned.

## Utfordringar og strategi

### *Analyser og utfordringar*

### A.1 Demografisk utvikling

Tabellen syner at vi får ei markant auke i aldersgruppa 80 år og oppover. Tidlegare har ein stor del av aldersgruppa 80+ hatt vedtak om tenester på det høgste nivået (institusjonsplass) i tenestetrappa vår. Utviklinga dei siste åra viser at dette er i endring. Dei siste åra har stadig fleire motteke tenester i eigen heim i staden for i institusjon. Vi ser også ein god effekt av dei heildøgns bemanna bustadene ved Øystre Slidre helsetun som var ny i omsorgstrappa vår i 2021.




Vi ser ein trend som viser at innbyggjarane, uavhengig av alder, i større grad enn tidlegare mottek

tenester i heimen og står for ein stor del av dei totale utgiftene innan helse˚ og omsorg. Vi kan forvente at fleire av dei eldste innbyggarane i større grad enn tidlegare vil klare seg med tenester i heimen, og vi vil fortsatt dreie innsatsen mot heimetenester.

Eit utviklingstrekk er at gjennomsnittsalderen er aukande, og den generelle folkehelsa blir betre. I tillegg forventar vi effekt av auka fokus på førebyggande tiltak, eigenmeistring og tilretteleggingar i eigen heim, og at vi difor vil klare oss lenger heime. Dette vil kunne bety endra behov for oppfølging av heimetenesta. Det vil og føre til at dei som får tilbod om institusjonsplass har eit omfattande og samansett hjelpebehov.

Pasientane ligg kortare tid på sjukehuset no enn tidlegare. Konsekvensane av dette er at pasientane er dårlegare ved utskriving til kommunen og treng meir omfattande og spesialisert oppfølging enn tidlegare. Utviklinga fører til at det også er vanskelegare å få lagt pasientar inn på sjukehus. Dette gjer at kommunen må ivareta dårlegare pasientar no enn før. Vi har gode erfaringar med bruk av Valdres lokalmedisinske senter, men må også bygge kompetanse og eit tenestetilbod lokalt.

Statistikken syner at det er om lag 85 000 eldre med demens i Norge. Befolkninga i Øystre Slidre er eldre enn gjennomsnittet i Norge og har difor ein høgare andel med demens. Framskrivingar syner ei kraftig auke i talet på personar med demenssjukdomar i perioden fram mot 2050. Mellom 80˚90 % av alle som har ein demenssjukdom vil ha behov for døgnbaserte tenester, i omsorgsbustader eller i institusjon. Dette vil utfordre oss i stor grad når det gjeld koordinering, nok kapasitet, og kompetanse. For å møte utfordringane på området arbeider Øystre Slidre kommune med å bli eit meir demensvenleg samfunn slik at personar med demens blir møtt med forståing, respekt og støtte. Mål for kommunen er å tilretteleggje for at personar med demens opplever meistring og inkludering. Målet på sikt er at personar med demens blir meir sjølvhjulpne og kan leve aktive liv lengst mogleg. Demenskontakten har ansvaret for å legge til rette for kurs, og er i gang med kurs for hotellnæringa på Beitostølen. Kunnskapen bidreg til at arbeidskvardagen til personar i dei ulike serviceyrka blir enklare, og kommunen og servicenæringar som deltek får eit positivt omdømme. Det er ei arbeidsgruppe som bistår demenskontakten i å utarbeide lokale planar for opplæring.




Det er forventa at deltidsinnbyggarane oppheld seg meir i kommunen, jamf. 10 på topp. Deltidsinnbyggarane som oppheld seg her meir enn i helger og feriar er i hovudsak pensjonistar.

Det er utfordringar knytt til rekruttering innan helse˚ og omsorgstenestene, særskild innanfor sjukepleiarar i turnus. Vi har ein høg del personell med kompetanse (85%) og mange av våre tilsette innanfor helse og omsorg tek kompetansehevande kurs, grunnutdanning og vidareutdanning. I komande tiårsperiode vil ein høgare del av dei tilsette innanfor helse – og omsorgstenesten gå av med pensjon enn det vi har hatt dei seinare åra, noko vi må ta høgde for i planlegginga av drifta.

## A.2 Nasjonale og regionale utviklingstrekk

Det er tydelege nasjonale føringar om at kommunane skal gje gode omsorgstenester, og ha eit spesielt fokus på at eldre kan bu lengre heime. Det er fleire reformar som har vart over tid som bygge opp under dette arbeidet, for eksempel "Leve heile livet" og "Bu trygt heime".

Helsefellesskapet Innlandet vart oppretta i 2020 og er eitt av 19 helsefellesskap i landet. Målet med helsefellesskapa er å skape meir samanhengande og bærekraftig helse˚ og omsorgstenester for pasientar som treng hjelp både frå spesialisthelsetenesta og den kommunale helse˚ og omsorgstenesta. Dette er eit stort arbeid og Helse˚ og omsorgsforum i Valdres sørger for at Valdres bidreg inn i arbeidet. Helsefellesskapet har fire grupper som skal bli prioritert i arbeidet: barn og unge, alvorleg psykisk sjuke, pasientar med fleire kroniske lidingar og skrøpelege eldre.

Barnevernsreforma vil fortsatt vera førande for arbeid med å kunne setje inn tiltak tidlegare for å hjelpe barn og familiar. I tillegg vil vi trenge betre tilgang på fosterheimar i regionen for at barn som treng det kan få bu i trygge miljø i ei periode der det er naudsynt. Det er ein stor fordel om fosterheimen er i nærleiken av det kjende lokalsamfunnet til barnet, slik at det kan fortsette på den kjende skulen og med fritidsaktivitetar saman med vener.

Interkommunal barneverntenesta har hatt store utgifter på innleige av konsulentar for å kunne gjennomføre nødvendige tiltak. Det blir gjort ei omfordeling innad i barnevernet, slik at dei kan tilsette ein familieterapeut. Dette vil redusere behovet for innleige av konsulentar. Vi vil også kunne nytte ressursen betre, fordi det går mindre tid til køyring. Dette er eit viktig tiltak for at familiane som har behov for det, skal få hjelpa dei treng i eit meir tilpassa omfang.

## A.3 Lokale utviklingstrekk og utfordringar

Vi er ein turistkommune med store planar om auka aktivitet for alle årstider. Dette inneber fleire deltidsinnbyggarar og auka tal turistar som oppheld seg i kommunen, og som kan ha behov for helse˚ og omsorgstenester.

Helse˚ og tilrettelagte tenester står ovanfor ulike utfordringar som medfører eit aukande behov og krav til våre tenester frå innbyggarane og turistar. Det melder seg eit behov for auka samhandling mellom dei ulike tenesteområda, f.eks. psykisk helse, legeteneste og helsesøster. Det vil bli fokus på lokalisering og samhandling i denne økonomiplanperioden. Tilrettelagte tenester vil få fleire ulike typar arbeidsoppgåver i tida framover, mellom anna innanfor rettleiing i heimar. Det blir også eit auka behov for barneavlastning i åra framover.

Velferdsteknologiske løysingar og digital heimeoppfølging:

Øystre Slidre helsetun er eit svært moderne helsebygg, og nyttar fleire velferdsteknologiske løysingar. Det er eit mål at kommunen i tida framover også legg til rette for at heimebuande kan oppleve eigenmestring og tryggleik i kvardagen gjennom bruk av velferdsteknologiske løysningar, i tillegg til den hjelp dei treng frå helse˚ og omsorgstenestene. Medisineringstøtte og bruk av tryggleiksalarmar er gode velferdsteknologiske løysingar som kan leggje til rette for at den einskilde kan bu heime lengst mogleg. For å sikre ein meir effektiv og kvalitativ god oppfølging av pasientane har vi utstyr til digital oppfølging. Målet er at utstyret kan nyttast av heile helse og omsorg og ikkje minst kunne spare pasientar for krevjande turar for konsultasjon ved sjukehus eller lege.

Øystre Slidre er med i eit regionalt prosjekt, Digital heimeoppfølging ˚ Valdres. Dette er eit prosjekt der målgruppa er pasientar med ulike kroniske sjukdommar. Der er det moglegheit for ulike målingar som

pasientane kan ta heime og dette kan følgast opp digitalt med lege, heimetenesta og spesialhelsetenestene. Her kan ein oppdage tidleg forverring av tilstand og iverksette eigenbehandlingsplan. Målet med dette prosjektet er trygging av pasient og pårørande, mindre reising for pasientane og eit betre tenestetilbod og pasientforløp.

Målet for kommunen dei neste åra er at vi aktivt brukar dei ulike velferdsteknologiske løysingar vi har og at tilsette og innbyggarar blir trygge i bruk av ulike teknologiar. Det må skapast ei felles forståing av kva innbyggarar skal ha ansvar for sjølv og kva som er eit kommunalt ansvar.

Vi har rekruttert to nye legar og skal rekruttere ein til i løpet av 24/25. Vi ynskjer å ha legar som blir godt kjende i kommunen, og kjende for innbyggarane.

Tildelings˚ og bustadkontoret har ein auke i saksbehandlingsmengde og sakene blir meir komplekse. God kompetanse og gode rutinar for saksbehandling er viktig for å sikre tenestene til innbyggarane. Tildeling˚ og bustadkontoret jobbar mykje med kommunale bustader og å ha tilgjengelege bustader for flyktningane kommunen buset. Dette arbeidet har vore omfattande dei siste åra, og det vil det fortsatt bli i 2025. Ny lov om kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale området pålegg kommunen eit større ansvar for oppfølging av vanskelegstilte på bustadmarknaden. Det er eit mål at den einskilde skal kunne ivareta sitt buforhold sjølv. Oppfølging i forhold til å skaffe leigetakarane ein trygg økonomi og arbeid er ei prioritert oppgåve. Eininga opplever stadig fleire henvendingar i forhold til bustøtte og startlån som kan gje ein indikasjon på at stadig fleire opplever utfordringar på området.

I tillegg til økonomisk tryggleik treng stadig fleire rettleiing når det gjeld å bu. Delen med helseutfordringar i tillegg til bustadutfordringar er aukande og vil framover medføre auka behov for tverrfagleg og tilpassa oppfølging utover dei tradisjonelle tenestetilboda.

Kommunen er med i TØRN˚satsinga for turnusområda våre. Dette arbeidet vil vare i store deler av økonomiplanperioden. Arbeidet med TØRN skal bidra til å bygge ei helse– og omsorgsteneste som kan møte framtidas utfordringar innanfor turnusområda. Dei viktigaste bidragsytarane i dette arbeidet er dei tilsette som både kartlegg kva oppgåver dei har, beskriv kva som er ei god vakt for dei og brukarane, samt legg grunnlaget for korleis vi kan løyse oppgåvene vidare. Dette vil vera eit svært viktig arbeid i åra framover for å sikre god og bærekraftig kvalitet i omsorgstenestene våre. Det er eit mål i dette arbeidet av sjukefråværet og behov for innleige går ned, samt at vi har ei stabil bemanning utan vakansar.

### *Kvalitetsvurdering*

Det vil bli gjennomført bruker˚ og pårørandeundersøking fyrste kvartal 2025 og medarbeiderundersøking våren 2025.

Vurdering av tenesteomfanget: Det vil bli gjennomført ei revidering av serviceerklæringane for tildeling og innhald i alle helse˚ og omsorgstenestene.

## Måltabell

| Hovudmål | Delmål | Indikator |
|---|---|---|
| Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk. | Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen. | ROS˚analyser (1=ok, 2=ikkje ok) |
| | | Rutinar |
| | Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen. | Innanfor budsjett |
| | Alle: Vi skal vera ein attraktiv arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, og skal redusere sjukefråværet med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023. | Sjukefråvær redusere med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023 (1=ja, 2=nei) |
| | Helse og omsorg: Alle barn i barnevernet som har tiltak skal ha tiltaksplan | Andel barn med tiltaksplan av barn med hjelpetiltak |
| | Helse og omsorg: Minst 82% av dei tilsette skal i løpet av planperioden ha relevant fagutdanning | Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helsefagutdanning (prosent) |
| | Helse og omsorg: Vi skal bidra til at innbyggjarar skal meistre eiget liv. | Gjennomført meistringskurs ˚ eigne eller i samarbeid med andre |
| | | Satt i gang prosjekt med mål om å bevisstgjere organisasjonen om kva som fremjar eigen meistring 1=Ja 2=Nei |
| | Helse og omsorg: Vi skal ikkje ha fristbrot i barnevernet. | Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder |
| | Helse og omsorg: Vi skal legge til rette for at den einskilde skal kunne bu lengst mogeleg i eigen heim. | Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon |
| | | Tidsbegrenset opphold ˚ gjennomsnittlig antall døgn per opphold (antall) |
| | Helse og omsorg: Vi skal sikre at alle under 30 år er i arbeid, utdanning eller aktivitet. | Vurdering (1=ok, 2=ikkje ok) |
| | Helse og omsorg: Vi skal ta imot alle utskrivingsklare pasientar innan fristen for fakturerbare liggedøgn. | Antall liggedøgn utanfor fristen for fakturerbare liggedøgn |

## Kostra-analyse

| | Øystre Slidre 2022 | Øystre Slidre 2023 | Kostragruppe 04 | Landet uten Oslo |
|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | |
| Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak *) | 409 781 | 432 882 | 369 567 | 360 744 |
| Netto driftsutgifter per innbygger 0˚17 år, barnevernstjenesten *) **) | 33 133 | 29 694 | 19 561 | 14 913 |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie˚ og omsorgtjenesten (B) *) **) | 26 974 | 29 661 | 26 470 | 26 162 |
| Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto drifts (prosent) | 40,3 % | 38,9 % | 39,3 % | 35,7 % |
| **Produktivitet** | | | | |
| Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244) | 12,2 | 10,7 | 13,4 | 14,0 |
| Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B) *) | 31 360 | 48 782 | 54 518 | 63 316 |
| Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B) *) | 568 512 | 612 381 | 331 858 | 357 048 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass *) | 1 452 404 | 1 447 639 | 1 542 262 | 1 640 650 |
| Utgifter per beboerdøgn i institusjon | 5 323 | 5 055 | 5 255 | 5 272 |
| **Dekningsgrad** | | | | |
| Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0˚ 17 år | 4,0 % | 2,6 % | 2,9 % | 2,3 % |
| Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0˚17 år | 5,1 % | 4,2 % | 4,2 % | 3,9 % |
| **Kvalitet** | | | | |
| Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helsefagutdanning (prosent) | 84,7 % | 86,9 % | 78,1 % | 77,5 % |
| Gjennomsnittlig listelengde korrigert for kommunale timer | 1 119,0 | 942,0 | 911,0 | 1 008,0 |
| **Kommunekasse** | | | | |
| Andel netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp (B) (Kommunekasse) | 23,3 % | 25,6 % | 29,9 % | 34,0 % |
| Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger (B) (Kommunekasse) *) **) | 3 478 | 4 044 | 3 336 | 3 249 |
| Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons˚ og skolehelsetj. pr. innb 0˚20 år (B) (Kommunekasse) *) **) | 3 602 | 3 585 | 4 176 | 4 137 |
| Netto driftsutgift per bruker av hjemmebaserte tjenester (254) (Kommunekasse) | 555 918 | 624 429 | 298 057 | 339 764 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (233) annet forebyggende helsearbeid (B) (Kommunekasse) *) **) | 327 | 126 | 355 | 483 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (254) helse˚ og omsorgstj. til hjemmeboende (B) (Kommunekasse) *) **) | 13 731 | 16 349 | 13 355 | 13 866 |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B) (Kommunekasse) *) **) | 4 547 | 4 881 | 4 583 | 4 712 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

### Pleie og omsorg - institusjon og heimetenenester (under Prioritet og Produktivitet)

Kommunen har i 2023, som tidlegare år, forholdsvis høge utgifter per innbyggar innan pleie og omsorg samla. Vi ser ein tendens til reduserte netto driftsutgifter innan institusjon, medan utgiftene til heimebuande har auka siste år. Vi ligg for dei fleste variablane over samanliknbare kommunar og landet. For heimebaserte tenester har driftsutgifter per mottakar auka og ligg også i 2023 langt over snittet. Vi viser til fleire kostra˚tal under Prioritet for driftsutgifter per innbyggjar innan ulike tenester, og under Produktivitet; utgifter per beboerdøgn i institusjon, korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottakar av heimetenester og korrigerte brutto driftsutgifter per plass i institusjon (under Produktivitet).

Årsaker til auka og høge driftskostnader på området kan vera ei blanding av:

- God kvalitet i tenesta.
- Dreiing av tenestetilbodet frå institusjonstenester til heimebaserte tenester i tråd med sentrale føringar og lokale planer.
- Den demografiske utviklinga vil medføre langt fleire eldre innbyggjarar. Resultata for 2023 viser at vi er på veg inn i den varsla eldrebølgja, med resultat at fleire eldre må få tenester i eigen heim og medføra auka kostnadar frå heimetenesta. Vi ser på området at mellom anna innbyggjarar over 80 år i 2023 i langt større grad blir ivareteken i eigen bustad, mot tidlegare tilbod i institusjon. Delen mottakar av institusjonsopphald over 80 år har gått ned frå 71,4 % i 2022 til 54,8% i 2023. Dette er ein betydeleg reduksjon som er venta å halde fram.
- Delen brukarretta årsverk innan omsorgstenesta med helsefagleg utdanning hadde også i 2023 ein positiv auke og er no kome opp i 86, 9 %. Kommunen ligg godt over samanliknbare kommunar (78,1 %) og landet (77,5%). Auka kompetanse vil vera avgjerande for at kommunen kan møte dei utfordringar som ligg framfor oss innan sektoren, men føre til høgare lønskostnader på området.
- 2023 som 2022 har vore prega av vakansar og høgt sjukefråvær. Mangelen på helsepersonell er ei utfordring i heile landet. Vakansar og fråvær medføra auka bruk av overtid og innleie.
- Det er og nytta kjøp av tenester frå bemanningsbyrå i enkelte periodar i 2023 for å løyse utfordringar i forhold til vakante stillingar, ei løysing som er dyrare enn å lønne eigne tilsette. I tillegg er det eit stort omfang av bruk av overtid. Sommaren 2022 vedtok kommunen bonusavtale for å sikre drifta gjennom sommarferien denne har halde fram også i 2023.
- Tilrettelagt tenester har fått fleire tenestemottakarar med omfattande behov. Det har i 2023 vore naudsynt med kjøp av tenester utanfor eigen kommune.
- Delen personar med demens er aukande. Kommunen har i 2023 fått fleire brukarar med demens som krev tenester på eit høgt omsorgsnivå i tidleg alder. Fleire er avhengige av bustad med heildøgns pleie og omsorg. Dette kjem tydeleg til syne i Kostra˚variabelen delen bebuarar i bustad med fast tilknytt personell der delen over 80 år er redusert frå 80% i 2022 til 61 % i 2023. Det er venta at dei yngre tenestemottakarane i bustaden vil ha behov for omfattande tenester av heimesjukepleia i åra framover. Prognoser viser at antal yngre personar med demens vil auke dei komande år.
- Drifts˚ og kapitalkostnader har auka mykje etter bygging av Helsetunet, og viser vesentleg høgare driftsutgifter til institusjonslokaler per innbyggjar enn snittet.
- Straumutgifter og enkelte driftsutgifter til gamle sjukeheimen også etter utflyttinga.
- Avlasting i institusjon har auka og avlasting utanfor institusjon er tilsvarande redusert. Dette fører til ein auka kostnad for kommunen utan moglege inntekter, då avlasting er ein vederlagsfri teneste.
- Tal bruker˚retta timer i psykisk helse kjem ikkje fram i kommunal rapportering, då det ikkje blir fatta vedtak eller registrert timeforbruk i fagsystemet. Dette medfører at kommunen har 4 årsverk som ikkje produserer "bruker˚retta arbeid".

**Kommunehelse / anna førebyggjande helsearbeid (under Kvalitet, Kommunekassa og Dekningsgrad)**

Tiltak i form av ekstra legeressurs på legekontoret har hatt effekt i forhold til at listelengda for legar i kommunen er vorte kortare i 2023 enn dei føregåande åra. Liste˚lengda er no lågare enn snittet i landet, men framleis litt over samanliknbare kommunar. Dette er eit viktig rekrutteringstiltak i forhold til å sikre god legedekning i kommunen

Netto driftsutgifter pr innbyggar (kommunekassa) er auka i 2023 og kommunen ligg no over både samanliknbare kommunar og landet. Bakgrunnen for dei auka utgiftene er behov for innleige av lege via vikarbyrå og auka behov for helsepersonell til helse˚kartlegging og oppfølging av

flyktningar. Lønnskostnader til sjukepleier med ansvar for koordinering av helse˚kartleggingane er finansiert av auka integreringstilskot.

Delen fysioterapeutar (under Dekningsgrad) er stabil god og over snitt i både samanliknbare kommunar og resten av landet. Helsestasjon og jordmortenesta har gode resultat også i 2023 i forhold til å følgje opp nyfødde og born og unge med kontroller.

**Kommunale bustader (under Prioritet )**

Brutto driftsutgifter for kommunale bustader pr innbyggar har auka frå 2022 – 2023 og kommunen sine kostnader er høgare enn kostnadsgruppe 4 og og landet utanom Oslo. Kommunen har i 2023 som i 2022 teke i mot mange flyktningar og har som følgje av dette hatt auka utgifter til husleige, tomgangsleige, straum, nett og andre kommunale avgifter.

Kommunen har gått til innkjøp av to nye bustader i 2023. Deler av kostnaden er finansiert i form av tilskot frå Husbanken.

Dei auka kostnadane knytt til flyktningbustader er kompensert frå staten ved auka integreringstilskot.

Netto driftsutgifter (Andre nøkkeltal) for kommunale disponerte bustader er i motsetning til brutto utgifter nesten halvert i 2023.

**Kommunale bustader (under Produktivitet**)

Kommunen har klart å redusere sine lønnskostnader pr kommunal bustad i 2023, men ligg framleis høgt på dette området. I 2023 har kommunen i stor grad måtte leige privatbustader for framleige for å kunne ta i mot flyktningar i tråd med politisk vedtak. Framleigebustadane krev tett oppfølging av medarbeidarar i forkant av innleige og undervegs i leigeforholdet. Det høge lønsforbruket for kommunale bustader dekker også dette arbeidet.

Ein auka del innbyggjarar mottek bustøtte i 2023. Dessverre ligg kommunen lågt i forhold til tildeling av startlånemidlar, noko som bidreg til at leigetakarane bur lenge i kommunale bustader og kommunen får eit auka behov for nye bustader for busetting. Denne faktoren, saman med ein stadig aldrande befolkning som ynskjer og treng meir tilrettelagt bustad, ser vi i kostra˚funksjonar som syner at delen kommunale bustader pr innbyggjar i Øystre er høgare enn både samanliknbare kommunar og landet, og at delen som søkte kommunal bustad pr 1000 innbyggjar er meir enn dobla sidan 2022 og ligg no på eit nivå godt over kostragruppa og landet.

**Sosialhjelp (under Produktivitet og Kommunekasse)**

Økonomisk sosialhjelp gjekk i 2022 ned, men har igjen auka vesentleg i 2023. Dette gjeld både i forhold til utgifter per mottakar (under Produktivitet ) og del utgifter til økonomisk sosialhjelp. Til tross for auken, ligg kommunen under både samanliknbare kommunar og landet.

Dei auka kostnadane er eit resultat av at delen sosialhjelpsmottakarar har auka frå 2,9 % til 4 % av innbyggjarane. Dette er over landsgjennomsnittet. Vi ser at delen sosialhjelpsmottakarar i yrkesaktiv alder dvs 18 – 66 er aukande og no ligg over både samanliknbare kommunar og landet. Vi ser ein særleg auke i sosialhjelpsmottakarar med introstønad der ekstra mottak av flyktningar er ein hovudfaktor. Delen personar med kollektiv beskyttelse som ikkje deltek i arbeidsliv eller kvalifiserer til introduksjonsprogram er auka. Faktorar som bidreg til auka sosialstønad er krigen i Ukraina og framleis høge bu˚ og levekostnadar som lånerente, drivstoff, mat og husleigeprisar. Utgiftsauken frå 2022 til

2023 er i all hovudsak knytt til flyktningar frå Ukraina. Dei auka utgiftene er dekt inn av auka integreringstilskot frå staten.

**Barnevern (under Prioritet og Dekningsgrad)**

Utgiftene til barnevernstenesta har dei seinare år vore høge for kommunen. I 2023 ser vi nedgang i utgift per innbyggar (under Prioritet), men auka netto driftsutgifter pr barn med tiltak (under Prioritet), og begge indikatorane ligg vesentleg over kostragruppa og landet.

Delen barn med tiltak og undersøkingar (under Dekningsgrad) viser nedgang og ligg no under/på kostra˚ gruppa, men over landet. Tal saker pr saksbehandlar (under Produktivitet) har vist nedgang både i 2022 og 2023, slik at produktiviteten ligg under snittet i Kostra˚gruppa og landet.

Tiltak på området har vore auka bruk av konsulentar og ekstern bistand for å sikre at medarbeidarane har kunna stått i jobb etter fleire år med stor arbeidsmengd og fleire avvik.

Frå årsmeldinga for det interkommunale samarbeidet for barnevern (med Nord Aurdal som vertskommune) les vi bl.a. at det for Øystre Slidre kommune har vore nye tiltak i 2023, både i og utanfor familien (institusjonsplass), noko som har medført meirforbruk. For tenesta felles har det dei siste åra vore fleire krevjande utfordringar. Situasjonen har vore teke på alvor, og kommunane har saman styrka tenesta med nye årsverk dei siste åra, arbeidd med styringssystem og rutinar og utviklings˚ og endringsarbeid.  Interkommunal barneverntjeneste i Valdres har i stor grad nådd måla sine, og den har ingen fristbrot i 2023.

# Tekniske tenester

## Driftsbudsjett

*Beløp i 1000*

### Fordeling på eining (tabell)

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Felles tekniske tenester | 0 | 114 | 114 | 118 | 118 | 118 | 118 |
| Teknisk drift | 38 999 | 37 839 | 37 546 | 39 660 | 39 350 | 38 840 | 38 647 |
| Næring plan og byggesak | 9 888 | 12 656 | 12 933 | 11 975 | 11 842 | 11 175 | 11 175 |
| **Sum** | **48 887** | **50 609** | **50 593** | **51 753** | **51 310** | **50 133** | **49 940** |

## Samandrag budsjett

### Budsjettendringar:

Budsjettrammene er endra frå 2024 til 2025 med ei rekke konsekvensjusteringar som er gjort greie for i økonomiplan˚notat nr. 3, m.a. prisjusteringar og vedtak kommunestyret har gjort gjennom året. Innsparingstiltak, nye tiltak og andre endringar av betydning er omtala nedanfor:

Budsjettramma for "Tekniske tenester" viser nettoramme, dvs. utgifter med fråtrekk for inntekter og bruk av fond, i praksis vil det seia nettobruk for "generaløkonomien". Sjølvkostområda skal vera 100% finansiert av gebyr for tenesta, og ev. avvik skal budsjetterast mot eigne sjølvkostfond slik at nettoramma blir kr 0. Det er også lagt inn finansiering frå flyktningeøkonomien for dei ekstrautgifter til busetjing av flyktningar som er budsjettert her, slik at netto ramma på det området også er kr 0.

**Teknisk drift:**

- Straumkostnadene er teke ned frå 2024 til 2025 med 0,6 mill., basert på lågare prisprognose for 2025. Vi har for generaløkonomien lagt til grunn ein straumpris i 2025 basert på 64 øre/kWh + nettleige + mva.
- Påkobling av biovarme for Tingvang og ØSUS er lagt inn med 0,6 mill. i 2025, dette er finansiert med bruk av eigedomsskattefond som ligg under fellesområdet.

**Næring plan og byggjesak:**

- Næringsutviklingstiltak er auka med ca. 0,7 mill., dette er finansiert med bruk av eigedomsskattefond som ligg under fellesområdet.
- Reduksjonar på lønn generaløkonomien, bl.a. ved omdisponering av deler av ressursane til sjølvkostområda vatn, avløp og byggesak.

**Sjølvkost-områda:**

Nedanfor følger oppsummering av sjølvkostbudsjettet for 2025:

| Budsjett 2025 | Vatn | Avløp | Spreidd avløp | Oppmåling | Bygge-/delesak og private planforslag |
|---|---|---|---|---|---|
| **Gebyrinntekter** | **16 890** | **21 793** | **331** | **801** | **4 934** |
| Kostnader mv. | 7 717 | 12 365 | 632 | 1 200 | 5 413 |
| Kap kostnader | 8 878 | 9 042 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum kostn./gebyrgrunnlag** | **16 595** | **21 407** | **632** | **1 200** | **5 413** |
| **Overskot/underskot-** | **295** | **386** | **-301** | **-399** | **-479** |
| *Årets dekningsgrad* | *102 %* | *102 %* | *52 %* | *67 %* | *91 %* |
| Avset. (-) / bruk av bunde fond | -295 | -386 | 301 | 399 | 479 |
| Avsetjing (-) / bruk av disp fond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum mot fond** | **-295** | **-386** | **301** | **399** | **479** |
| **Resultat** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Balansen:** | | | | | |
| Fond 31.12.2024P | -858 | 553 | 1 328 | 976 | 0 |
| Fond 31.12.2025 | -563 | 939 | 1 028 | 577 | -479 |

Nedanfor følger budsjettert utvikling i netto bruk/avsetning og saldo på bundne sjølvkostfond i planperioden.

| Sjølvkostområder (21.10.2024) | Saldo fond 31.12.23 (R) | Saldo fond 31.12.2024 (P) | Netto avsetning til fond 2025 (B) | Saldo fond 31.12.2025 (B) | Netto avsetning til fond 2026 (B) | Saldo fond 31.12.2026 (B) | Netto avsetning til fond 2027 (B) | Saldo fond 31.12.2027 (B) | Netto avsetning til fond 2028 (B) | Saldo fond 31.12.2028 (B) |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Vatn | 1 258 | - 858 | 295 | - 563 | 1 102 | 538 | 6 321 | 6 859 | 2 750 | 9 609 |
| Avløp | 339 | 553 | 386 | 939 | 3 677 | 4 616 | 7 459 | 12 075 | 4 540 | 16 615 |
| Spreidd avløp | 972 | 1 328 | - 301 | 1 028 | - 301 | 727 | - 301 | 426 | - 301 | 126 |
| Oppmåling | 801 | 976 | - 399 | 577 | - 399 | 177 | - | 177 | - | 177 |
| Bygge/delesak og priv.planforslag | - 789 | - | - 479 | - 479 | - 479 | - 959 | - 479 | - 1 438 | - 479 | - 1 918 |
| **SUM** | **2 581** | **1 999** | **- 499** | **1 500** | **3 600** | **5 100** | **13 000** | **18 100** | **6 509** | **24 609** |

<u>Vatn og avløp:</u>

Sjølvkost˚områda skal bli finansiert 100% med gebyr frå abonnentane. Kalkylene viser at det er nødvendig med høg gebyrauke i 2025 og framover for å finansiere auka kostnader. Til grunn ligg investeringsplanen basert på handlingsplanen for VVA og seinare vedtak, auka rentekostnad og løns˚ og prisauke. For dei siste åra i planperioden ligg det i kalkylene vesentleg auka inntekter i form av tilknytningsgebyr, etter planlagde utbyggingar og nye påkoblingar både av eksisterande og nye bustader/fritidsbustader. Dette medfører at budsjetterte nettoinntekter og avsetjing til VA˚fonda aukar med flere millionar i 2027˚2028˚. Kommunestyret ynskjer å ta den nødvendige gebyrauken over lengre tid.

For 2025 er det lagt til grunn 10% prisauke før mva˚påslag for vatn og avløp. Gebyr for vatn og avløp får redusert mva frå 25% til 15% frå 1.mai 2025, jf. Statsbudsjettet for 2025. Dette er innarbeida i framlagt

gebyrliste. Med redusert mva˚sats blir gebyrauken for innbyggjarane moderat, sjølv om nettoprisane er auka med 10%.

Bygge˚/delesak og private planforslag og oppmåling:

Gebyra for plan, bygge˚/delesak og oppmåling er i hovudsak auka med kommunal deflator (ordinær prisstigning).

For dei områda som ikkje har sjølvkostfond å tære på frå før, blir ev. underskot framført til inndekning seinare år ved å "låne" frå kommunen sitt disposisjonsfond. Det siste gjeld bygge˚/delesak og private planforslag. På dette området er det spesielt utfordrande å få balanse mellom gebyrinntekter og arbeid/kostnader.

Spreidd avløp:

For spreidd avløp ligg kommunen på etterskot med tilsyna som årsgebyret skal finansiere, og gebyret er på den bakgrunn sett til null for 2025 og fram til tilsynsarbeidet er ajour.

## Innsparingstiltak

**Brann- og redningsteneste - reduksjon (500`+)**
Vi vil bidra til ein prosess om samarbeid mellom Valdres brann˚ og redningsteneste IKS og Nord˚Aurdal kommune. Eit samarbeid vil kunne medføre innsparingar for kommunane i Valdres. Vi legg i økonomiplanen til grunn ei innsparing frå 2027 med 500`og etter det kr 700` i året for kommunen.

**Praktisk bistand - redusere omfang (-10`- 40`)**
Stadig fleire kommunar, også Valdreskommunar, har gjort endringar i standard og omfang på tilbod om praktisk bistand. Fleire stader er det innført standardar for tilbod, der det ikkje ligg føre individuelle behov som tilseier eit meir omfattande tilbod. Mange kommunar har no landa ein standard for praktisk bistand i heimen kvar tredje veke, nokre plassar også sjeldnare. Omfanget er vurdert av Helsedirektoratet, som i sitt brev til Statsforvaltaren i Hordaland stadfester at tilbod kvar tredje veke ikkje er uforsvarleg.

Fleire kommunar har i aukande grad lagt hushaldet sin samla ressurs til grunn for utmåling av vedtak. Stadig fleire kommunar innfører vilkår om bruk av velferdsteknologi, som robotstøvsugar, for dei som skal ha tilbod.

Vi vil legge følgjande standardkriterier til grunn ved tildeling av heimehjelp:

- Kva brukaren sjølv kan klare eller ta del i (kvardagsomsorg).
- Om det er pårørande som har moglegheit til å hjelpe til. Kommunen overtar ikkje funksjonar som brukaren eller nære pårørande kan utføre.
- Praktisk bistand vert avslutta når vaksne barn eller andre vaksne bur fast eller midlertidig i brukaren sin heim. Dette gjeld mellom anna feriebesøk i heimen.
- Det er dei samla ressursane i heimen som er grunnlag for den hjelpa kommunen kan yte.
- Det skal gi rettleiing om/innførast vilkår om velferdsteknologiske løysingar som robotstøvsugar. Der dette ikkje kan fungerer vert det støvsuga som før.
- Heimehjelpa vert utført kvar tredje veke.
- Vindusvask vert ikkje ytt av kommunen.

Ny standard vert innført for nye tenestemottakarar. Forventa innsparing vil derfor vere av avgrensa i 2025, men aukande utover i økonomiplanperioden. Vi legg til grunn ei innsparing på kr 10` i 2025, auka med 10` for kvart år i økonomiplanperioden.

**Reinhald Tingvang - 75`**
Vi vil redusere vask av kontor på Tingvang frå ein gong i veka til kvar 14. dag. For å redusere ulemper med dette vil dei tilsette bli bedt om å bruke innesko på arbeid.

**Straum kommunale bygg -540`**
Ut frå dagens marknadspris (7.11.2024) for 2025 og nettleiga, spår Ishavskraft at straumprisen for 2025 blir 64 øre/kWh + nettleige (35+ øre) (+ mva). Vi legg dette til grunn). Det vil alltid vera usikkerheit knytt til straumforbruk og pris. Geopolitisk usikkerheit og verforhold har stor betydning for straumprisen. NVE melder om normal fyllingsgrad i magasina og Europa har ca 94% fyllingsgrad i gasslagra.

Prisprognosen for straum har gått ned 2023˚2024˚2025. Nettleiga er på veg opp, då også denne bransjen har auka krav til sikkerheit og beredskap. Ein ny rapport jf. NVE viser at nettleiga i Norge vil auke med i underkant av 25 prosent i perioden 2024–2030. Nettleiga er no i stor grad påverka av når på døgnet ein nyttar mest kraft, og dette har vi lite erfaringstal på.

ØSK har hatt eit aukande forbruk dei siste åra pga. større bygningsmasse. I 2023 var totalt årsforbruk ca. 6,6 mill. kWh, medan det i 2024 og vidare ligg an til ca. på 7 mill. kWh.

I 2023 viste rekneskapet kostnad for generaløkonomien på 6.516`. Prognosen for 2024 er omlag som budsjettert; 5.628`. For 2025 legg vi til grunn prisnedgang frå 2024 på ca. 10% (˚562`) og ein mindre auke i volum (ca.160`). Netto nedgang blir omlag 400`frå 2024, til kr 5.230`. Det er 540` lågare enn det som ligg inne i konsekvensjustert budsjett no.

## Utfordringar og strategi

### Analyser og utfordringar

### A.1 Demografisk utvikling

Vi viser til kapittel om utvikling i befolkning. Vi har siste åra hatt svak befolkningsvekst og vekst i tal deltidsinnbyggjarar. Auka tal innbyggarar og deltidsinnbyggarar vil gje behov for auka kapasitet til planlegging og utbygging av kommunal infrastruktur, frå utarbeiding av reguleringsplanar, planlegging, utbygging og drift av veg, vatn og avløp, oppmåling, handsaming av byggjesaker mv. Målsetting om årleg vekst på 1% i talet på deltidsinnbyggarar og ei dobling av talet på gjestedøgn på Beitostølen fram til 2035, slik det er formulert i samfunnsdelen, vil også sette krav til omfang og kvalitet på tenestene innan teknisk sektor.

Handlingsdelen av VVA˚planen vart revidert i 2021. Vi har ambisiøse planar for utbygginga av sikrare vassforsyning, auka kapasitet på avløpsreinsinga og utbygging av VA˚leidningsnettet både i hytteområde og i bygda. Handlingsplanen vil legge til rette for å kunne nå målet om 1% årleg vekst i innbyggartal og deltidsinnbyggartal.

## A.2 Områda

**Næring**

Kommunen vedtok i 2021 ny samfunnsplan. Gjennom planen sin næringsstrategi og mål om næringsutvikling har vi fått eit grunnlag for eit langsiktig og målretta næringsutviklingsarbeid. Planarbeid og arealbruk er kommunen sitt viktigaste verktøy i næringsutviklingsarbeidet. Utvikling mot ei meir målretta sentrumssatsing i planarbeidet og i samarbeid med private aktørar har gitt gode resultat, og vi ynskjer å gå vidare og forsterke dette arbeidet, både på Beitostølen og på Heggenes.

I vedteken sti˚ og løypeplan heiter det at *«Administrasjonen vil, når sti- og løypeplanen er godkjent vurdere foreinklingar i systemet og ta ein grundig gjennomgang av kartverk, revidere talet på løypemeter på kvar eigedom, opprette nye avtaler der det er etablert ny løype, og fjerne løyper som ikkje lenger blir preparert.»* Vi vil i dette arbeidet også tilby avtaler som gir kommunen ein varig og tinglyst rett til å ha løyper/stiar over vedkomande sin eigedom, ved å få utbetalt noverdien av framtidig løypeleige.

Innføring av eigedomsskatt har gitt kommunen musklar til ei satsing på næringsområdet, og vi held fast på å nytte midlane til ulike fellestiltak som dei fleste næringsverksemder har nytte av.

Kommunen har etablert ordningar med økonomiske verkemiddel som forsterkar eksisterande BU˚ ordning i landbruket. Dette har resultert i fleire nybygg. Beitebruksplan 2021˚2025 er under revisjon. Satsingsområdet denne runden er Heimre og Øystre Hedalsstølane, og tiltak for å betre beiteforhold og dempe konflikt knytt til ferdsel skal utarbeidast.

Gjennom Klima+˚prosjektet har vi inngått intensjonsavtalar med utbyggjarar. Sjølv om prosjektet er ferdig vil klima+˚arbeidet sikrast i vidare planarbeid i kommunen ved å utvikle klimarelaterte føresegner. Dette set også rammene for ein viktig del av framtidige utbyggingsavtaler.

**Plan**

Kommuneplanens arealdel er under revisjon, og var i fyrste halvdel av 2024 ute på fyrstegongs høyring og offentleg ettersyn. Administrasjonen jobbar for at plana skal leggast ut på andre gongs høyring i siste del av 2024. Desse hovudmomenta ligg til grunn i revideringa:

- Sikre tilstrekkeleg areal for næringsformål og bustadformål i heile kommunen
- Styrke Heggenes som kommunesenter og dei urbane kvalitetane i Beitostølen sentrum
- Vere godt tilrettelagt for alle, uavhengig av funksjonsnivå
- Stille tydelegare miljø˚ og klimakrav til nye område som skal byggast ut
- Fortette i allereie bebygde område for å redusere behovet for å ta i bruk nytt areal
- Etablere ei utbyggingsgrense som går gjennom heile kommunen
- Ta utbyggingsområde for fritidsbustader frå eksisterande kommuneplan/kommunedelplanar og tilbakeføre dette til LNFR˚område.

**Byggesak, oppmåling og spreidd avløp**

Sakshandsamingstida på byggesaker er i 2024 innanfor fristane i PBL. Samanlikna med tidlegare år er det færre byggesaker inn. Dette var også tendensen i 2023. Ein reknar med at tall byggesaker vil stige etterkvart. Det har vore meir arbeid knytt til ulovlegheitsoppfølging, samstundes som det vart gjennomført godt med tilsyn i høve til einskilde byggesaker. Matrikkelen er godt oppdatert i høve til

bygg. Det er ikkje gjennomført nok tilsyn på spreidd avløp. Arbeidet med dette vil halde fram i 2025. Ei rutine for oppfølging av buplikt er etablert, og kommunen har kome eit langt skritt fram i forhold til å sikre at buplikta blir overhalde.

**Vatn og avløp**

Vi har tilsyn frå Statsforvaltaren, Mattilsynet og gjennomfører eigenkontroll innan vassforsyning og avløp. Det er få eller ingen avvik i desse tilsyna/eigenkontrollen, noko som tyder på god kvalitet. I internkontrollen er det laga ROS˚analysar og prosedyrar. Det er laga beredskapsplanar for Ole og Kolstad vassverk, begge desse planane vart oppdatert i 2022. Vaktordninga innanfor VA˚tenesta gir full tilgjenge for publikum.

I årsrapporten for Beito RA står det følgande; *Anlegget overholder alle rensekrav i 2023. Analyseresultatene ellers gjennom året, tyder det på at både det kjemiske og biologiske trinnet driftes veldig godt*.

I årsrapporten for Nedrefoss RA står det følgande; *I 2023 overholder Nedrefoss ra rensekravene total fosfor, men ikke til organisk stoff som BOF5. 9 av 12 prøver overholder ikke kravet på 40 mg/l BOF5 i utløpet. Anlegget har ikke biologisk rensetrinn, og det er derfor vanskelig å overholde rensekravet på BOF5.*

Overføring av avløpsvatn frå Beitostølen til nye Nedrefoss RA er ei stor satsing, det er sendt søknad om nytt utsleppsløyve og det er venta handsama i starten av 2025. Prosjektering og bygging av reinseanlegget kan då starte.

Vi har vore og er ambisiøse på VA˚området. Dette har vore naudsynt for å sikre vatn av god kvalitet og hindre forureining. Kommunen har heimel til å krevje tilkopling til offentleg nett om kostnadane til bygging av private stikkleidningar ikkje blir for høge. Rettspraksis har vist kostnader til privat stikkleidning på kring kr 250.000. Dette er eit arbeid som vil bli vidareført i 2025.

Kommunen overheld ikkje konsesjonsvilkåra for uttak av vatn frå Olevatnet. Ein søknad om revisjon av konsesjonsvilkåra er sendt inn til NVE og venter på handsaming. Det vil framleis vera viktig å redusere lekkasjane for å redusere vassforbruket frå Ole vassverk.

**FDV (forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg)**

Det vert gjennomført jamleg branntilsyn av føremålsbygga, og avvik vert fortløpande retta. Kommunen nytter eit FDV˚system som blir jamleg oppdatert med ny dokumentasjon, aktivitetar og avvik. Nye bygg har mykje meir «tekniske» installasjonar som kan vere dyre og vanskelege å drifte. Ein konsekvens er auke i talet på serviceavtaler og bruk av innleigd kompetanse. Dei siste åra har kommunen fått eigarskapet til Løken gard og kjøpt fleire bustadhus. Den gamle sjukeheimen er framleis i kommunalt eige sjølv om det nye Helsetunet er teke i bruk. Omfanget av eldre bygningsmasse kommunen har ansvar for har difor auka betrakteleg.

Vi ser eit særleg behov for å gjennomføre førebyggande vedlikehaldstiltak, og tiltak som reduserer energibruken i dei kommunale bygga. Dette vil ha ein langsiktig positiv verknad på kommuneøkonomien. Auka behov for vedlikehald og tilrettelegging i samband med busetting av flyktningar er tidkrevjande. Det medfører redusert ettersyn og kontroll av resten av bygningsmassen.

**Veg**

Det vart ikkje asfaltert kommunale vegar i 2023 eller 2024. Asfaltering av vegen i næringsområdet ved Raudbrøtmoen er etterspurt av næringsverksemda. Ekstraordinært vedlikehald som følgje av flaumskade kan medføre høgare driftsutgifter ved vårløysinga og på hausten.

*Foto: Elin Myhre*

## Måltabell

| Hovudmål | Delmål | Indikator |
|---|---|---|
| Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk. | Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen. | ROS˚analyser (1=ok, 2=ikkje ok) |
| | | Rutinar |
| | Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen. | Innanfor budsjett |
| | Alle: Vi skal vera ein attraktiv arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, og skal redusere sjukefråværet med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023. | Sjukefråvær redusere med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023 (1=ja, 2=nei) |
| | Tekniske tenester: Alle bygg i kommunen skal vera lagd inn i matrikkel pr. 1.feb. kvart år. | Del av bygningar som er lagt inn i matrikkel før 1.februar |
| | Tekniske tenester: Vi skal gjennomføre minst 10 tilsyn med nye anlegg for spreidd avløp og minst 20 % av eldre anlegg skal få tilsyn kvart år. | Antal tilsyn spreidd avløp |
| | Tekniske tenester: Vi skal halde alle fristane i plan˚ og bygningslova for byggesaker. | Antall søknader med saksbehandlingstid over lovpålagt tid |
| | Tekniske tenester: Vi skal knytte abonnentar til kommunalt VA˚leidning som ikkje er knytt til kommunalt anlegg. | Alle bustader og fritidsbustader som har ein kostnad for framføring og tilknytning på under kr 300.000, skal knyttast til komunalt VA˚anlegg. |
| | Tekniske tenester: Vi skal sikre at alle abonnentar knytt til kommunale vassforsyningsanlegg får vatn av tilfredsstilande kvalitet. | Ecoli: Andel rentvannprøver med tilfedsstillande prøveresultat |
| | | Farge: Andel rentvannprøver med tilfredsstillande prøveresultat |
| | | Intestinale enterokokker: Andel rentvannprøver med tilfredsstillande prøveresultat |
| Øystre Slidre skal ha positiv folketalsutvikling, vere blant dei beste kommunane på næringsutvikling og berekraftig ressursutnytting og, med Beitostølen som motor, vere det leiande heilårs reisemålet i landet. | Tekniske tenester: Det blir bygd to ny driftsbygningar i landbruket i året. | Tal på nye driftsbygningar med ferdigattest i året |
| | Tekniske tenester: Vi skal revidere arealdelen av kommuneplanen. | Arealdelen av kommunedelplanen er revidert ˚ ja=1, nei=2 |
| | Tekniske tenester: Vi skal til ei kvar tid ha kommunale næringseigedomar og bustadtomter for sal. | Kommunen har kommunale næringseigedomar og bustadtomter for sal ˚ ja=1, nei=2 |
| | Tekniske tenester: Vi skal utarbeide kommunedelplan for naturmangfold | KDP for naturmangfold vedtatt, ja=1, 2=nei |

## Kostra-analyse

| | Øystre Slidre 2022 | Øystre Slidre 2023 | Kostragruppe 04 | Landet uten Oslo |
|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | |
| Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere | 30,4 | 33,4 | 20,6 | 17,0 |
| Kommunale boliger brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) | 2 733 | 3 093 | 1 926 | 2 103 |
| Netto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate *) | 145 255 | 239 724 | 130 301 | 203 884 |
| **Produktivitet** | | | | |
| Avløp ˚ driftsutgifter per innbyggere tilknyttet kommunal avløpstjeneste (kr/tilkn.innb) *) | 7 455 | 6 536 | | 1 694 |
| Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager) | 5 | 5 | 41 | 33 |
| Vann ˚ Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb) *) | 8 967 | 9 273 | | 1 460 |
| Årsgebyr for avløpstjenesten ˚ ekskl. mva. (kr) *) | 6 362 | 7 365 | 6 329 | 5 257 |
| Årsgebyr for vannforsyning ˚ ekskl. mva. (kr) *) | 4 397 | 5 341 | 5 545 | 4 804 |
| **Dekningsgrad** | | | | |
| Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal avløpstjeneste (prosent) | 53,2 % | 53,1 % | | 84,3 % |
| Vann ˚ Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal vannforsyning | 21,0 % | 21,0 % | | 82,7 % |
| Vann ˚ Andel av befolkningen som er tilknyttet privat eller kommunalt vannverk | 60,5 % | 60,4 % | | 86,6 % |
| Vann ˚ Andel av husholdningsabonnentene som har installert vannmåler | 95,0 % | 85,0 % | | 44,5 % |
| **Kvalitet** | | | | |
| Årsgebyr for feiing og tilsyn ˚ ekskl. mva. (kr) *) | 606 | 596 | 689 | 589 |
| **Grunnlagsdata (Nivå 3)** | | | | |
| Byggesaksgebyr for oppføring av enebolig (kr) *) | 17 138 | 17 300 | 14 908 | 17 196 |
| **Andre nøkkeltal** | | | | |
| Samlet energibruk i adm.lokaler, egne bygg, per m2, konsern | 129 | 239 | | 156 |
| Samlet energibruk i komm. institusjonslokaler, egne bygg, per m2, konsern | 142 | 160 | | 198 |
| Samlet energibruk i komm. skolelokaler, egne bygg, per m2, konsern | 147 | 164 | | 122 |
| **Kommunekasse** | | | | |
| Netto driftsutgifter per innbygger (325) tilrettelegging og bistand for næringslivet (B) (Kommunekasse) *) **) | 1 121 | 65 | 380 | 189 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (329) landbruksforvaltning og landbruksbasert nær.utv. (B) (Kommunekasse) *) **) | 129 | 136 | 130 | 140 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

### Utrykningar til brannar og anna (under Prioritet)

Her ligg vi høgare enn kontragruppe 4 og landet utanom Oslo, og talet har også auka litt i 2023. Det er Valdres brann˚ og redningsteneste IKS som har ansvaret for denne tenesta på vegne av kommunen og fire andre Valdres˚kommunar. Selskapet skriv at det var stor auke i naturhendingar i 2023, som skogbrannar og hendingar knytt til uværet "Hans". Vi viser til årsmeldinga til selskapet under www.valdresbrannvesen.no.

### Årsgebyr for feiing (under Kvalitet)

Årsgebyr for feiing ligg litt lågare enn kostragruppa, men litt høgare enn landet (utan Oslo).

**Vatn og avløp (under Prioritet, Produktivitet og Dekningsgrad)**

Øystre Slidre kommune har høg aktivitet på investeringsprosjekt, store avstandar og fleire vassverk og reinseanlegg å drifte. Vi er ein kommune med få innbyggjarar og mange hytter. Det tek noko tid før alle er tilkopla seg til nye anlegg. Dette er faktorar som bidreg til relativt høge driftsutgifter per innbyggar og per tilknytta innbyggar i forhold til kostragruppe 4 og landet (utan Oslo).

Gebyrnivået for avløp er høgare enn kostragruppe 4 og landet (utan Oslo), medan gebyrnivået for vatn er om lag på snittet.

Del av befolkninga som er knytt til kommunalt vatn og avløpsanlegg ligg godt under landet (utan Oslo), og ligg også under kostragruppa. Vi har vedteke planer om å auke delen knytt til kommunale anlegg.

Ein stor del (95%) av abonnentane i Øystre Slidre har installert vassmålar, dette bidreg til rettferdig fordeling av dei variable utgiftene.

**Kommunale bustader (under Prioritet)**

Brutto driftsutgifter for kommunale bustader per innbyggar har auka frå 2022 til 2023. Kommunen sine kostnader per innbyggar er høgare enn kostragruppe 4 og også høgare enn landet (utan Oslo). Kommunen har ein stor del eldre bustader, noko som bidreg til høgare utgifter. Kommunen har også teke imot og busett flyktningar både i 2022 og 2023, noko som bidreg til vesentleg høgare kostnad for kommunale bustader per innbyggar. Dei auka kostnadene knytt til flyktningebustader er kompensert frå staten ved auka integrerings˚tilskot.

**Kommunal veg (under Prioritet)**

Driftsutgiftene til kommunale vegar i 2023 ligg godt over kostragruppe 4 og landet (utan Oslo). Frå 2022 har driftsutgiftene til veg gått frå 145.255 til eit nivå på rundt 239.724 kr per kilometer veg i 2023. I 2023 var det veldig høge utgifter til vintervedlikehald av kommunale vegar på grunn av store mengder snø. Det resulterte i høgare utgifter enn tilsvarande kostragrupper.

Kommunen har få km med kommunal veg. Kommunen har mykje vedlikehald på vegane både sommar og vinter. Vi har truleg betre vedlikehald enn mange kommunar i kostragruppe 4.

**Kommunale bygg (under Kommunekasse), m.a. energikostnader (under Produktivitet)**

**Administrasjonslokaler:** I kostra˚rapporteringa for 2023 vart arealet på administrasjonslokale innrapportert feil (for høgt). Kostra˚rapporteringa blir retta, men indikatoren blir ikkje oppdatert før SSB si oppdatering seint våren 2024. Vi har normalt hatt utgifter per m2 administrasjonlokaler som ligg mellom kostragruppa og landet.

**Institusjonslokaler:** Netto utgifter per m2 institusjonslokaler viser reduksjon på om lag 5% frå året før, og ligg rett over kostragruppa, men under landet (utan Oslo). Kommunen har forholdsvis nye institusjonslokale i helsetunet, avskrivingar på bygget er høge og bidreg til kostnader over snittet. Vi har også ein gammal sjukeheim som det har vore ført noko tilsyn med, og noko oppvarming i deler av bygningen. Gammal sjukeheim er klassifisert som institusjonslokale fram til det ev.blir søkt om bruksendring. Energikostnadene for 2023 er lågare enn kostragruppa og landet, av denne årsak, då arealet der er stort, medan vi held oppvarminga på eit minimum.

**Skulelokaler:** Netto utgifter per m2 skulelokale viser nedgang, og ligg no under både kostragruppa og landet (utan Oslo). Kommunen har tre skuler, noko som medfører høge driftsutgifter per innbyggar, og også per m2, fordi det då er behov for meir ettersyn/bemanning, fleire fyrings˚, ventilasjons˚ og brannanlegg mv. ØSUS har basseng som krev mykje energi å varme opp. Viktigaste årsak til nedgang i 2023 er at energikostnadene har gått ned.

**Sakshandsamingstid (under Kvalitet)**

På dette området ligg kommunen høgare enn snittet av andre kommunar. Hovudårsaka til høgare sakshandsamingstid i 2023 er at det har vore redusert bemanning.

**Byggesaksgebyr for oppføring av einebustad (under Grunnlagsdata)**

Byggesaksgebyret for einebustadar har auka frå 2022 til 2023. Vi ligg no godt over gjennomsnittet på kostragruppa, og litt over gjennomsnittet på landet utanom Oslo.

**Tilrettelegging og bistand for næringslivet (under Prioritet og Kommunekasse)**

Kommunen nyttar ein betydeleg sum på støtte og bistand for næringslivet. Vi ligg vesentleg høgare enn kostragruppa og landet når vi ser på brutto driftsutgifter i prosent av totale utgifter (1,5% mot hhv. 0,9% og 0,5%), og beløp per innbyggar (2.110,˚, mot hhv. 1.124 og 537) (under Prioritet).

Vi har også hatt med nøkkeltalet netto driftsutgifter per innbygger (under Kommunekasse). Dette nøkkeltalet kan svinge veldig frå år til år, når det er sentrale tilskotsordningar og bruk og avsetning av bundne fond involvert, slik det har vore dei siste tre åra grunna koronaen. Bruk og avsetning mot fond er ikkje med i nøkkeltalet, og det inneber at utgifta kan vera med, men ikkje inntekta, eller omvendt. Kostra˚indikatoren for eit enkeltår kan såleis gje eit litt rart bilete. Talet for 2023 ligg ein god del lågare enn snittet for landet og kostragruppa. Ein stor del av den planlagte bruken vart forsinka /uaktuell i 2023. Vi viser til omtale under tekniske tenester, og oversikt over næringsmessig bruk av eigedomsskatt i vedlegg. Fjorårstalet var veldig høgt, vesentleg høgare enn kostragruppa og landet.

**Netto driftsutgifter landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling (under Kommunekasse)**

Bruken har gått noko opp frå 2022, og vi er framleis over snittet i kostragruppe 04 og for landet utanom Oslo er vi litt under snittet. Det blir nytta mykje midlar på ei støtteordning som supplerer tilskot frå Innovasjon Norge i byggesaker for driftsbygg.

**Netto driftsutgifter naturforvaltning og friluftsliv (under Kommunekasse)**

På dette området har vi nytta noko meir midlar enn året før, og båe åra meir enn snittet i kostragruppa og landet utanom Oslo. Under denne funksjonen er det bl.a. ført tilskot til løyper og stiar.

# Vedlegg

## Vedlegg 1 Næringsmessig bruk av eigedomsskatt

Kommunestyret vedtok i KS˚58/22 følgande handlingsregel for bruk av eigedomsskatteinntekter frå bustader/fritidsbustader:

*Eigedomsskatten frå bustader/fritidsbustader skal nyttast slik: 40% til kommunal drift og investering og 60% til næringsutvikling i heile kommunen. Næringsutvikling omfattar bl.a. utbygging av infrastruktur, fellesgodefinansiering av stiar og løyper m.v., næringsutviklingsprosjekt, tiltak innan landbruk og reiseliv og regionale utviklingstiltak. Kommunen kan i økonomiplanen bruke meir/mindre det enkelte år ut frå ei vurdering av den økonomiske situasjonen.*

For 2025 estimerer vi at eigedomsskatt for bustader/fritidsbustader (med skattesats på 4 promille) blir ca. kr 25.475`. 60% av dette utgjer kr 15.285`.

Nedanfor følgjer budsjettert bruk av eigedomsskatteinntekter for komande planperiode:

| Bruk av eigedomsskattinntekter til nærings- og utviklingsføremål | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|---|---|---|---|
| **Drift:** | | | | |
| **1. Regionalt næringssamarbeid** | | | | |
| VNK | 936 | 936 | 936 | 936 |
| Visit Valdres | 523 | 523 | 523 | 523 |
| **2. Kommunale næringsprosjekt og samarbeidsprosjekt** | | | | |
| Fellesgodefinansiering Beitostølen | 2 700 | 3 000 | 3 000 | 3 000 |
| Utvikling av Liastølen Kultursenter | 300 | 200 | 0 | 0 |
| Drift av informasjonssenter nasjonalparkkommune | 500 | 167 | 0 | 0 |
| Drifta av torg på Beitostølen | 600 | 600 | 600 | 600 |
| Påkobling biovarme på Tingvang/ØSUS | 600 | 0 | 0 | 0 |
| **3. Næringsutvikling landbruk** | | | | |
| Ekstra støtte innan BU-ordninga | 1 000 | 1000 | 1000 | 1000 |
| Tilsynsprosjekt gjødselkjellere/rundballelager | 100 | 0 | 0 | 0 |
| Oppfølging beitebruksplan | 300 | 300 | 0 | 0 |
| **4. Gjennomføring av sti og løypeplan** | | | | |
| Støtte til løypekøyring /drift og vedlikehald av løypetrasear (utanom Beito | 523 | 523 | 523 | 523 |
| Løypeleige | 400 | 400 | 400 | 400 |
| Tursti-merking | 25 | 25 | 25 | 25 |
| **5. Drift og utvikling av Beitostølen stadion** | | | | |
| Arrangementskoordinator | 183 | 183 | 183 | 183 |
| **6. For fordeling i budsjettåret** | | | | |
| Næringsstøtte, disp for formannskapet | 200 | 200 | 200 | 200 |
| **SUM Drift** | **8 889** | **8 056** | **7 389** | **7 389** |
| **7. Investeringar:** | | | | |
| Asfaltering av kommunale vegar | 800 | 0 | 0 | 0 |
| Furustrand inkl. gangveg Heggenes - Furustand | 1900 | 0 | 0 | 0 |
| Furustrand inkl. gangveg Heggenes - tillegg ved ØP-24 | 1750 | 0 | 0 | 0 |
| Delfinansiering Finntøppveg - Tjednbakkvegen | 2000 | 7000 | 2000 | 6600 |
| Fleirfunksjonstrase Stølslie - Gardlie | 0 | 500 | 5000 | 0 |
| **SUM Investeringar** | **6 450** | **7 500** | **7 000** | **6 600** |
| **Samla bruk eigedomsskatt** | **15 339** | **15 556** | **14 389** | **13 989** |
| Gjennomsnitt i perioden: | | | | 14 819 |
| Sum bruk i perioden | | | | 59 275 |
| 60% av e-sk innt bustad/fritidsbustad (avset til fondet) | 15 285 | 15 285 | 15 285 | 15 285 |

**1 Regionale næringssamarbeid**

- Løyvinga til Valdres Natur og Kulturpark (VNK) kommunalt oppgåvefellesskap er i samsvar med VNK˚KO sitt budsjett og vedteken avtale om fordeling mellom kommunane. Kommunane i Valdres delfinansierer Visit Valdres (VV) med eit årleg tilskot. Beløpet vert fordelt mellom Valdres˚kommunane etter vedteken kostnadsmodell. VNK vil i løpet av 2025 gjennomføre fase II i regional organisering, og m.a. vurdere kva som er ei tenleg organiseringa av det regionale næringsapparatet i Valdres (VNK, VV og Valdres Næringshage).

**2 Kommunale næringsprosjekt/prosjektdeltaking**

- Beitostølen utvikling SA, Beitostølen Resort, Beitostølen Invest AS og kommunen har etablert selskapet Beitostølen Fellesgoder AS. Føremålet med selskapet er å sikre finansiering av utvikling, drift og tilrettelegging for bruk av fellesgode på Beitostølen. Fellesgode er tilbod til gjester, deltidsinnbyggarar og innbyggarar som er tilgjengelege for alle utan betaling ved bruk, t.d. skiløyper inkl. snølagring/tidlegsnø, andre løyper og turstiar, friområde, parkar m.v. Det er ei målsetting å legge til rette for fleire gjestedøgn og få ei jamnare fordeling av gjestedøgn gjennom året. Utviklinga skal vera berekraftig og kvalitetane ved Beitostølen som reisemål skal hevast. Beitostølen skal invitere til Rein naturglede – for alle. Kommunen har inngått avtale om å bidra med eit årleg bidrag til fellesgodefinansiering på 2,25 mill. kroner. Det er ei målsetting om å auke det årlege tilskotet til totalt 6 mill. kr, innan utgangen av 2024, fordelt på 50% på næringa og 50% på kommunen. Det er på denne bakgrunn lagd inn 2,7 mill. i 2025 og 3 mill. årleg frå og med 2026. Det er usikkert om næringa vil auka si løyving til 3 mill., og auke i løyvinga frå kommunen er gjort på vilkår av at næringa aukar sin del tilsvarande. Forslag om ny lov om besøksbidrag kan, dersom den vert vedteken og kommunestyret gjer vedtak om å nytte det verkemidlet, påverka måten Beitostølen Fellesgoder vert finansiert på.
- I utkast til revidert arealplan er Liastølen Kultursenter peika på som eit viktig identitetsskapande parkområde for allmenta på Beitostølen. Kultursenteret vert drifta av Liastølen Kulturlag. Kulturlaget arbeider for tida med å sikre langsiktige avtalar om tilgang på grunn og utviding av innhaldet på Liastølen Kultursenter, m.a. med flytting av Legohuset til kultursenteret. Det vert sett av 300' til utvikling av Liastølen Kultursenter i 2025 og 200' i 2026. Det vert lagt til grunn at Liastølen Kulturlag også finansierer utviklingstiltaka gjennom støtte frå andre.
- Drift av info˚senter som nasjonalparkkommune og drift av torg på Beitostølen er løyving i samsvar med tidlegare kommunestyrevedtak og inngåtte avtalar. Leigeavtalen for informasjonssenteret går ut pr.31.4.2025. Vi har starta eit arbeid om etablering av eit nasjonalparksenter på Beitostølen som del av arbeidet med utvida vern av Jotunheimen nasjonalpark. Velkomstssenteret vil vera ei naturleg lokalisering av eit nasjonalparksenter. Vi vil difor nytte opsjonen i avtalen til å forlenge den med i første omgang eitt år.
- Kommunen vil søkje å erstatte avtale om drift av torg/toalett i Beitostølen sentrum med eingongsstøtte til utvikling av Beitostølen sentrum, noko kommunedirektøren ev. vil fremme som sak for kommunestyret.

**3 Næringsutvikling i landbruk**

- Det vert sett av midlar til ekstra støtte over BU˚ordninga på kr 1.000` årleg til tiltak i landbruket som er i samsvar med retningslinene for denne ordninga.
- I følgje VVA˚planen skal vi gjennomføre auka tilsyn med gjødselkjellarar og rundballelager. Det vert sett av 100' til dette føremålet i 2025.
- Det vert sett av 300' til oppfølging av beitebruksplanen i 2025 og 2026. Kva tiltak midla skal nyttast til vil li teken stilling til når revidert beitebruksplan er vedteken i løpet av 1. halvår 2025.

**4 Gjennomføring av sti- og løypeplan**

- Løyvingane til støtte til løypekøyring og løypeleie er vidareført i planperioden. Frå 2022 er tiltak til utvikling av stiar og løyper på Beitostølen lagd inn i ramma for Beitostølen Fellesgoder AS. Det vert ut over dette nytta 523` årleg til støtte til løypelaga til drift og utvikling av sti˚ og løypenettet og 400` årleg til løypeleige.
- Tursti˚merking. Det er frå 2025 sett av kr 25` årleg til tursti˚merking. Dette arbeidet skjer av folkehelse˚koordinator i tett samarbeid med Valdres Friluftsråd om bl.a. prosjektet Friluftslivets ferdselsårer. Det er så langt kartlagt ca. 25 turmål i Øystre Slidre som er rydda, merka og GPS˚

tracka, og fleire av desse turmåla er marknadsført på Ut.no. Vi er ikkje ferdig med dette arbeidet og for enkelte turmål blir det utgifter til bl. a. nye skilt.

**5 Beitostølen stadion**

- Løyvingane til arrangements˚koordinator og leie av stadion er vidareført i samsvar med inngåtte avtalar.

**6 Frie midlar**

- Det er sett av 200` årleg for formannskapet sin disposisjon til prosjekt/føremål som ut frå erfaring dukkar opp i løpet av eit år. Det vert lagd til grunn at prosjekta som kan støttast har ein klar nærings˚ og busetnadsprofil.

**7 Investeringar**

- Desse tiltaka er omtalt under investeringskapittelet.

# Gebyrliste

## Opplæring og kultur

### 210 Skule /SFO

| Gebyr | Eining | Sats 2024 | Sats 2025 | Endring i kr | Endring i % | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 210.01 Elevar i 1., 2. og 3. klasse har 12 timar gratis SFO i veka (3. klasse frå hausten 2024) | | 0 | 0 | 0 | 0% | Endra jf. oppdatering frå regjeringa 22.5.2024. |
| 210.02 SFO er gratis for elevar på 5.˚7.trinn med særskilte behov. | | 0 | 0 | 0 | 0% | Søknadsbasert |
| 210.03 Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga | | | | | | Ingen skal betale meir enn 6% av hushaldet si samla inntekt for SFO˚plass. Reduksjonsordningane er søknadsbaserte, inntekt må dokumenterast. Stortinget fastset inntektsgrensa. |
| 211 Over 15 timar/veke | per månad | 2 737,00 | 2 849,00 | 112,00 | 4,09% | |
| 212 8˚14 timer/veke | per månad | 2 191,00 | 2 281,00 | 90,00 | 4,11% | |
| 213 0˚7 timar/veke | per månad | 1 422,00 | 1 480,00 | 58,00 | 4,08% | |

### 230 Barnehage

| Gebyr | Eining | Sats 2024 | Sats 2025 | Endring i kr | Endring i % | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 230.01 Maksimal betalingssats | | | | | | Satsar for året blir regulert når ny maksimal sats blir vedteken sentralt. Sist oppdatert 14.10.2024. |
| 230.02 Gratis kjernetid | per veke | | | | | Alle 2˚, 3˚ 4˚ og 5˚åringar, og barn med utsett skulestart som bur i hushald med låg inntekt har rett til 20 timar gratis opphaldstid i barnehage per veke. Stortinget fastset inntektsgrensa. |
| 230.03 Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga | per år | | | | | Ingen skal betale meir enn 6% av hushaldet si samla inntekt for barnehageplass. Reduksjonsordningane er søknadsbaserte, inntekt må dokumenterast. Stortinget fastset inntektsgrensa. |
| 231.1 5 dagar/veke (1. halvår) | per månad | 3 000 | 1 500 | ˚1 500 | ˚50% | Vart redusert til 1.500 frå 1.8.2024. |
| 231.2 5 dagar/veke (2. halvår) | per månad | 1 500 | 1 500 | 0 | 0% | |
| 232.1 4 dagar/veke (1. halvår) | per månad | 2 923 | 1 423 | ˚1 500 | ˚51% | |
| 232.2 4 dagar/veke (2. halvår) | per månad | 1 423 | 1 423 | 0 | 0% | |
| 233.1 3 dagar/veke (1. halvår) | per månad | 2 818 | 1 318 | ˚1 500 | ˚53% | |
| 233.2 3 dagar/veke (2. halvår) | per månad | 1 318 | 1 318 | 0 | 0% | |
| 234.1 Einskilddagar/ekstradagar (1. halvår) | per dag | 201 | 201 | 0 | 0% | |

| Gebyr | Eining | Sats 2024 | Sats 2025 | Endring i kr | Endring i % | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 234.2 Einskilddagar/ekstradagar (2. halvår) | per dag | 101 | 101 | 0 | 0% | |
| 235 Matpengar barnehage | per dag | 22 | 22 | 0 | 0% | |
| 236 For sein henting ˚ ved 2. og 3. gongs forsinking inntil 15 minutt | per gong | 300 | 300 | 0 | 0% | Fastsett i sak 15/407, fast pris. |
| 237 For sein henting ˚ ved fleire gonger eller lengre forsinkingar | per gong | 500 | 500 | 0 | 0% | Fastsett i sak 15/407, fast pris. |
| 238 Søskenmoderasjon ˚ for barn nr. 2 | % reduksjon av ordinær betalingssats for aktuell plass, jf. forskrift om foreldrebetaling i barnehager | 30% | 30% | | | |
| 239 Søskenmoderasjon ˚ for barn nr. 3 eller fleire | % reduksjon av ordinær betalingssats for aktuell plass, jf. forskrift om foreldrebetaling i barnehager | 100% | 100% | | | |

## 250 Kulturskulen

| Gebyr | Eining | Sats 2024 | Sats 2025 | Endring i kr | Endring i % | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 251 Ordinær kulturskuleundervisning | per semester | 2 050,00 | 2 134,00 | 84,00 | 4,10% | |
| 252 Kulturskuleundervisning ˚ pris for vaksne | per semester | 2 770,00 | 2 883,00 | 113,00 | 4,08% | |
| 253 Kunstfag inkl.materiell | per semester | 2 050,00 | 2 134,00 | 84,00 | 4,10% | |
| 254 Undervisning langeleik | per semester | 1 485,00 | 1 546,00 | 61,00 | 4,11% | |
| 254.2 Gruppeundervisning dans o.l. | per semester | 1 485,00 | 1 546,00 | 61,00 | 4,11% | |
| 255 Samspelgrupper (kor, band o.l.) | per semester | 1 130,00 | 1 176,00 | 46,00 | 4,07% | Endra i samsvar med K˚ styrevedtak 05/24 med verknad frå 1.august 2024 (kr 565 for 1.semester 2024). |
| 256 Teater | per semester | 1 703,00 | 1 773,00 | 70,00 | 4,11% | Endra i samsvar med K˚ styresak 05/24 med verknad frå 1. august 2024. |
| 257.A Tillegg ˚ utvida undervisningstid (30 min) | per semester | 490,00 | 510,00 | 20,00 | 4,08% | Endra i samsvar med K˚ styrevedtak 05/24 med verknad frå 1. august 2024. |
| 257.B Tillegg ˚ fordjupningstilbod (40 min) | per semester | 990 | 1 030 | 40 | 4% | Endra i samsvar med K˚ styrevedtak 005/24 med verknad frå 1. august 2024. |
| 258 Søskenmoderasjon ˚ for barn nr. 2 | % reduksjon av ordinær betalingssats for aktuell plass | 20% | 20% | | | |
| 259 Søskenmoderasjon ˚ for barn nr. 3 eller fleire | % reduksjon av ordinær betalingssats for aktuell plass | 50% | 50% | | | |

### 280 Integreringstenesta

| Gebyr | Eining | Sats 2024 | Sats 2025 | Endring i kr | Endring i % | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 280.1 Gebyr for norskopplæring for dei som ikkje har rett på å få det gratis | per time | 0,00 | 70,00 | 70,00 | 0,00% | |
| 280.3.1 Privatist som tek prøver ˚ munnleg prøve | per prøve | 0,00 | 1 000,00 | 1 000,00 | 0,00% | |
| 280.3.2 Privatist som tek prøver ˚ skriftleg prøve | per prøve | 0,00 | 600,00 | 600,00 | 0,00% | Alle tre delprøver |
| 280.3.3 Privatist som tek prøver ˚ enkelt delprøve skriftleg | per prøve | 0,00 | 400,00 | 400,00 | 0,00% | |
| 280.5.1 Transport med kommunen sin minibuss ˚ 1 sone | per tur | 0,00 | 27,00 | 27,00 | 0,00% | (T.d. Heggenes ˚ Rogne) |
| 280.5.2 Transport med kommunen sin minibuss ˚ 2 soner | per tur | 0,00 | 36,00 | 36,00 | 0,00% | (t.d. til Beitostølen) |

## Kommunedirektør, stab, fellestenester

### 100 Vigsel

| Gebyr | Eining | Sats 2024 | Sats 2025 | Endring i kr | Endring i % | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1.0 Vigsel | | | | | | Alle gebyr for vigsel inkluderer medgått tid til vigsel og saksbehandling, klargjering og reinhald av sal. Gebyra skal bli fakturert og betalt i forkant av vigsel. |
| 1.01 Vigsel på kommunehuset i opningstid, for busette i andre kommunar | per gong | 1 600 | 1 666 | 66 | 4% | |

### 110 Sals- og skjenkeløyve, kunnskapsprøver, tilsynsavgift tobakk mv

| Gebyr | Eining | Sats 2024 | Sats 2025 | Endring i kr | Endring i % | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1.1 Skjenkeløyve ˚ ambulerande | per løyve | 440 | sjå forskrift | | | Gebyr blir fastsett i forskrift. https://lovdata.no/forskrift/2005˚06˚08˚538/§6˚2 |
| 1.2 Skjenkeløyve ˚ alminneleg | per løyve | sjå forskrift | sjå forskrift | | | https://lovdata.no/forskrift/2005˚06˚08˚538/§6˚2 |
| 1.3 Salsløyve | per løyve | sjå forskrift | sjå forskrift | | | https://lovdata.no/forskrift/2005˚06˚08˚538/§6˚2 |
| 1.4 Kunnskapsprøve | per prøve | sjå forskrift | sjå forskrift | | | https://lovdata.no/forskrift/2005˚06˚08˚538/§5˚6 |
| 1.5 Etablererprøve | per prøve | 400 | 400 | 0 | 0% | https://lovdata.no/forskrift/2000˚01˚18˚46 |
| 1.6 Tilsynsavgift for sal av tobakk | | sjå forskrift | sjå forskrift | | | https://lovdata.no/forskrift/2017˚09˚21˚1446/§33 |

## 120 Innkreving mv

| Gebyr | Eining | Sats 2024 | Sats 2025 | Endring i kr | Endring i % | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
